

# **OMSORG FOR SJELA SITT EVIGE VEL**

- Ei kvalitativ analyse av Berte Kanutte Aarflot sine sjelesørgeriske brev

Gunvor Aarseth Dirdal  
Diakonhjemmet Høgskole

Masteroppgåve  
Master i Diakoni  
Vegleiar: Kari Karsrud Korslien

Tal på ord: 28843

15. mai 2015

# Samandrag

Bak denne studien ligg eit ynskje om å grave djupare i diakonien sine historiske røter, og i det teologiske grunnlaget for diakonien. Dette med utgangspunkt i haugianarkvinna Berte Kanutte Aarflot, som då er sær sentral. Perspektiv frå den lutherske læra om rettferdiggingjeringa og luthersk sjelesorg er valt som teoretisk utgangspunkt for oppgåva.

Oppgåva si problemstilling er; *Korleis kjem perspektiv frå den lutherske læra om rettferdiggingjeringa til syne i haugianarkvinna Berte Kanutte Aarflot til sine sjelesørgeriske brev?*

Metoden er ei hermeneutisk tilnærming på ei kvalitativ dokumentanalyse av Berte Kanutte Aarflot sine sjelesørgeriske brev, publiserte i boka *Smuler til Næring for Livet i Gud* (1874), fyrste gong utgjeve i 1854.

Perspektiv frå rettferdiggingjeringa kjem tydeleg fram i dei sjelesørgeriske breva. Perspektiv som representerer avvegjar for frelse og rettferdiggingjering av menneske, takast sterkt avstand frå. Likevel står nokre av utsegna hennar i fare for implisitt å verke kravfulle i høve til dei «rette» kjenslene og den «rette» trua og trusutøvinga. «Lovløyse og likesæle» tek ho sterk avstand frå. Men her tendenserar ho mot åtvaringar og formaningar som kan verke til dels hemmande for livsutfaldinga. Når det er sagt, må dette forståast inn i rammene av den pietistiske og haugianske konteksta. Berte Kanutte Aarflot si vektlegging av «rettferdiggingjeringa og sjela sitt evige vel», trer likevel fram som det ho eksplisitt freistar å formidle i sine sjelesørgeriske brev. Spørsmålet *korleis kan eg bli frelst?* dannar utgangspunktet for ei omsorg for sjela sitt evige vel. Det etterlysast ei vidare utgreiing av kva plass den lutherske læra om rettferdiggingjeringa skal ha i dagens diakoni og sjelesorg. Emnet er ikkje eksplisitt og konkret framstilt i *Plan for diakoni* (2008).

Relevante søkjeord: *Berte Kanutte Aarflot, Hans Nilsen Hauge, haugianisme, pietisme, rettferdiggingjering, luthersk sjelesorg, Plan for diakoni (2008)*

# Føreord

Å ha nådd fram til målstreken for denne masteroppgåva er ei god kjensle. Mange harde bakkar, men også mange lyspunkt undervegs har gjeve resultat. No kan eg sjå attende og glede meg over alt eg har lært, og at løpet er fullført. Den største utfordringa har heilt klart vore balansekunsten mellom morsrolla, yrkesrolla og studierolla. Heldigvis har eg hatt mykje støtte frå mange hald, og eg har mange å takke for at målet no er nådd!

Det har vore svært interessant å få sjå djupare inn i noko av bakgrunnen for diakonien i dag, og i det teologiske grunnlaget som ligg i botnen for diakonien. Dette har også vore ei hjelp for mi eiga identitetsutvikling som diakon. Samstundes har eg erfart erkjenninga av at jo meir ein lærer, jo meir ser ein at ein ikkje kan. Men heldigvis stoppar ikkje høve til vidare fordjuping og studering av dette viktige og sentrale temaet. Eg ser med forventning fram til å kunne bruke det eg har fått lært vidare i diakonal teneste.

Fyrst vil eg rette ein stor takk til min vegleiar Kari Karsrud Korslien for mange gode innspel, og for at du har hatt tru på meg og mitt prosjekt heile vegen! Takk også til min gode familie og svigerfamilie for oppmuntring og støtte, og hjelp med barnevakt. Utan dykk hadde ikkje dette gått! Takk til alle mine gode vener som har heia meg fram!

Kristian – du er min inspirasjon og mitt livs kjærleik, takk for at eg for leve ilag med deg!  
Dine faglege innspel, og drøftingar vi har hatt, har også vore ei stor hjelp. Simone, Johanna og vesle ven i magen, de hjelper meg å leve her og no, og gjev meg uendeleg glede ved å vere til!

Takk Gud, - din nåde varer evig, din truskap er stor!

Eidsnes, 15. mai 2015

Gunvor Aarseth Dirdal

# Innholdsliste

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>2</b>
<b>FØREORD</b> .....	<b>3</b>
<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>6</b>
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA.....	6
1.2 AKTUALITET.....	7
1.3 PROBLEMSTILLING.....	8
1.4 AVGRENSING.....	9
1.5 GANGEN I OPPGÅVA.....	9
<b>2 METODE</b> .....	<b>11</b>
2.1 HERMENAUTISK TILNÆRMING.....	11
2.1.1 Føreforståing og føredomar.....	12
2.1.2 Dokumentanalyse- ei kvalitativ undersøkning.....	13
2.2 TEORETISK PERSPEKTIV OG DRØFTINGSGRUNNLAG.....	14
2.3 ANALYSE- OG TOLKINGSGRUNNLAG.....	15
2.4 PRESENTASJON AV EMPIRISK MATERIALE.....	15
2.5 LITTERATUR- OG FORSKINGSHISTORIE.....	16
2.6 RELIABILITET OG VALIDITET.....	17
<b>3 BAKGRUNN</b> .....	<b>19</b>
3.1 KONTEKST.....	19
3.1.1 Hans Nilsen Hauge og Den haugianske rørsla.....	19
3.1.2 Pietisme og opplysningstid.....	22
3.2 BIOGRAFI.....	24
3.2.1 Berte Kanutte Aarflot (1795- 1859).....	24
<b>4 TEORI</b> .....	<b>34</b>
4.1 DEN LUTHERSKE LÆRA OM RETTFERDIGGJERINGA.....	35
4.2 LUTHERSK SJELESORG.....	39
4.2.1 Sjelesørgeriske hovudretningar.....	39
4.2.2 Carl E. Braaten og viktige prinsipp i Luthersk sjelesorg.....	41
4.2.3 Rettferdiggjeringenslæra sin plass i vår tids sjelesorg.....	44
4.2.4 Rettferdiggjeringenslæra sin plass i Plan for diakoni.....	47
4.3 SAMANFATTING AV TEORIEN SKISSET I EIN MODELL.....	49
<b>5 ANALYSE OG TOLKING AV EMPIRIEN</b> .....	<b>53</b>

5.1	RETTFERDIGGJORT I KRISTUS.....	53
5.1.1	Analyse og tolking av empiri.....	53
5.1.2	Empiri i lys av litteratur.....	55
5.2	HEILAG TRU.....	57
5.2.1	Analyse og tolking av empiri.....	57
5.2.2	Empiri i lys av litteratur.....	58
5.3	HEILAG GJERNING.....	59
5.3.1	Analyse og tolking av empiri.....	59
5.3.2	Empiri i lys av litteratur.....	61
5.4	INTELLEKTUELL TRU.....	62
5.4.1	Analyse og tolking av empiri.....	62
5.4.2	Empiri i lys av litteratur.....	63
5.5	MORALISME.....	64
5.5.1	Analyse og tolking av litteratur.....	64
5.5.2	Empiri i lys av litteratur.....	65
5.6	EMOSJONELL TRU.....	67
5.6.1	Analyse og tolking av empiri.....	67
5.6.2	Empiri i lys av litteratur.....	68
5.7	LOVLØYSE OG LIKESÆLE.....	69
5.7.1	Analyse og tolking av empiri.....	69
5.7.2	Empiri i lys av litteratur.....	71
<b>6</b>	<b>DRØFTING.....</b>	<b>72</b>
6.1	KORLEIS KJEM PERSPEKTIV FRÅ RETTFERDIGGJERINGSLÆRA TIL SYNE?.....	72
6.2	EIT UTBLIKK – RELEVANS I DAG?.....	78
<b>7</b>	<b>OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....</b>	<b>82</b>
<b>8</b>	<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>84</b>

# 1 Innleiing

---

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Kva plass har temaet «rettferdigging» i diakonien og sjelesorga i dag? Vert det forstått som utanfor diakonien sitt fagfelt? Blir det definert som mindre sentralt og viktig i dagens diakonale kontekst? Kan det vere knytt tabu til dette temaet?

Som bakgrunn for mitt val av tema er det to hovudfaktorar som spelar inn. For det fyrste synes eg det er viktig å få meir kunnskap om det teologiske grunnlaget for diakonien. Sidan diakonien er ein del av kyrkja sin identitet (Dietrich 2011:112) synest det vesentleg at diakonar i Den norske kyrkja kjenner den lutherske teologien og kva som særpregar den. Læra om rettferdigginga utgjer sjølve kjerneinnhaldet i den lutherske trua. Øyvind M. Eide seier fylgjande om reformasjonen;

Det sjelesørgeriske anliggende er reformasjonens hjerte. Reformasjonen er i bunn og grunn en sjelesorgbevegelse. Utgangspunktet var dypt eksistensielt. Ansikt til ansikt med Gud er det bare et spørsmål som er viktig: hvordan kan jeg bli frelst? (2005:260).

For det andre finn eg det interessant å læra meir om diakonien sine historiske røter i Noreg. Det kan vi kanskje kalle det historiske grunnlaget. Kva var det som prega den fyrste oppblomstringstida for den moderne diakoni, slik vi kjenner den i dag? Kva var våre fyrste diakonale pionerar drivne av? Har dette relevans for forståinga av diakoni i dag? Sidan eg sjølv er oppvaksen i ein lekmannssamanheng med røter tilbake til Hans Nilsen Hauge, er det også spanande at det nettopp var i lekmannssamanheng den «moderne diakonien» i Noreg hadde sitt opphav. Eg trur vi kan lære noko av gode føredøme frå diakonien si historie. Kanskje er det ei hjelp å læra røtene å kjenna, for også betre å finna sin eigen identitet som diakon?

Berthe Kanutte Aarflot<sup>1</sup> (1795-1859), bondekone og tekstforfattar<sup>2</sup> frå Ørsta, var ei sentral kvinne i den haugianske røyrsla. Grevbo (2006:173) skriv at ho utan tvil er «*den mest innflytelsesrike kvinnelige representant for den haugianske vekkelse*», med tilvising til S. Ravnåsen (2002). Sidan kyrkjehistoria stort sett held fram viktige menn er det også særskilt spanande å få kjennskap til kvinner som har hatt stor innverknad.

Med utgangspunkt i desse faktorane synes eg difor det er spanande og ta eit djupdykk attende i historia, for nettopp å registrere korleis kjernen i vår lutherske tru – læra om rettferdiggjeringa, sette sitt preg på sjelesorgpraksisen til ei av føregangskvinnene for vår diakonale historie.

## 1.2 Aktualitet

På kva måte kan vi seie at dagens diakoni er knytt til haugianismen?

Det haugianske vekkingsmiljøet var ein viktig faktor for framveksten av den fyrste eigentlege indremisjonsforeining i Noreg, skipa i Skien i 1853. Utgangspunktet og motivasjonen for opprettinga låg i ei djup uro for tilstanden i kyrkja når det gjaldt evangeliseringsarbeid. Men seinare fekk foreininga ei meir diakonal vinkling (Aarflot 1967) og medverka til opprettinga av både Diakonissehuset, i 1868, og Diakonhjemmet, i 1890 (Fanuelsen 2011).

I tillegg til denne direkte tilknyttinga mellom haugianismen og vår moderne diakoni, var haugerørsla av stor betydning for åndsfridomen, demokratiet og samfunnsutviklinga i Noreg. Halvdan Koht har utalt:

Den store gjerninga Haugerørsla gjorde, var at ho bar folket eit nytt og drjukt steg fram mot åndeleg friskap. Ho lærte folket å tenkja sjølv i gudlege spørsmål, ikkje bare lyda etter kva presten sa. Og dermed la ho ny åndeleg grunn under sjølvstendestrevet til det norske folk (Ravnåsen 2002:63)

---

<sup>1</sup> Namnet Berte Kanutte Aarflot finn ein skreve på fleire måtar i ulik litteratur. Her er valt ein av dei mest brukte variantane, forkorta som BKA.

<sup>2</sup> For nærmare utgreiing av BKA som sjelesørgjar, sjå Kari Hop Fjæreide (2012) si spesialavhandling *Berte Kanutte Siversdatter Aarflot - omsorg for sjelen*.

BKA, som representerer andre generasjon av haugianarane, er mellom dei fremste representantane for haugianismen på Vestlandet (Aarflot 1967). Bjørnstjerne Bjørnson skreiv i Aftenbladet då ho døyde i 1859:

Denne gudhengivne Kvinde har levet til Manges Opbyggelse. Hendes dybe, religiøse Sange er en Skat i hver Bondes Hus hele Trondhjems og Bergens Stift igjennem; er ogsaa vandret længere udover Landet og synges tillige i Nabolandene. Man tør om hende sige, at Faa her i Landet har i en vid Kreds bidraget saaledes til Religionens Væxt som hun.” (Fet 2013).

Vi ser altså at haugerørsla var ein viktig forløpar for opprettinga av våre fyrste diakonale utdanningsinstitusjonar, og vi kan sjå at det omfattande arbeidet haugerørsla dreiv med hadde eit diakonalt preg. Til tross for tungtvegande omtale verkar BKA ikkje godt kjent for folk flest i dag. Det ser difor ut til å vere på sin plass å få henne lyfta fram i dagens lys.

Kvifor er læra om rettferdiggingeringa aktuell å sjå nærmare på i dag? Spørsmålet om rettferdiggingeringa knyt seg til spørsmålet om syndsforlatinga og frelsa (Valen-Sendstad 1979), og det handlar om kjernebodskapen i den lutherske tru.

I nyare tid har det knytt seg ulike debattar til den klassiske lutherske forståinga av rettferdiggingeringa. Kan den ha blitt ei «kvilepute» for lutherske kristne når det kjem til kampen for sosial rettferd (Dietrich 2005)? Treng den ei nytolking sidan folk i dag ikkje ser ut til å stille spørsmålet «kva skal eg gjere for å bli frelst» (ibid.)? Er eigentleg læra om rettferdiggingeringa eit problem mellom lutherdom og katolisisme i dag (ibid.)?

Målet for denne oppgåva er å børste støv av ei viktig kvinne i den diakonale historia, og sjå korleis grunnlaget for den lutherske tru – læra om rettferdiggingeringa – kjem til syne i hennar sjelesørgeriske brev. Dette med ynskje at oppgåva kan styrkje medvitet om vår diakonale historie og til det teologiske grunnlaget for diakonien.

### 1.3 Problemstilling

Eg har i denne oppgåva valt å tilnærma meg BKA sine sjelesørgeriske brev, med utgangspunkt i perspektiv frå den lutherske læra om rettferdiggingeringa. Problemstillinga lyder som fylgjande;

## *Korleis kjem perspektiv frå den lutherske læra om rettferdiggingeringa til syne i haugianarkvinna Berte Kanutte Aarflot sine sjelesørgeriske brev?*

Studien byggjer på ei føreforståing av at den lutherske læra om rettferdiggingeringa er svært sentral i BKA sine sjelesørgeriske brev. Med utgangspunkt i dette ligg også ei vidare tru på at BKA sitt fokus har relevans også for luthersk sjelesorg og diakoni i dag.

### 1.4 Avgrensing

Denne oppgåva har ikkje mål om å gje ei historiefagleg utgreiing av BKA og hennar kontekst. Oppgåva har heller ikkje til hensikt å gje ei fullstendig teologisk utgreiing av den lutherske læra om rettferdiggingeringa eller av luthersk sjelesorg. Denne oppgåva sitt siktemål er å teikne eit bilete av korleis element frå historia knytt til BKA, perspektiv frå den lutherske læra om rettferdiggingeringa, og aspekt frå det lutherske sjelesorgfeltet i diakonien saman kan gje svar på oppgåva si problemstilling.

### 1.5 Gangen i oppgåva

Vi har i dette *innleiingskapittelet* teke for oss bakgrunnen for val av tema og aktualiteten for oppgåva. Problemstillinga er presenter, og avgrensing for oppgåva skissert. Gangen i oppgåva vidare blir som fylgjer;

*Kapittel 2* gjev ei innføring i oppgåva sin metode, som er ei hermeneutisk tilnærming på ei kvalitativ dokumentanalyse. Deretter ser vi på teoretisk perspektiv og drøftingsgrunnlag, samt analyse og tolkingsgrunnlag for oppgåva. Vi får også ein presentasjon av det empiriske materialet, litteraturen og forskingshistoria. Til sist tek vi for oss reliabilitet og validitet.

*Kapittel 3* dannar eit bakgrunnsbilete for oppgåva. Her ser vi nærare på BKA sin biografi og kontekst; - den haugianske rørsle og epokane pietistisme og opplysningstid.

*Kapittel 4* utgjer teorikapittelet. Det har to hovuddelar; - den lutherske læra om rettferdiggingeringa og luthersk sjelesorg. Til sist ver teorien samanfatta og skissert i en modell.

*Kapittel 5* er analyse og tolking av empirien. Her utgjer kvar av dei sju kategoriane frå det teoretiske utgangspunktet i oppgåva, sju underkapittel med analyse og tolking av empiri, og empirien sett i lys av litteraturen.

*Kapittel 6* held fram diskusjonen for oppgåva. Kapitlet byrjar med å drøfte korleis funna frå analysen gjev svar på problemstillinga. Til sist tek vi eit utblikk på kor vidt BKA sitt fokus har relevans for dagens diakoni og sjelesorg.

*Kapittel 7* inneheld oppsummering og konklusjon for oppgåva.

## 2 Metode

---

### 2.1 Hermenauttisk tilnærming

For betre å kunne forstå kva BKA meinte om rettferdigginga, var det viktig at eg freista å forstå samanhengen, eller konteksta, ho levde i. Hermeneutikken er då ei naudsynt tilnærming, læra om korleis samanhengar gjer ting forståelige for oss (Brodersen, Bråten, Reiersgaard, Slethei, Ågotnes 2007). Innan hermenautikken utgjer den hermeneutiske sirkel sjølve kjernen i læra.

(...) uttrykket «den hermeneutiske sirkel» betegner det forhold at alle fortolkningar består i stadige bevegelser mellom helhet og del, mellom det vi skal fortolke, og den kontekst det fortolkes i, eller mellom det vi skal fortolke, og vår egen forståelse (Gilje, Grimen 2011:153).

Wittgenstein er oppteken av at språket ikkje kan studerast som ei avgrensa eining, som «språk», «setning» eller «ord», men som språkspel, det vil seie den konteksta som desse omgrepa brukast i. Karakteristisk for den pragmatiske kategorien språkspel er at det ikkje er eintydig og lukka, men derimot opent, kan endrast og er prinsipielt fleirtydig (Nerheim 1996)

Det ligger da i kortene at vitenskapelig kunnskap om kulturelle fenomener er relativ til, og står og faller med forskerens egen språkelige horisont. Via språkspillene forstår vi nemlig en foranderlig verden utifra den forutsetning at ting ikke kan innfanges i noen endelig definisjon. Men dermed er likevel ikke sagt at de skulle være mindre betydningsfulle eller mindre brukbare for oss ut fra vårt *menneskelige* perspektiv, at vår forståelse med andre ord ville bli mer presis om den ble erstattet av lukkede begreper: Tvert om ville da forståelsen «miste» sitt objekt (ibid.: 269).

At språket er opent, kan endrast og prinsipielt er fleirtydig gjer altså at forskaren ved å forstå språket slik det er brukt, har høve til å tileigne seg, og forstå språket i andre kontekstar, enn sin eigen. Dette seier mykje om kor viktig det er for meg som forskar og tileigne meg kjennskap til BKA si kontekst, for å forstå hennar språk.

I fylgje Gadamer sitt syn på forståing, meiner han at hermeneutikken ligg der som ein grunnleggjande føresetnad. Han held fram at ein ikkje kan tilsidesette alle føredomar og all føreforståing av eit fenomen, for det er nettopp gjennom dette vi også fattar interesse for fenomenet, og kan ha høve til å forstå tekstsaka si sanning.

Den, der ønsker at forstå, må ikke på forhånd give sig sine egne formeningers tilfældighed i vold for herefter konsekvent og hårdnakket at overhøre tekstens mening, indtil den ikke længere kan overhøres og omstøder hans formodede forståelse af den. Hvis man ønsker at forstå en tekst, er man tværtimod indstillet på at lade den sige en noget. Derfor må en hermeneutisk skoled bevidsthed på forhånd være modtagelig for tekstens annerledeshed. Men denne modtagelighed forudsætter hverken sagsmæssig `neutralitet` eller sågar selvudslettelse; den indebærer derimod, at ens formeninger og fordomme fremhæves og tilegnes. Det gælder om at være bevidst om sin forudintagethed, således at teksten viser sig i sin annerledeshed og hermed får mulighed for at spille sin sagsmæssige sandhed du imod ens egen formening (Gadamer 2007:256).

Truleg var det også mi føreforståing av at teologisk og historisk grunnlag er viktig for diakonien i dag, som fekk meg til å interessere meg for BKA og hennar forståing og erfaring med læra om rettferdiggingjeringa.

### 2.1.1 Føreforståing og føredommar

Eg valde å lese gjennom dokumentet og gjere meg eit fyrsteintrykk av heilskapen, før eg byrja lese meir av den teoretiske litteraturen. Dette for å freiste å danne meg eit mest mogleg sjølvstendig fyrsteintrykk, utan for mykje påverknad som ville forma mi lesing av dokumentet.

Men som vi har vore inne på er det i fylgje Gadamer likevel umogleg å kvitte seg meg alle føredommar, fordi dette allereie dannar grunnlaget for vår interesse for eit fenomen, og er ein føresetnad for i det heile å kunne gjere ei tolking. Gilje og Grimen (2011) syner til tre komponentar som gjerne inngår som ein del av vår føreforståing. Desse komponentane let eg vere utgangspunkt for ein refleksjon der eg freista å bli meir sjølvmedviten om egne føredomar.

For det fyrste handla det om språk og omgrep. Dette såg eg fort kunne vere ei utfordring i mitt tilfelle fordi dokumentet er skreve på gotisk og har eit gamalt språk. Det sette difor krav til trening for å kome inn i språket og skrifta. Det var også ein viss fare for misoppfatningar av enkelte omgrep. Likevel opplevde eg at det gjekk relativt raskt å venje seg til den framande skrifta, og dei alle fleste av orda og omgrepa var identifiserbare og forståelege.

Når det gjeld dei to neste komponentane, trusoppfatningar og personlege erfaringar, handsamar eg her ilag. Trusoppfatningar er det ein held for sant om verda. Dette er svært viktig fordi det dannar grunnlaget for kva ein aksepterer som standpunkt, og kva som bryt

med desse standpunkta, og dermed dannar problem. Mine band til misjonsarbeid, har nok vore med på å danne grunnlaget for kva eg synes er viktig i diakonien og elles i livet. Sidan BKA representerer ein av pionerane for dette arbeidet, er eg nok fort tilbøyeleg til å akseptere mykje av det ho stod for som sant og godt. Eg har ei førestilling av at den lutherske læra om rettferdiggjeringa er svært sentral i BKA sine sjelesørgeriske brev. Dette ser eg som svært sentralt innan den lutherske trua, og difor trur eg at BKA sitt fokus også har noko å tilføre dagens lutherske sjelesorg og diakoni. Men både igjennom diakonistudiet og elles i livet har høyrte mykje kritiske innvendingar mot pietismen. Samstundes gjev mi interesse for psykologi meg eit kritisk blick på menneske si tru og utøving av tru.

### 2.1.2 Dokumentanalyse – ei kvalitativ undersøking

Heilt sidan eg byrja å tenke på å skulle skrive ei masteroppgåve var det nærliggjande for meg å velje ein kvalitativ metode. Dette fordi eg som person har større interesse av å freiste å forstå fenomenen, enn å forhalde meg til harde data (Johannesen mfl. 2010). Sidan vi kan seie at diakonifaget fell inn under humanvitskapane, har faget også generelt større tradisjon for å nytte seg av hermeneutikk og forståing enn av kausalitet og forklaring (Nerheim 1996).

Kvalitativ metode seier noko om;

(...) kvalitet eller spesielle kjennetegn/egenskaper ved fenomenet som studeres. Kvalitativ metode er særlig hensiktsmessig viss vi skal undersøke fenomener som vi ikke kjenner særlig godt, og som det er forsket lite på, og når vi undersøker fenomener vi ønsker å forstå mer grundig (Johannesen mfl. 2010:32).

For å finne svar på mi problemstilling var det naturleg å velje dokumentanalyse som min primærm metode. Dette fordi dei sjelesørgeriske breva som BKA har skrive til menneske i ulike situasjonar, i dag utgjer ei brevsamling og er eit dokument publisert i boka *Smuler til Næring for Livet i Gud* (1854). Eg lånte ei utgåve frå 1874, på høgskulebiblioteket i Volda, og skanna dei aktuelle sidene. Då kunne eg skrive ut fleire eksemplar, og gjere mine merknader og notatar.

Men dokumentanalyser skiller seg frå data forskeren har samlet inn i felten, ved at dokumentene er skrevet for et annet formål enn det forskeren skal bruke dem til (Thagaard 2011:62).

Sidan dokumentanalyser ikkje er skive med meg som forskar for auge, fann eg det naudsynt å raskt danne eg meg eit heilskapsinntrykk av innhaldet, for å sjå kva eg kunne ta utgangspunkt i for min analyse. Læra om rettferdigginginga synte seg då ikkje heilt uventa å vere eit sentralt gjennomgåande tema i dei sjelesørgeriske breva. Dette syntes eg var spanande fordi læra omhandlar kjernen i den lutherske trua. Dermed opplevde eg dette relevant også i høve til mitt ynskje om å forske på det teologiske grunnlaget som DNK og dagens diakoni byggjer på, og korleis dette syner seg i det historiske grunnlaget som vår moderne diakoni spring ut av.

## 2.2 Teoretisk perspektiv og drøftingsgrunnlag

Teori kan definerast som ein generelle påstand om røynda. Teoretiske perspektiv er lausare og handlar om å studere eit fenomen frå ein spesiell synsvinkel. Gjennom det teoretiske perspektivet vert deler av fenomenet valt å studere, og andre deler utelukka frå studien. Det dreier seg altså om ei avgrensing (Johannesen mfl. 2010). Eg har valt den lutherske læra om rettferdigginginga og luthersk sjelesorg som teoretisk perspektiv for min studie. Dette gjev ei avgrensing i høve til andre synsvinklar på hennar sjelesørgeriske brev. Nøkkelomgrep frå det teoretiske perspektivet vert vidare nytta som kategoriar og til koding av data. Kategoriane er som fylgjer; «Rettferdiggjort i Kristus», «Heilag tru», «Heilag gjerning», «Intellektuell tru», «Moralisme», «Emosjonell tru» og «Lovløyse og likesæle». På ulike vis er desse kategoriane knytt til den lutherske rettferdiggingingslæra. Desse omgrepa inngår i operasjonaliseringa, det vitskapelege forenkling- og generaliseringsarbeidet, ved at dei utgjer generelle samlenemninga for mange enkeltfenomen (ibid.).

Kategoriane er vidare framstillast i avslutninga på teorikapittelet, og visualiserast i ein illustrerande modell, som nyttast i den vidare analysen, tolkinga og drøftinga.

En modell er en analytisk konstruksjon hvor sentrale trekk ved et fenomen eller en situasjon fremheves på bekostning av beskrivelser av nyanser og variasjoner (Thagaard 2011:192).

Nokre forfattarar argumenterer for at kvalitative data er veileigna til å utvikle forklaringsmodellar, som kan analysere komplekse årsakstilhøve, og gje ei forenkla forklaring på samanhengar ved fenomen som studerast. Samstundes vert det peika på at det er utfordrande å gje ei forenkla forklaring, utan at forklaringa av kompleksiteten går tapt (ibid.).

For å unngå at forklaringa av kompleksiteten ved den lutherske læra om rettferdiggingeringa og luthersk sjelesorg skal gå tapt, forsøker eg og gje ei god forklaringa av modellen, når den vert introdusert. Der påpeikar eg kva modellen framstiller, kva samanhengar den syner, og samstundes litt om kva den ikkje tek føre seg.

## 2.3 Analyse- og tolkingsgrunnlag

Å analysere tyder å dele opp i bitar, der målet er å avdekke ei meining og eit mønster. Å tolke tyder å sette inn i ein større samanheng. Det handlar då om å få tak i den underliggande meininga. Funna vert ofte sett i lys av relevant teori på forskingsområdet (Johannessen mfl. 2011).

Kategoriane frå studiens teoretiske perspektiv vert nytta både i analysen, tolkinga og drøftinga av BKA sine sjelesørgeriske brev. Etter å ha koda empirien ut frå dei gjevne kategoriane, noterte eg stikkord som fungerte som kodar for ulike tema innanfor dei ulike kategoriane. Til tross for at kategoriane danna eit utgangspunkt for det vidare forskingsarbeidet, var det viktig å ikkje låse seg fast i desse kategoriane, men vere open for at andre kategoriar kunne vise seg å vere meir relevante for å danne eit riktig bilete av empirien. Eg fann likevel at kategoriane synte seg å fungere godt for å systematisere funna innanfor relevante perspektivområde. Sjølv om nokon av perspektiva delvis overlappa kvarandre, var det likevel ikkje aktuelt å slå saman nokon av kategoriane, utan at dette ville skje på kostnad av heilskapsbilete av materialet. Sekundærlitteraturen vart også trekt vekslar på i oppgåva sin analyse, tolking og drøfting.

## 2.4 Presentasjon av empirisk materiale

Eg fann det naturleg å velje dei samla og utgjevne sjelesørgeriske breva til BKA, som empiri for mi oppgåve. For det fyrste fann eg det mest interessant å sjå på hennar sjelesørgeriske tekstar, fordi sjelesorga i dag direkte inngår som ein del av diakonien sitt fagfelt. Dette til tross for at BKA også mellom anna er vidkjend som salmediktar. For det andre fann eg det best å avgrense empirien til dei samla og utgjevne sjelesørgeriske breva, ettersom det kunne vore problematisk å skaffe seg full oversikt over eksisterande brev som ikkje er samla og utgjevne.

Den utgjevne boka *Smuler til Næring for Livet i Gud* (1854), inneheld 58 sjelesørgeriske brev, over 165 sider. Dei er skreve med gotisk skrift, men er likevel i god leseleg tilstand. Etter er fyrste gjennomlesing såg eg at breva var gjennomgåande like i høve til oppbygnad, tema, mottakarar, stil osv. I tillegg sat eg med eit svært oppfattande materiale, som ville vere krevjande å nytte av omsyn til oppgåva sitt omfang. Mi oppleving var at eg oppnådde tilstrekkeleg forståing av fenomenet ved å velje halvparten av breva, og tok då dei fyrste og dei siste breva i samlinga. Eg valde difor å gjere eit utval basert på empirien sin storleik.

Størrelsen på utvalget vurderes i forhold til et «metningspunkt». Når studier av flere enheter ikke synes å gi ytterligere forståelse av de fenomenene som studeres, kan utvalget betraktes som tilstrekkelig stort (Thagaard 2011:59).

## 2.5 Litteratur og forskingshistorie

Det var viktig med eit omfattande litteraturstudium, for å danne meg eit bakteppe for betre å forstå den kontekst BKA levde i. *Teori, eller andre former for allmenne oppfatninger, angir kontekst* (Brodersen mfl. 2007:76).

For det fyrste trengte eg litteraturteori om BKA sin bakgrunn, det vil seie biografisk litteratur om henne og Hans Nilsen Hauge, og litteratur om haugianismen og pietismen generelt. Som sekunderlitteratur på dette feltet valde eg då hovudsakeleg:

- Fet, J. (1995): *Lesande bønder*
- Ravnåsen, S. (2002): *Ånd og hånd: Hans Nielsen Hauges etikk for ledelse og næringsliv*
- Støylen, B./Heggtveit H. G. (1893): *Berte Kanutte Aarflot. To livsskildringer*
- Aarflot, A. (1967): *Norsk kirkehistorie*

For det andre trengde eg litteraturteori om rettferdiggingeringa. Her valde eg hovudsakleg fylgjande sekundærlitteratur:

- Henriksen, J.O. (1994): *Guds virkelighet*
- Nordstokke, K. (2011): Reformasjonen. I: Stephanie Dietrich, Kari Korslien og Kjell Nordstokke (red.) *Diakonen – kall og profesjon*
- Oftestad, A. B. (2011): *Kirke Fellesskap Omsorg. Diakoniens historie II og III*

Til sist hadde eg bruk for litteraturteori om sjelesorg, og valde då i hovudsak denne sekundærlitteraturen:

- Braaten, C. E. (1990): *Justification. The article by which the church stands or falls*
- Grevbo, T. J. (2006). *Sjelesorgens vei*
- Okkenhaug, B (2002): *Når jeg ser ditt ansikt*

Det er skrive nok so mykje om BKA, men det er forska lite på henne. Inga Tusvik skreiv si hovudoppgåve i norsk på Universitetet i Oslo, om *Berte Canutta Årflot, hennar liv og skrifter og innverknaden frå henne i det kristeleg livet på Sunnmøre*, i 1950. Kari Hop Fjæreide skreiv si spesialavhandling i ved det Teologiske menighetsfakultet, om *Berte Kanutte Siversdatter Aarflot - omsorg for sjelen*, i 2012.

## 2.6 Reliabilitet og Validitet

Kort sagt er reliabilitet ei vurdering av forskaren si pålitelegheit, og validitet ei vurdering av tolkinga si gyldigheit (Thagaard 2011).

For å vurdere reliabiliteten er spørsmålet om forskingsarbeidet er etterprøvbart, slik at ei annan forskar ville fått dei same resultata om han nytta den same metoden. Dette stiller difor krav til at forskaren gjer greie for alle delar av metoden på eit vis som er tilstrekkeleg redeleg og grundig (ibid.).

Eg har gjennom oppgåva sin metodedel freista å gjere tydeleg greie for korleis eg har gått fram i analyseprosessen, tolkinga og drøftinga. Samstundes har eg også gjeve ei skildring av mi føreforståing av forskingsfenomenet, som alltid vil påverke korleis forskinga vert utført. At min empiri føreligg som eit dokument, og ikkje er basert på innsamla data gjennom kontakt med menneske, er nok ein føredel med tanke på reliabiliteten for oppgåva, fordi eg då ikkje har hatt høve til å påverka det empiriske utgangspunktet.

For å vurdere validiteten må ein sjå om ein har funne svar på det problemstillinga etterspør og om empirien er representativ for forskingsfenomenet. Det skal prinsipielt finnast dokumentasjon for kvar tolking av empirien (ibid.).

Kategoriane frå mitt teoretiske perspektiv kan kanskje fungere som indikatorar, det vil seie kjenneteikn som er typiske for det fenomenet ein undersøker (Johannesen mfl. 2011). Kategoriane kan gje ein peikepinn på om analysen, tolkinga og drøftinga omhandlar forskingsfenomenet.

## 3 Bakgrunn

---

### 3.1 Kontekst

#### 3.1.1 Hans Nilsen Hauge og Den haugianske rørsla

5. april 1796 fann den vidkjende kallsopplevinga til Hans Nilsen Hauge (1771-1824) stad. Då han hadde sunge det andre verset av «Jesus din søte foreining og smake», var det som sinnet hans vart opplyfta til Gud og han kunne ikkje sanse seg. Han kjende då evangeliet og kampen om menneskesjelene si frelse, klart i eit nu. Han såg med sorg på at han tidlegare ikkje hadde tent Gud åleine, og kjende ein inderleg brennande kjærleik til Gud og sin neste. Alle måtte få sjå den nåden han sjølv hadde sett, og få lyst til å tene Gud og sine medmenneske. Han fekk også ein sterk trong til å lese Guds Ord og ei sorg over si synd (Aarflot 1967). Historikaren Kasten Alnæs har samanlikna hendinga med Paulus si Damaskusoppleving (Ravnåsen 2002).

Denne hendinga var den utløysande faktoren som gav Hauge retning for livet vidare. Den unike kombinasjonen av «ånd og «hånd» vart hans visjon, og kallet var som han sjølv sa; «at elske Gud og min neste» (ibid.), Han var i si tid landet sin mest leste forfattar, og etablerte fleire enn 30 ulike verksemdar ilag med sine vener. Det landsdekkande venenettverket sitt bygde han opp gjennom få år, med si omfattande tale- og reiseverksemd. Hauge vart arrestert i 1804, og fekk ei svært lang rettssak. Fyrst i 1814 vart han frigjeven. Denne tida gjekk han gjennom sterke anfektingar og truskarar, og helsa hans vart kraftig svekka. Livet etter fengselstida vart difor rolegare (Aarflot 1967)

#### Leiaren - til ære for Gud og til gagn for nesten

Leiarfiguren Hauge var utan tvil både praktisk anlagt, strategisk, ein menneskekjenner som lett kom i kontakt med folk, løysingsorientert og idérik. Samstundes var han godt boklærd, og han kombinerte det beste frå både ortodoksien, pietismen og opplysningstida.

Den dansk-norske unionen bar preg av ufrie liv og fastlåste moglegheiter for bondestanden i Noreg. Dette slo ut i streng regulering av handel, einevaldsstyre, embetsmennenes kornmonopol, og i prente-, tale- og forsamlingsforbod. I tillegg var landet tradisjonsbunde i næringsvegen, hungersnauda stor, folk lite opplyste og lesekunna låg. Bøndene hadde altså lite dei skulle sagt i møte med adelsmenn, embetsmenn og øvrigheit. Internasjonalt gjorde

revolusjonar i Amerika og i Frankrike seg gjeldande, om fridom, likskap og brorskap for alle (Ravnåsen 2002). I kjølvatnet av denne situasjonen prega av sosial, økonomisk og åndeleg undertrykking av den store allmugen i Noreg danna det seg ein sterk nasjonal trong til endring av tilhøva. Dermed var det lagt godt til rette for at Hauge med si evne til endring, nyskaping og vekst fekk godt gjennomslag og mange tilhengarar (Aarflot 1967).

Tradisjonsbundne bønder, vart oppmuntra og fekk nye moglegheiter gjennom Hauge sine næringsidear. Nettverket til Hauge skapte ny mobilitet, der unge torde flytte på seg og satse på nye vegar for å livnære seg. Gjennom opprettinga av fabrikkar og verksemdar skapte Hauge mange nye arbeidsplassar. Kvinnene vart sterkt oppmuntra av Hauge, som også nytta kvinner som leiarar for lokale venesamfunn. Vidare var Hauge med på å fremje lese- og skrivekunna i samfunnet ved at han skreiv, prenta og spreidde mykje litteratur - og fekk venene sine også til å skrive brev og skrifter som vart spreidde, og til dels prenta og utgjevne. Høvet til forsamlingsfridom og til å kunne formidle evangeliet for kvarandre var han både gjennom sitt arbeid og sitt fengselsopphald med å kjempe fram (Ravnåsen 2002).

### Den haugianske lære

Hovudpunktet for Haugianarane var bruken av Ordet (Fet 1995). Husmøte med bibellesing, fellesbøn og salmesong var ein del av ein nedarva tradisjonen frå pietismen, som gjennom Hauge fekk si oppblomstring og fornying i form av indremisjon, reiseverksemd av forkynnarar og lokale venesamfunn. Til tross for at Konventikkelplakaten la sterke band på forsamlingsfridomen, var ikkje alle former for oppbyggelege samlingar forbodne. Hauge la vekt på at Guds ord gav den rette norm for livet og læra. Andre skrifter skulle berre brukast dersom dei samsvarte med Bibelens lære om det viktigaste i kristendomen, som omvendinga, trua, rettferdigjeringa og det nye livet (Aarflot:1967).

*Oppbyggingsbøker etter emne. Tilbod 1550 -1830 jamført forbruk i fire regionar 1690-1839. Prosent.*

	<b>Tilbod N = 755</b>	<b>Forbruk N = 549</b>
Allment oppbyggelse	36,0	40,9
Trøyst, allment og for særsl. grupper	16,7	4,1
Kristeleg, moralsk livnad	13,4	13,0
Nattverdsførebuing, konfirmasjon	11,4	6,7
Jesu liv og liding	8,9	3,0
Kristen tru og lære	4,2	3,5
Anger, bot omvending	3,8	3,9
Vegen til det evige liv	3,7	15,7
Domedag, fortaping	1,7	9,1
Oppbyggeleg betraktning av naturen	0,1	0,2
<b>Sum</b>	<b>99,9</b>	<b>100,1</b>

(Fet 1995: 185)

Denne tabellen syner tal frå regionane Sunnmøre, Romsdal, Nordmøre og Øvre Telemark, og korleis oppbyggingsbøker er fordelt mellom ulike hovudemne. Vi ser av skilnaden mellom tilbod og forbruk at bøker om vegen til evig liv, om domedag og fortaping, og bøker knytte til frelsesspørsmål er høgt prioriterte av allmugen. Allment oppbyggelege bøker dekkjer eit vidt spekter og vart difor mykje etterspurte. Derimot er bøker med smalare siktemål, eller som vart godt dekte av litteratur dei hadde frå før, nedprioriterte (ibid.:185).

Hauge appellert sterkt til etikken, til viljen og samvitet, og synte gjennom dette at han var heilt på linje med den lutherske kallsetikken - at gjerningar ikkje skal gjerast for Gud, men for nesten. Han var dessutan særsl oppteken av at også kristne måtte nytte seg av moglegheitene verda gjev, på ein god måte. Dette førte med seg eit slags revolusjonært program for underklassa si frigjering. På grunn av sitt sterke etiske fokus, vart Hauge også kritisert for å ha ei lovisk forkynning og for å gjere den lutherske læra om rettferdigginginga uklår. Det er openbert at det finns utsegn frå Hauge som er på grensa av læra om rettferdigginginga, og der læra nærmast er lik læra om atterfødinga. Det var viktig for han å understreke verknadane av Kristi verk i mennesket, meir enn Kristi gjerningar for mennesket (Aarflot 1967).

Hauge sin religiøse karakter var også særmerkt av eit anna trekk, som ikkje alle haugianarar var so kjende med, nemleg den ekstatiske-mystiske. Det var eit trekk som låg nært opp mot den mystiske tradisjonen i kyrkjarahistoria og som stod i samanheng med ekstatikarar i europeisk mellomalder. Han las og skreiv om dominikanaren og mystikaren Johanne Tauler. Hauge skreiv også det som i ettertida har blitt karakterisert som ein av dei fyrste forsøk på eit religionspsykologisk verk. Det handlar om vegen til omvending og om hans eiga kallsoppleving, og har tittelen *Om religiøse Følelser og dæres Værd* (1796) (Fet 1995).

Hauge forankra sitt lekmannssyn meir allment og bibelsk i den lutherske forståinga av det allmenne prestedømet. Han understreka også den sterke hushaldartanken som grunnlag for si aktive sosiale haldning og sitt verdslege kall og engasjement. Viljen han hadde til å møte menneske i deira livssituasjon, gjorde han også til representant for den meir moderne opplysningstida sin mennesketype, sjølv om han samstundes heldt fast på sine pietistiske røter. Samtalen og den omfattande brevskrivinga var ein viktige reiskaper for haugianarane når det gjaldt å utbreie bodskapen.

Hauge oppfordra venesamfunna til å drive sann brodertukt, til einskap og til kjærleik. Han var likevel oppteken av toleranse mot truande med andre læresyn. Kyrkjetruskap var også sentralt hjå ha. Haugevenene skulle gå til kyrkja og lytte til dei lærde, nytte nattverden, gifte seg og ha jordpåkasting i kyrkja. Gjennom dette ville Hauge syne truskap mot statens religion og den lutherske truvedkjenninga, og på denne måten synleggjere at haugianismen ikkje var ei sekt (Aarflot 1967).

### 3.1.2 Pietisme og opplysningstid

Etter mange år med ortodoksiens læresetningar og strid om den rette lære var mange trøyte og hungrande etter meir «varme» og ekte fromleik. I kjølvatnet av dette vaks den lutherske fromleiksrørsla pietismen seg sterk i Tyskland på byrjinga av 1700-talet. Rørsla skapte raskt ringverknader også i nabolanda. Pietismen la vekt på det personlege gudstilhøvet, frelsa i Jesus Kristus, forkynning til omvending og heilagt liv, det kristne syskenfelleskapet i små einingar og det allmenne prestedømet. Den einskilde kristne sitt kall til misjon og diakonalt samfunnsansvar vart framheva, og det gjaldt å fremje personleg bibellesing og oppbygging av

det indre åndelege liv. Store institusjonar vaks fram og utrusta menneske til sterk tru og gudfryktig gjerning, Philipp Jacob Spener (1636-1705) vert rekna som pietismens grunnleggar og teolog, og er også kalla lutherdomens andre reformator.

Pietismen hadde si stordomstid i Danmark-Noreg frå byrjinga av 1700-talet til 1750-talet. Gjennom kongens einevelde fungerte staten langt på veg som eit teokrati der pietismen fekk stor makt, og der sokneprestane knytte stat og kyrkje saman. «Statspietismen» reknast frå 1735 til 1746, under Christian VI. Denne perioden var karakterisert av sterk pietistisk påverknad og kontroll, som fekk utløp gjennom ei rekkje lover og forordningar, som til dømes heilagdagsforordninga, konfirmasjonsforordninga, med Pontoppidans forklaring til Luthers katekisme og konventikkelpakaten. Pontoppidan var kongens hoffprest, og forklaringa kom ut i 1737, under tittelen Sandhed til Gudfryktighed, etter befaling frå kongen. Den hadde 759 spørsmål og svar framstilt med pedagogisk innsikt. Den heldt fram viktigeita av ei sann om vending og ei levande tru. Den advarte også mot å bli fanga av syndige lyster som dans, spel, komediar eller krogang (Oftestad 2011).

Uttrykket «Sandhed til Gudfryktighed» er teke frå Paulus (Titus 1,1). Guds Ord er sanninga, og sanninga skal føre til gudsfrykt og eit fromt liv. Kunnskap om sanninga, dvs. den rette læra, blir saliggjerande (Fet 1995:166).

At Pontoppidans forklaring so direkte synte vegen til himmelen, og ikkje berre framstilte den statsautoriserte lutherske læra kan forklare kvifor boka fekk ein slik enorm autoritet og tilslutning av ålmugen (ibid.).

Opplysningstida sitt inntog i Danmark-Noreg vert rekna frå omkring midten av 1700-talet. Men det var glidande overgangar frå pietismen og ortodoksien, som framleis hadde eit godt fotfeste i landet. Dei nye opplysningsimpulsane kom til Norden gjennom nærkontakt med innverknadsrike kulturnasjonar i Europa, men dette vart fram for alt borgarskapens tid. Pietismen under Christian VI hadde for mange vore nærast som kulturfiendtleg og gledelause tvangstrøye. No fekk også dei nye ideane innpass i kyrkja. Opplysningstida byrja som ein kritisk og undersøkjande tankestraum mot alle nedarva ideal, og vidareutvikla seg til ei reformrørsle for allmenmenneskelege idear som humanitet og menneskerettar, fridom og toleranse. Dette munna etter kvart ut i ei ny tru på mennesket - og på det gode i mennesket. Livsførselen vart det viktigaste, som skulle formast gjennom opplysning, oppseding og eit

moralsk lovverk. I samsvar med opplysningstida si grunnleggande haldning kom det immanente meir i fokus i høve til det transcendent.

I mykje sterkare grad enn før vart styresmaktene engasjerte i folkehelsa, og mange prestar gjorde eit viktig arbeid på dette området. Hans Strøm (1726-1797) var kanskje den fremste norske talsmann for medisin og helseteneste i opplysningstida si ånd, men han var også tru mot si pietistiske arv. Derimot vart mange andre prestar prega av dei rasjonalistiske ideane i opplysningstida, og meir opptekne av naturvitskap enn av teologi (Oftestad 2011). Strøm verka som sokneprest i Volda frå 1764 til 1778, og Sivert Aarflot – far til BKA - gjekk til konfirmasjon hjå Strøm sin kapellan, Claus Frimann. Truleg var både Frimann og Strøm viktige inspiratorar for den unge Sivert Aarflot, og Strøm anbefalte seinare Aarflot som skulemeister (Sulebust 2009).

## 3.2 Biografi

### 3.2.1 Berte Kanutte Aarflot (1795-1859)

Berte Kanutte Aarflot vart fødd på garden Aarflot i Ørsta i 3. januar 1795. Ho var dotter av bonden *Sivert Knudsen Aarflot* (1759-1817), velkjend for sin allsidige innsats for allmugen på Sunnmøre. Han lærte seg sjølv tidleg å lese og skrive, vart skulemeister, sidan lensmann og kjøpte garden Egset i Volda, der BKA vaks opp. Frå Egset styrte han posten i bygda, starta landet sitt fyrste bygdeprenteverk, opna bibliotek, dreiv søndagsskule for ungdomane i Volda og skipa foreininga «Selskabet for Voldens Prestegjælds Vel». Han var som ein bygdefader, som gjennom sin breie innsats sterkt bidrog til forbetring av bøndene sine kår (Heggtveit 1912-1920).

Mor hennar, *Gunhild Rasmusdatter Aarflot* (1756-1836), omtalast som ei from og elskeleg kvinne, som i sterkare grad enn sin mann minna og åtvare borna mot det vonde, og formante dei til det som var godt og til Guds behag. Ho var også ei god og trufast kone. Saman hadde dei fem born (Støylen 1893).

Midt i dette møte mellom det opplyste littære miljøet frå faren og den haugianske religiøse påverknaden frå mora er det altså BKA veks opp. Dette utgjer ikkje på noko vis to motpolar

hjá henne, men snarare to impulsar som verkar saman og formar det evnerike og åndelege sinnet hennar.

BKA sitt åndsliv var både påverka av det gamle pietistiske kristenlivet og den nye haugianske rørsla. Det gamle kristenlivet kom til syne ved at dei akta Gud Ord høgt og brukte det flittig i både heimen og kyrkja. Dei var også svært glade i å synge dei gamle salmane frå Kingo, Brorson, Dass, Engelbrettsdotter, Brinch, Borrebye og mange fleire. Jo lengre songane var, dess betre (ibid.).

## Barne- og ungdomstid

Alt i barneåra var BKA oppteken av Gud og Den Heilage Andes gjerning. Ho fortel i sin sjølvbiografi korleis ho som barn tok imot Andens verknad utan å vidare forstå det og at Anden ved sin tukande nåde bana veg til hjarte hennar. Ein gong ho og syskena hadde vore ute på isen utan at foreldra visst det, og vart einige om ikkje å fortelje sanninga, førte dette til kraftige slag på samvitet frå Den Heilage Ande (Aarflot 1978). Ho minnest korleis ho tenkte;

«Havde jeg kun ligefrem sagt Sandheden, om saa mine Foreldre straffede mig derfor med Riset, saa gik det snart over; men det, jeg nu maa føle og lide, det varer meget længere og er langt verre.» Og da lovede jeg den kjære Gud, at jeg ikke oftere med frit Forsæt vilde lyve, og jeg veed, at det blev et kraftigt Middel til at holde mig derfra (ibid:22).

I tillegg var forelda nøye på at borna ikkje skulle falle i synd og laster;

Især var min Moder særdeles flittig at paaminde og advare os for alt Ondt og derimod formane og tilskynde os til det, som var godt og Gud velbehageligt (ibid:22).

Vidare skildrar ho korleis ho kjende angrep frå «han som går rundt som ei brølande løve», som bøsseskot som fylte henne med skrekk, angst og uro. Ho ynskte so gjerne å bli fri frå desse vonde tankane, som ho tenkte Gud forkasta og fordømde henne for. Om kveldane kunne ho gråte til hovudputa var våt fordi ho lengta slik etter å få fred med Gud og å få tilbake håpet om Himmelen og Sæla. Ho vurderte å fortelje om dette til si mor, som var hennar mest fortrulege, men ho følte det var best at ingen visste korleis hennar tilstand var (ibid.).

Ja med Rette må det kaldes en tung Tilstand, naar et Menneske er høilig trængende til Trøst og dog maa savne den og føle sig ligesom forladt baade af Gud og Mennesker (ibid.:24).

I dette mørkret av djup anfekting kjempa ho heilt til ho byrja å augne håp i eit lite salmevers om at ingen lever utan å synde. Men det var likevel vanskeleg for henne å våge å tru dette, heilt til ho kom over eit anna salmevers om korleis Jesu blod veg meir enn menneska sine synder, om dei var tusen gongar grovare. Dette såg ho som nådeløfte som Den Heilage Ande tileigna henne, og som fekk henne til å kjenne seg gladare enn ein frigjeven fange, og til å kjenne Guds fred og kjærleik utrent i sitt hjarte.

Konfirmasjonen vart svært sterk og alvorleg for henne og orda som presten sa til henne «*Ja, du har læst vel. Vor Herre hjelpe dig at leve derefter* (ibid:27)», ynskte ho so sterkt måtte bli oppfylt i hennar liv. I ungdomstida erfarte ho vidare mange kraftige nådeverknader, og ho kjende også ofte på ein lengsel etter å fare frå jorda for å kome til Jesus. Ho kunne fornøye seg med førestillingar om at ho ikkje hadde lenge igjen. Etter konfirmasjonen byrja ho også å forfatte songar, som berre systrene hennar visste om. Men då far hennar låg for døden, og BKA hadde flytta ut frå barndomsheimen viste syster hennar songane til faren. Han kalla samlinga for *En gudelskende Siels opbyggelige Sange*, og bad sonen trykkje og utgje songsamlinga hennar (ibid.).

## Giftarmål og familie

22 år gamal gifte ho seg med Amund Knudsen og flytte attende til fødegarden Aarflot i Ørsta. Han var ein bra mann som var akta og hadde tillit i bygda. Men han var svært ulik BKA og var ikkje so lett å leve i ekteskap med. Hennar karakter og særmerke forstod han neppe heilt, og hennar åndelege interesse delte han ikkje fullt ut. Han mangla mykje av det kjenslevare og omsynsfulle som BKA bar preg av (Heggtveit 1912-1920). Men i sitt stille sinn vedkjente han visstnok mang ein gong den ufattelige skatten han eigde i henne, med takk til Gud. Som kone underordna ho seg sin mann i kjærleik, var hans trufaste medhjelpar i alt, og trøysta og styrkte han ved Guds ord og bøn.

BKA fortel at ho gifte seg ung og urøynd, og visste og forstod lite om alle dei freistingar og alt det bry som fylgjer med ektestanden. Dei fekk sju born, tre søner og fire døtrer, ei som døyde etter atten veker. Ansvarer som dette medførte låg nærmast aleine på henne, i tillegg til alle dei huslege syslane. Ho tok også del i arbeidet på garden, fordi det var ulønsamt å leige inn folk til dette. Dette såg ho på som eit jordisk kall frå Gud (Heggtveit 1893).

Som mor oppdrog ho borna sine i tukt og etter Herrens formaning. Ho lærte dei tideleg å be Herren om nåde og bevaring morgon og kveld – og å takke for hans miskunn. Ho átvara dei også mot det vonde i tankar, ord og gjerningar og formante dei til det sanne gode i alle tilhøve. Ho la også innover dei Frelsaens kjærleik til kvar og ein i den falne slekt, og bad dei inntrengjande om å la seg vinne av denne kjærleiken ved å late seg innpoda som greiner på vintreet, der ho sjølv fann si kraft. Når ho sat ved rokken og spann, kunne ho gjerne ha songboka på den eine foten, og var på denne måten også eit eksempel for dei (ibid.).

Då borna flytte ut av heimen, fylgde ho med dei gjennom kjærleiksfulle brev og bønner. Men det var ikkje ein sutrande kjærleik som støyter ungdom frå seg, men ein fredfull og tillitsfull kjærleik helga med Guds ord og bøn (ibid.). Skildringar borna har gjeve av BKA som mor (Heggtveit 1893), ber preg av kjærleik og gode ord.

Alt arbeidet og ansvaret som låg over BKA den tida ho hadde små born førte likevel til at ho fekk mindre tid til Guds ord. Situasjonen medførte at ho også kjende på at lysta til Ordet vart mindre. Dermed fall ho nokre år nærmast inn i ein åndeleg slumretilstand, og miste dei kraftige nådeverknadane som ho tidlegare hadde erfart (Heggtveit 1893).

## Amund Brekke og vekkinga

Hauge vitna sjølv om at han på sine vandringar rundt om i landet fleire stader traff folk som las mykje i Guds Ord, og som Gud hadde fått arbeid mykje med, også gjennom eldre vitnesbyrd og gamle kristne bøker. Desse folka samla seg no rundt Hauge og fekk fornya iver. Soleis var det også på Sunnmøre. Hauge skal ha vore på Sunnmøre tre gonger frå 1799-1802 (Støylen 1883). Ein veit ikkje mykje om desse møta med Sunnmøre, men i ferdaboka si har han skrive fylgjande;

Paa denne ferdi lagde eg merkje til, kva sinnelag folkje hadde i disse bygder millom Bergen og Nidaros, soleis i Sunnfjord og Nordfjord og paa Sunnmøre, og eg fann ikkje so faae, som hadde lese mykje, eg syntes ogso, at der særleg innom fjordarne herskad noko daning, stødheit og vinslegheit, so eg sume stader fekk trufaste viner» (ibid.:14).

Som ein del av Hauge sin strategi for utbreiing av si vekkingsrørsle, valde han ut heimar på ulike stader i landet, som han fann høvelege som samlingspunkt for venene sine. Desse skulle fungere som fyrlys, som eit trygt samlingspunkt for dei som ville høyre - og ei god hamn for

dei som forkynte. Heimbygda til BKA var ein av desse stadane som Hauge hadde funne strategisk som ein samlingsstad. Han hadde difor sendt ein av venene sine, Vebjørn Svendsen frå Hallingdalen, til Ørsta. Svendsen hadde kjøpt garden Ørstavik og danna ein slik samlingsstad der. Foreldra til BKA, særleg mora Gunhild, hadde også lete seg påverke av desse fornyande åndsstraumane, men var ikkje direkte knytt til haugevenene.

Åra då BKA var nedtyngd av mykje sut for det timelege og var i ein slags åndelege dvale, fall saman med tida då Hans Nilsen Hauge sat fengsla, og eit åndeleg mismot låg over mange av haugevenene. Lekfolket torde ikkje lenger forkynne, og det vart slutt på venesamlingar mange stader. Prestar spreidde rykte om at dei var drøymarar og farlege folk. Dei forkynte gode gjerningar i staden for lov og evangelium, men levde sjølve som dei fann det for godt.

Etter at Hauge hadde sete fengsla i ti år, slapp han ut i 1814. Det vakna då på nytt eit ljøs over landet, og haugevenene torde på ny å samlast og forkynna. I Ørstavikheimen kom der no ei ny tenestejente frå nord i Romsdalen, som var vakt av haugianarane Daniel Arnesen og Lars Kyllingen. Ho spreidde om seg den vekkjande bodskap om synd og nåde i heile bygda. Dette gjekk til hjarta på fleire, og Arnesen og Kyllingen kom til å leia vekkinga vidare i både Ørsta og bygdene i kring.

Ørstingen Amund Brekke hadde fleire år før dette kjøpt seg ein gard på Sande på Gurskøy, som han hadde drive opp til å bli eit mønsterbruk. Men det åndelege mismotet hadde i fleire år fått prege han sterkt, slik at garden også hadde forfalle. Gjennom denne nye ljøsstraumen vart også han vakt, frå åndeleg tyngsle og grubling til ny frimod og styrkje. Han hadde ei særskild gåve til å tale med folk på tomannshand og gjekk frå gard til gard med ein pakke bøker. Brekke fekk leie mange til ljøs og fred. Han hadde eit evangelisk klårsyn, var oppteken av det store i sakramenta og Guds ord, og av rettferdigginginga av nåde. Dette heldt han fast på som den einaste vegen for å nå fram til livet i Gud. Han la vekt på at Gud tilgjev menneska for Kristi skuld, uavhengig av deira gjerningar og kjensler. Dette så han som ein lovnad i Guds Ord, og ikkje berre ei kjensle i menneskehjarte (ibid.).

Amund Brekke sette sitt preg på heile vekkinga på Sunnmøre;

Og dette gjorde han so visleg klaart, at vekkingi knapt nokon stad i landet vaart hev gjenge i so sunne og gode far som den vekkingi, som gjekk ut fraa denne stillfarande og milde, men også kloke og faste sunnmørsbonden. ...] Derimot kunde ikkje dei gamle vinerne nord i Romsdalen rett forlika seg med det

klaare evangeliske syn, som særmerkte Amund Brekke og vekkingi på Sunnmøre. Dei dreiv meir paa med lov og bot der nord i Romsdalen en paa Sundmøre (ibid.:22).

Ein kveld i 1822 kom Amund Brekke til garden Aarflot, og vart vel motteken av BKA. Denne same kvelden var også to andre karar samla her, som ikkje hadde kome til tru. Brekke såg dette som eit høve til å tale med dei om Gud. BKA gjekk då og stelte med sine ting i stova, men la likevel merke til det som vart sagt. Ho kjende det som at dette var til henne. Brekke snakka om det eine naudsynte, og om kva Gud har gjort for å frelse menneska. Desse orda gjekk til hjarte på henne;

Eit skal eg seia deg, som eg veit er sant; Ingjen lever so vel og ulasteleg, at han ikkje treng aa umvende seg, og ingjen er so hard og syndefull, at han ikkje kann faa naade, naar han berre sannferdig vil umvenda seg (ibid.:25).

BKA innsåg no at ho i det stille hadde teke som sjølv sagt at det stod rett til med henne, og hadde sett lit til si eiga rettferd. Men den kunne ho ikkje kome fram for Gud med, fordi Han ser til hjarta. Ho forstod at ho trong den rettferdsdrakta som berre Frelsaren kan gje, den som kan skjule mennesket si skuld for Gud. Denne kvelden bad ho Gud om han ville leia henne på den rette vegen. Ho fekk no sjå meir og meir av Guds store nåde (ibid.).

## Forfattar og sjelesørgjar

Det er sagt om BKA, at ho er;

Den fremste av dei haugianske forfattarane og venteleg den mest sungne av alle norske salmediktarar på 1800- talet før Landstad. Då Berte Canutte døydde, skreiv Aftenbladet m.a.: «Denne gudhengivne Kvinde har levet til Manges Opbyggelse. Hendes dype, religiøse Sange er en Skat i hver Bondes Hus hele Trondhjems og Bergens Stift igjennem, er ogsaa vandret længere udover Landet og synes tillige i Nabolandene. Man bør om hende sige, at faa her i Landet har ien vid Kreds bidraget saaledes til Religionens Væxt som hun.» (2.des. 1859, etter Tusvik 1951.) (Fet 1977:29).

Som salmediktar vart ho altså vidkjend i landet og også til dels i nabolanda, på 1800-talet. Salmane fall inn i den gamle ortodoks-pietistiske salmetradisjonen, og minner om Brorson, Kingo og Engelbretsdotter. Formidlingsforma hennar er vekkjande, åtvarande og trøystande (ibid.). Salmane har ikkje ord på seg for å vere særskilt vakre eller imponerande i forma, men dei er rett fram og enkle å forstå. Ho sa sjølv at ho ville syne sine kjensler, røynsler og grunnen for si tru til andre. Soleis vart det ein bodskap frå hjarta. Salmane hennar ber også preg av fast tru, og varm kristen kjærleik (Støylen 1893). Ho har skrive;

Han som er rik paa gaavor, let meg ikkje gaa tomhendt burt ifraa seg, men gav meg noko av dei gode ting i sitt hus til aa dela ut millom hans barneflokk her paa jordi (ibid.:30).

Ho førte også ei omfattande brevveksling med lekfolk, og med nokre få prestar, utover heile landet. Dette verka gjensidig opplivande og trustyrkjande (Heggtveit 1893).

Den Heilage Ande såg ho som det djupaste og inste i kristenlivet, som i det skjulte reinsar sjela og gjev næring til det nye livet. Ho hadde ein djup lengsel etter Anden og hans gjerning, og såg på Guds Ord og sakramenta som løyndomsfulle reiskaper for Anden. Andens store gåver var nåden og bøna, som kom direkte frå himmelen. Ho kalla Anden den himmelske sjelesørgjar.

Å be for dei som forkynte Guds Ord la ho også vekt på. At Gud måtte arbeide med sine tenarar og at Anden måtte fylle dei med si løyndomsfulle kraft. På veg til og frå kyrkja bad ho om at ordet måtte såast i sjelene og bera frukt. Kyrkjeåret med sine høgtider og heilagdagrar hadde BKA også syn for. Å fylgje med frå høgtid til høgtid, og søndag til søndag, gjorde Jesu jordeliv frå krybba til krossen, so levande for ein.

Alle gleder og sorger som kom over kyrkjelyden, trefte sjela hennar slik at ho måtte bere det fram for Herren. Ho tenkte på alt og alle so langt ho kunne rekke, også utanfor si eiga heimbygd. Var det konfirmasjon, bryllaup, ulykker eller gravferd skreiv BKA ein song eller eit brev til maning og trøyst. Den djupe omsorga synte seg i alt ho gjorde, og heimen hennar vart ofte ein møtestad for syrgjande og kjempande. Mange fekk nytt livsmot etter ein samtale med henne.

BKA brydde seg særskilt om sjuke og døyande, og heldt seg ikkje unna om det var smittsam sjukdom. Ho vart ofte sendt bod etter, fordi ho hadde eit særskilt lag med å samtale, var lett å forstå, og snakka ikkje so mykje om alt anna som ikkje var til gagn for sjuke og døyande. Når ho opplevde at nokon var likegyldige til Frelsaren, vart ho sorgfull, men dersom ho merka at dei hadde sorg over si synd og lengta etter frelse, vart ho inderleg glad. Dette omsorgsarbeidet for andre gjorde henne sjølv glad og velsigna. Ho kjende det som om hennar eiga sorg og sut vart lettare når ho bad for andre (Støylen 1893).

Når nokon hadde vore i eit ærend heime hjå henne hadde ho for vane å fylgje med dei ut på tunet og gå eit lite stykke i fylgje med dei på tilbakevegen. Her nytta ho høvet til å kome med ei kjærleg formaning eller påminning om noko ho hadde vorte mint om for dei. Fordi dette skjedde på tomannshand og ein kunne merke at det var av omsorg for sjela sitt sanne ve og vel, førte dette ofte til vekking og omvendning. Ho synte også reint menneskeleg omsorg, særskilt til fattige, og fungerte ofte som ein slags rådgjevar (Heggtveit 1893).

Av natur hadde BKA eit mildt og kjærleg vesen, og dette vart forsterka etter at Guds kjærleik hadde gått opp for henne. Ho var ikkje tankelaus, framfusande eller snar til vreide. Saktmod var ein del av hennar karakter. Pynt og forfengelig fokus hadde ho ikkje noko til overs for. Sjølv om også ho av natur hadde sans for dette, ynskte ho å vere tilbakehalde. Ho heldt seg til alminneleg og reine klede, og slik oppdrog ho også borna sine. I staden la ho vekt på å reinsa og pryde sjela, - det skjulte mennesket. Ho hadde eit sterkt indre kristenliv og såg seg sjølv berre som ein pilegrim på jorda. Reinsinga av hjarte handla ikkje om ei ytre etterleving av kristelege sed og skikk. Ho såg at berre Jesus kan skape eit nytt hjarte og ved si syndstilgjeving gje mennesket nytt liv (ibid).

Altsaa, i Kristus og ham korsfestet søgte hun sin eneste Saligheds Grund og Kilde: Der, og ene der, søgte hun ogsaa kraft til Vandringen i et nyt Levnet paa helliggjørelsens, for kjød og blod ofte saa tunge, men for Anden og dens Liv saa salige Sti (ibid:31).

## Berte Kanutte Aarflot, haugianismen og pietismen - med eit kritisk blick

Det ein fort legg merke til når ein les om BKA er at ho har ei høg stjerne hjå alle som skriv om henne. Det er nok ikkje utan grunn. Samstundes er det ei kjend sak at mange har hatt vanskelege opplevingar i samband med dei pietistiske vekkingane og fylgjene av dei. Kan det vere at det også knyt seg slik erfaringar til haugianarane og direkte til BKA?

Til tross for at haugianarane var tru mot kyrkja, opplevde mange det haugianske venesamfunnet som eit trugsmål mot kyrkja si makt. Men også i mellom bygdefolket kan ein merke ein viss uvilje mot det ekskluderande aspektet dei ber med seg, imot bygdesamfunnet sin einskap og styrke. Som svar på dette søkte gjerne haugianarane endå tettare saman og styrkte seg ved kjensla av å vere få og utvalde.

Det haugianske synet på litteratur var at alt som drog tanken bort frå «det eine naudsynthe», var av det vonde. Litteraturen skulle vere til å hjelpe menneska til å vinne frelsa. Haugianarane bar preg av eit alvor og hadde ein livsstil som mange opplevde som ei tvangstrøye. Volda-presten F.H. Blichfeldt fordømde røyrsla hardt. Han meinte dei innbilte seg eigen dyd, utan ekte kristeleg kjærleik, og at dei fordømde andre. Mellom borna deira har han funne mindre kunnskap enn hjå andre lekfolk sine born. Også Ivar Aasen var i sin ungdom under påverknad frå haugianarmiljøet i Ørsta. Han opplevde å få rikeleg tilgjenge på litteratur, men vart åtvara mot å lese unyttig vås. Han opplevde Hauge sine skrifter bra, men han likte ikkje at det var so lite toleranse for annleis tenkjande, og at ein nærmast ville danne eit Andens rike der alt verdsleg skulle stengjast ute. Han tok seinare avstand frå røyrsla. Når det gjeld den litterære kulturen i røyrsla, er den sterkt tosidig. For på den eine sida ville ein stenge all verdsleg litteratur ute, og på den andre sida var den haugianske lesinga og brevskrivinga ein sterk pådrivar for å alfabetisere det norske bygdefolk (Fet 1995).

Haugianarmiljøet på Sunnmøre har utan tvil sett sine spor, særskild kom dette klart til syne i konservative miljø på 1930-1950 talet.

Synd og nåde er hovudpunkta i forkynninga, og nett som Berte Canutta legg folk serleg stor vekt på kva som sømer seg for ein kristen. Dans og drikk er sikkert det som vert mest fordømt. Her krev dei truande ei klar line, og ein ungdom kan ikkje t.d. vere med på dansemora samstundes som han vil vere med i kristenflokken. Då vert han ikkje rekna for ein retteleg Jesu etterfylgjar (Tusvik 1950:63).

Etter ei hending på Sunnmøre der elleve ungdomar frå Ørsta drukna i samband med eit sokalla skålbryllaup, baud Ålesund indremisjonsforeining og kristelege leiarar frå bygdene folk saman til eit møte i Ørsta, der dei tala harde ord mot drikking. Dette resultere i at dei gamle drikkeskikkane og brennevinsutsala kvarv bort og i 1903 kom eit forbod med stort fleirtal. Forbodet vart fornya i 1949. Dei kristne organisasjonane gjekk i brodden for total fråhald, og bygde sine meiningar på Bibelen og forfedrane si lære (ibid.).

Også BKA sine ord om klesdrakt og prydnad var mykje oppe i fleire generasjonar etter henne. Når unge jenter på 1930-talet kom frå byen eg utover bygdene med kortklipt hår, oppstod det både opphussing og harme mellom dei truande.

Det er slett ikkje berre eldre folk som kjem fram med slikt, men mange unge held på det same, og indremisjonen har særleg halde på dette pietistiske synet. Det er Berte Canutta sine argument som vert nytta, og det har ofte med rette vore sagt at når indremisjonen har stemne, skil dei «verkeleg truande» seg ut med glatt, opprulla hår, utan smykke og med ein mykje meir einfald kledebunad enn vanleg for ungdom (ibid.:64).

Forkynnarar på 1950-talet gjekk også hardt ut mot fornuftstru og kunnskap, dersom dette drog ein bort frå ei barnleg gudstru. BKA meinte i si tid at ei slik tru hadde inga verd religiøst sett.

...] ein mann som evangelist Bjerkreim i Indremisjonen, meiner ho må «18 tommer lenger ned», det vil seie: ho må kome til hjarta og verte ei personleg gudstru. Sameleis er tonene på møte og samkome der folk kjem med innlegga sine, men på den andre sida ser dei opp til og set pris på gode og mangeslungne kunnskapar berre dei vert sameina med eller i alle fall ikkje vert nytta i strid med Guds ord (ibid.:68).

Hjå Luther, som pietismen og haugianismen bygde på, vart trongen for å bli sett, anerkjend og styrka i si sjølvkjensle sett på som noko skadeleg og verdsleg, som måtte nedkjempast. Dette rimar lite med mykje av den moderne psykologi, som tvert held fram kor viktig det er å bli sett og anerkjend i ein kvar situasjon. Det Luther skamma seg over er nærmast som ein dyd å rekne i vårt samfunn. Tanken var at eit for stort fokus på merksemd kunne føre til at ein vart usunt oppteken av seg sjølv, noko reformatoren såg som synd mot det fyrste bodet. I staden skulle ein sjå seg sjølv som godteken av Gud i Kristus Jesus, og ikkje verte for oppteken av andre sin dom. Likevel vert det slått fast at når det til dømes gjeld oppseding av born, og i møte med menneskeleg mindreverdskjensle, vil det vere både godt og naudsynt med anerkjenning i stort monn. På ein del områder kan ein difor seie å ha kome noko lenger enn Luther i psykologisk kunnskap, til tross for fleire gode og nyanserte synspunkt hjå han i skjeringspunktet mellom teologi og psykologi (Grevbo 2003).

Ein av våre mest kjende norske skjønlitterære forfattarar, Arne Garborg, er ein av dei som i sin litteratur har skildra korleis psykisk sjukdom og religion kan vere ei vanskeleg samanblanding, og i verste fall direkte farleg. I si bok *Fred* (1892) skildrar han med utgangspunkt i det pietistiske miljøet på Jæren på 1800-talet, korleis hovudpersonen Enok Hove kjempar med angst. Problemet hans ligg i at når han går til bibeltekstar og andaktslitteratur, får han ikkje hjelp fordi det ikkje handlar om sjukdomen hans men om ei religiøs livstolking. Sidan dette ikkje går i hop, kryp i staden sjukdomen inn i måten han brukar det religiøse språket på. Til dømes kjempar han med den pietistiske «Saliggjørelesens Orden» og med angst knytt til døden, domen og djevelen (Sørbo 2013:130).

(...) i starten av romanen, når han plager seg med at han ikkje angrar nok, er det tydeleg at han står i forhold til eit slikt skjema i andaktslitteraturen: Vegen til frelsa har nokre faste stasjonar, og angeren er ein av desse. (...) Enok er jo, etter moderne reknemåte, «veldig kristen» alt når romanen startar. Han trur fullt og fast på Bibelen, bokstav for bokstav, og har ei teologisk tolking av tilværet frå a til å. Problemet hans er ikkje tvil, men at han ikkje har teke konsekvensen av si tru og omvendt seg. Dette er kjernen i pietismen: at ein må tileigne seg trua i ei personleg, opplevd form og slik bli ein del av eit truande kollektiv (ibid.:130).

No veit vi at denne historia er fiksjon. Likevel kan det tenkjast at ei slik åndeleggjering av menneskelege problem kan ha vore utfordrande for fleire som i røynda levde innan dette miljøet. Om ein ikkje hadde sjukelege problem, som Enok, kunne kanskje fleire ha problem med å skilje mellom det menneskelege og det åndelege.

## 4 Teori

---

### 4.1 Den lutherske læra om rettferdiggingeringa

«*Korleis kan eg finna ein nådig Gud?*», var spørsmålet som skapte den påtrengjande uroa i sjela til den tyske munken, Martin Luther, på 1500-talet. Han sleit med sin gudsrelasjon. Sjølv om han levde sitt klosterliv, med iherdig bøn og bibellesing, fann han ikkje glede og fred for si sjela. Problemet låg i Rom 1:16-17, der han las «Guds rettferd» som eit krav om å måtte gjere seg fortent til å bli rettferdig for Gud. Han streva konstant etter dette, og han kjende det so uoppnåeleg. I dette mørke famla han etter Guds smilande andlet og kvile for sjela (Jacobsen 2002). Men då han las Rom 1:16-17 i samanheng med Rom 3:28, vart han merksam på kva Guds rettferd bestod i (Henriksen 1994). «*For vi hevdar at mennesket blir rettferdig ved tru, utan lovgjeringa.*» (Oftestad 2011:66), stod det. Ved dette gjekk det opp for han at Guds rettferd var ei gåve ein kunne ta imot heilt ufortent. Dette skapte Luther si radikal omvending - frå frelse gjennom lovgjeringar, til frelse gjennom evangelisk nåde, og er seinare kjent som Luther si tårnopleving (ibid.).

Da får rettferdiggingjørelsen en helt annen mening enn hos Augustin og i katolisismen. Rettferdiggingjørelsen er en *domsakt* av Gud: Den treenige Gud erklærer et menneske å være rettferdig i hans øyne (Wisløff 1983:80).

### Reformasjonen

Det Luther ikkje var klar over var at den store sjelepina hans var starten på ein reformasjon i kyrkja, som skulle få ringverknader utover heile Europa og vidare ut i verda. Han heldt no fram med å kjempa mot avlatshandel, det umoralske forfallet, det rådande frelsesynet, kyrkjeordninga og embetsforståinga i kyrkja (Haraldsø 1997). Men den reformatoriske røyrsla var utryddingstrua, og den grunnleggjande kampen som måtte sikrast var difor; bodskapen om rettferdiggingeringa (Nordstokke 2011). Oppslaget av dei kjente 95 tesane på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517 utgjorde starten på heile den reformatoriske røyrsla (Oftestad 2011).

Føresetnaden og næringa for reformasjonsrøyrsla var Guds Ord og forkynninga av det, som vidare vart tyngdepunktet for den lutherske teologien. Luther heldt fram Guds Ord som skapande og berande for det kristne livet. Fokuset gjekk frå messa til preika. Den kommuniserte direkte til kvar einskild, frå den høgtståande til den lågtliggjande, som gjerne

ikkje kunne lese. På denne måten bygde preika bru mellom dei intellektuelle og dei alminnelege. Det allmenne prestedømet vart heldt fram. Kvar einskild si stilling for Gud og frelsesvegen var essensiell. Preika vart difor viktig for å kunne kome i personleg forhold til Gud og bli frelst (ibid.).

Sjølv om Luther var oppteken av å kjempe mot lovgjeringar som frelsegrunnlag er det ikkje dermed sagt at han ikkje var oppteken av nestekjærleik og gode gjerningar. For han blei det viktig å betone gode gjerningar «i Kristus», som ein «dynamisk relasjon mellom lov og evangelium» (Nordstokke 2011).

«Vi må ikke slutte av det, at Luther lærte samvittighetens frihet for enkeltmennesket, slik man i dag taler om samvittighetsfrihet. Luther vil bare befri mennesket fra lovregler og gjerninger for å knytte det nærmere til Skriften som den eneste objektive trosregel. Samvittigheten må ikke bindes til noe annet enn Guds Ord (...) Det nye mennesket er befridd fra tvangen til å realisere seg selv og sikre seg selv i forhold til Gud og andre mennesker (...) Troen er fundamentet for den rette kjærighet, da den lærer oss å se bort fra oss selv, fordi kjærigheten springer fram frivillig» (Oftestad 2011:69-70).

## Confessio Augustana

Den Lutherske truvedkjenninga *Confessio Augustana* (CA), skriven av Luther sin medarbeidar Philip Melancton, vart lagt fram for keisaren på riksdagen i Augsburg i 1530 (Nordstokke 2011). Særlig artikkel IV om «rettferdiggjørelsen» og artikkel XX om «troen og de gode gjerningene» er interessante i denne samanhengen. «*Artikkelen om rettferdiggjørelsen er «den artikkel kirken står og faller med»* (Henriksen 1994:187). I CA art. XX ser vi korleis dei lutherske påpeikar at vedkjenninga står i samheng med den gamle tradisjonen frå Bibelen, oldkyrkja og kyrkjefedrane. Dei vil til livs den einspora forkynninga av gjerningar.

(...) liksom alle lyt vedgå at det har vore den djupaste togn om trusrettferda i preikene, og at berre læra om gjerningane har funnist i kyrkjelydane, så har våre gjeve kyrkjelydane denne påminninga om tru: For det fyrste, at gjerningane våre ikkje kan forsona Gud eller fortene syndsforlatinga og nåden, men at vi berre får dette ved trua, når vi trur at vi vert tekne til nåde for Kristi skuld, [...] Og for at ingen skal krangla om at vi finn på ei ny tolking av Paulus, så har heile denne saka vitnemålet åt fedrane for seg. For Augustin hevdar i mange bøker nåden og trusrettferda mot gjerningsfortenestene. Og noko liknande lærer Ambrosius i *De vocatione gentium* og andre stader (Brunvoll 1970:57).

CA fekk status som det offisielle dokument om den lutherske læra. Den la grunnlaget for religionsfreden i Augsburg i 1555 (ibid.).

## Rettferdigjeringa i Bibelen

I opphavet levde Gud og mennesket i godt samfunn med kvarandre (1Mos 1:27-31). Men Gud som er heilag og rettferdig tåler ikkje synd. Difor fekk syndefallet fatale fylgjer, for arvesynda – mennesket sin syndenatur - kom inn i verda.

Difor, liksom synda kom inn i verda ved eitt menneske, og døden saman med synda, slik nådde døden alle menneske fordi dei alle synda (Rom 5:12).

[...] Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste. Det finst ingen vitug, ikkje ein som søker Gud. Alle er komne på avveg, alle er dei forderva[...] Ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud på grunn av gjerningar som lova krev. Lova gjer berre at vi lærer synda å kjenna. (Rom 3:10-12 og 20).

Mennesket er altså overfor den rettferdige Gud dømt etter lova, slik det har fortent (Rom 2:12-13).

Men i denne fortapte situasjon har Gud gjeve mennesket eit eineståande høve til å få utsletta si syndeskuld. Jesus har blitt ein mellommann, slik at menneske kan få nåde hjå Gud (Tim 2:5). Dette handlar om å få tilrekna Jesu rettferd i staden for si eiga skuld, slik at Jesu liv gjeld i staden for mennesket sitt liv når ein skal stå til rekneskap for Gud (Heb 4:13). Gud ser mennesket «i Kristus» (Rom 8:1).

Men det er umogleg for mennesket å gjere seg fortent til dette. Ein må innsjå at etter Guds lov mennesket ein urettferdig synder, som må ta imot Guds tilgjeving av berre nåde utan gjerningar.

Men ufortent og av hans nåde blir dei kjende rettferdige, frikjøpte i Kristus Jesus. Han har Gud stilt synleg fram, så han med sitt blod skulle vera soningsstaden for dei som trur. Slik viste Gud si rettferd (Rom 3:24-25a).

«Ordet om krossen er dårskap for dei som går fortapt, men for oss som blir frelste, er det Guds kraft» seier Paulus (1Kor 1:18). Henriksen skriv at å ta imot Guds rettferd handlar om å erkjenne at ein ikkje er på same nivå som Gud, men likevel er avhengig av han. Han påpeikar også at det ligg i menneskenaturen å ville vere verdig til å ta imot gåver (1994). Evangeliet er derimot budskapet om å ta imot Guds rettferd ved tru utan å gjere seg fortent til det (Rom 4:4-5), og er difor ikkje so lett å tru.

Men er ikkje trua i seg sjølve ein prestasjon? Spørsmålet «*Korleis skal eg klare å tru?*» er det nok ikkje reint få som kan kjempe med. Men også trua er ei gåve, som veks fram når ein høyrer evangeliet om Jesus (Ef 2:8, Rom 10:17), trua sin opphavsmann og fullendar (Heb 12:2). Mennesket kan difor feste lit til evangeliet om Jesus. Det gjeld sjølv om ein ikkje med fornuft eller kjensle kan gripe det. Henriksen skriv; «*Det er altså ikke troen i seg selv som frelser, men det som troen er tro på (Jesus og hans verk) frelser mennesket*» (1994:198).

Dei som tek si tilflukt til Jesus har slik fått ein ny identitet som tilgjevne syndarar, forsona med Gud. Luther har sagt; «*En kristen er på en og samme gang rettferdig og synder.*» (Wisløff 1983: 82). Det er altså ikkje skilnad på kristne og ikkje kristne sin menneskenatur. Heile skilnaden ligg i å vere «i Kristus». Syndeskulda er utstrøken og ein har fått del i det nye evige livet, i trua på Jesus og gjennom dåpen (Rom 6:3-4, 7).

Men sjølv om dei som trur er tilgjevne, må dei framleis kjempe med sin syndige natur. Kapittel 7 i Romarbrevet gjev ei sterk skildring av korleis kjøtet og anden kjemper mot kvarandre i mennesket sitt indre. Slik kan ein altså vere frelst og ha si sak med Gud i orden her på jorda, sjølv om ein ikkje har nådd fram til det himmelske målet enno (Fil 3:12-21).

Ved rettferdiggjeringa får ein også Den Heilage Ande i gåve, som skaper frukter etter Guds vilje (Ef 1:13-14). Henriksen held fram at rettferdiggjeringa ikkje er å forstå som ein *prosess* der ein vert meir eller mindre rettferdiggjort (1994). Det er snakk om eit vere eller ikkje vere, men er likevel ikkje eit eingongstilfelle (Oftestad 2011). Når Paulus seier «*lev eit liv i Anden*» (Gal 5:16-25) er ein over i helginga, som er ein prosess der Anden får gjere *si* gode gjerning i mennesket. Men dette er også verka av Gud åleine, ved at den truande tek imot Ordet og sakramenta (Fil 1:6, Gal 5:22 ff).

Kva då med lova og dei gode gjerningane? Kan ein berre leve slik ein sjølv finn det for godt? Ein slik tankegang finn vi hjå antinomistane; som meiner at lova ikkje gjeld for ein kristen. Då er det viktig å understreke at Lova framleis er uttrykk for Guds vilje og heilagdom, men ikkje som grunnlag for rettferdiggjeringa. Ein kan altså ikkje halde fram å leve livet i synd, når ein er rettferdiggjort (Rom 3:8, 6:1, 1Joh 1:6-7). Boda er Gud gode vilje og til beste for oss på ulike måtar. Dei formidlar den beste standarden for rettferd blant menneske og i samfunnet (1Pet 3:10-12a), dei viser at ein treng Kristus (Rom 9:31-33) og er ein vegvisar for kristne (Joh15:10-11) (Jacobsen 2002).

## Kva skil den lutherske forståinga av rettferdiggingjeringa frå den katolske forståinga?

Henriksen held fram at læra om rettferdiggingjeringa var utgangspunktet for reformasjonen og spliden mellom den katolske og den lutherske kyrkja. Hjø lutheranarane blir nåden forstått som ei gåve. På katolsk side ser ein nåden som ei *kraft* Gud gjev mennesket, som hjelp til å gjere gode gjerningar for å vere rettferdige for Gud. Dermed er altså sjølve menneskesynet ulikt. Etter luthersk forståing blir *syndaren* rettferdiggjort, og etter katolsk forståing blir *den som gjer gode gjerningar i nådens kraft* rettferdiggjort. Men gjerningane har betydning i luthersk forståing også, men då for heilaggjeringa, som er ein konsekvens av rettferdiggingjeringa. Motsetninga består altså i at dei gode gjerningane for lutheranarar er ein konsekvens, medan den for katolikkane er ein føresetnad for rettferdiggingjeringa (Henriksen 1994).

## 4.2 Luthersk sjelesorg

Sjelesorg er ei sentral teneste som kyrkja alltid har gjeve tilbod om. Den kan formidlast både gjennom prest og diakon (Jordheim 2011:17,20). I denne studien er omgrepet «luthersk sjelesorg» nytta som eit samleomgrep for sjelesorg, der læra om rettferdiggingjeringa har relevans i større eller mindre grad. Kva luthersk sjelesorg bør kjenneteiknast av, vil bli poengtert vidare gjennom framstillinga.

### 4.2.1 Sjelesørgeriske hovudretningar

Ei enkel måte å framstille ulike retningar innan sjelesorga er å skilje mellom kerymatisk sjelesorg, konfidentsentrert sjelesorg, kyrkjeleg orientert trus- og livshjelp og trinitarisk sjelesorg. Ein får då ikkje ei nyansert og detaljert framstilling av det sjelesørgeriske landskapet, men likevel ei oversikt som godt let seg bruke i denne samanheng.

#### Kerymatisk sjelesorg

Dette er gjerne den mest tradisjonelle og historiske sjelesorgretninga. Kerygma tyder bodskap, og det sentrale innan denne retninga er ei bodskapsformidlande form. Guds Ord er norma og

har autoriteten over menneskesjela. Sjelesørgjaren må difor ha ei tydeleg leiing i samtalen og styre samtalen mot eit brot, der konfidenten gjerne vedkjenner synd og får tilsagt syndstilgjeving, ein kan lese frå Bibelen og be. Sjelesorga har eit klart kristologisk siktemål og andre trusartikkel står sentralt. Innan denne retninga går ein frå det generelle til det spesielle, og sjelesorga vert difor deduktiv.

Kritikk mot denne retninga har vore at den oppfattast moraliserande og at sjelesørgjaren kan bruke Guds Ords autoritet ukritisk (Okkenhaug 2002).

### Konfidentsentrert sjelesorg

Konfidentsentrert sjelesorg har konfidenten i sentrum av samtalen, og utgangspunktet er den enkelte konfidenten sine problemstillingar. Sjelesørgjaren si rolle er her hovudsakelig å lytte, også til kjenslene og erfaringane som knyter seg til tankane, og å syne empati. Den fyrste trusartikkel står sentralt og det som gjer samtalen sjelesørgerisk er hovudsakleg at sjelesørgjaren har ei kristen tru. Gjennom ein empatisk speglingsmetode vil ei lækjande endring kunne skje.

Denne retninga står også delvis i samanheng med ei meir psykologisk forankra retning, og har teke opp i seg mange aspekt frå psykologien, som til dømes overføring og motoverføring. Deler av dette har også blitt ein viktig del av sjelesorgutdanninga, sjølv om sjelesorga har si avgrensing når det gjeld kor vidt den kan drive terapi. I USA utvikla CPE-rørsla seg på bakgrunn av dette, som i Noreg har fått ein avløpar i den pastoral-kliniske utdanninga (PKU).

Kritikarar har påpeika at retninga vektlegg tru på mennesket sine egne moglegheiter i for stor grad, i liten grad er knytt til fellesskapet og møtet med den transcendenten Gud. Ein saknar også eit klart skilje mellom lov og evangelium (Okkenhaug 2002).

### Kyrkjeleg orientert trus- og livshjelp

Dette er ei tilnærming som balanserer mellom dei to nemnde retningane, og freistar å famne både trua og livet. Her er det også vektlagt at sjelesorga høyrer heime i den kyrkjelege kontekst og fellesskap. Det diakonale aspektet, at alle er til for kvarandre i eit tenande fellesskap, er også halde fram som viktig (Okkenhaug 2002).

## Trinitarisk orientert sjelesorg

Den trinitarisk orientert sjelesorg tek utgangspunkt i det enkelte mennesket si erfaring og søker derfrå mot Guds Ord som normgrunnlag. Dermed vert sjelesorga induktiv. Denne forma freistar å ta både budskap, konfident og også kontekst på alvor. Ein ser mennesket som skapt, frelst og halde opp ved Den Heilage Ande, og alle dei tre artikkelane vert romma i denne sjelesorgretninga. Men det er særskilt viktig at kristologien står sentralt for at sjelesorga skal vere sunn og evangelisk.

Ein ynskjer altså at sjelesorga skal orientere seg både om det immanente og det transcendent. I denne heilskapen skal sjelesorga finne stad. I denne samanheng spelar den hermeneutiske refleksjon ei sentral rolle. Både at sjelesørgjaren opparbeider seg naudsynt sjølvinnsikt, teologisk innsikt og evne til å lytte til dei faktiske historiene og røyndomserfaringane, vert vektlagt. Teologien er altså avhengig av den klinisk sjelesorgkompetanse for å kunne tolke relasjonen mellom Gud og menneske - og mellom menneske. Ein trur at Gud faktisk er tilstades i sjelesorgsamtalen, og samtalen kan difor kallast ein «trialog», og det eigentlege møtet i sjelesorga er med Gud.

Den trinitariske forståinga har brei oppslutnad i luthersk samanheng i dag, som til dømes på Det Teologiske Meningshetskule, Diakonhjemmet og ved Institutt for Sjelesorg, Modum Bad (Okkenhaug 2002)

### 4.2.2 Carl E. Braaten og viktige prinsipp i Luthersk sjelesorg

Grevbo peikar på nokre nøkkelområder for teologisk refleksjon, som luthersk sjelesorg ikkje kan gje slepp på. Han syner til den lutherske teologen Carl E. Braaten, for å synleggjere trongen for at den teologiske refleksjonen kring sjelesorga er forankra i den konfesjonelle arven, og ikkje berre utleia frå eit stort og meir tilfeldig mangfald.

Braaten syner til det faktum at alle dei opphavlege leiarane av CPE--rørsla var liberale protestantar, noko som sjølv sagt vart reflektert i rørsla sin teologiske profil. Dette trer fram gjennom synspunkt på tilliten til den menneskelege natur og evna til utvikling, misstru til truvedkjenningar og institusjonar, vekt på Guds immanens i verda, menneskeleg erfaring - og tilpassing av tru etter moderne kultur. Sjølvrealisering og psykologiske paradigme fekk

dominans i det teologiske språkfeltet (Grevbo 2006). Grevbo syner til H. Richar Niebuhr si kjende formulering som representativ innan CPE-røyrsla;

En Gud utan vrede bringer mennesket utan synd til et rike utan dom ved hjelp av en Kristus utan kors (ibid.:460).

Braaten nemner fire faktorar innan luthersk tradisjon som må kome i dialog med moderne sjelesorg, om den skal nå nokon ufråvikelege teologiske punkt.

Fyrst og fremst held han fram rettferdiggeringslæra. Dette handlar om noko som går ut over sjelesørgjarens eigen evne til empati, til ein frelsesbodskap som kan høyrast, forankra i personen Jesus Kristus, og som også rommar det evige. I personen Jesus ser vi Guds vilje og frelsesplan synleggjort på menneskelivet sine føresetnader. Dette gjev sjelesorga eit naudsynt kerygmatiske tilsnitt, og samstundes eit unikt høve i møte med menneske som er i anfektning, skuldtngde og døyande.

Dernest nemner han læra om det allmenne prestedømet og dermed det gode utgangspunktet for sjelesorg, som ligg i det kristne fellesskapet. Dette kan forhindre at ein vert ekspertavhengig på ein usunn måte.

For det tredje vert det understreka at Guds ord er som eit tveigga sverd. Der finst både lov og evangelium, dom og nåde. Ein sjelesørgjar som ser vekk frå konfidenten si etiske forvirring eller moralske feilhandling, gjev ikkje ein ekte aksept, men ei ettergjevande antinomisme, med berre tilsynelatande hjelp.

Til sist vert det peika på at prestar bør halde fast på ordinasjonen som det viktigaste for sin pastorale identitet. Då kan ein bruke sin eigen tradisjon i staden for å måtte låne ord og symbol frå andre fagsamanhengar (ibid.).

Vidare er Braaten oppteken av viktige sider ved rettferdiggeringa. Han påpeikar at ordet «rettferdiggering» ikkje er det viktige, men at ein refererer til «tilgjeving av synd». For tilgjeving av synd er det einaste som kan bygge bru mellom Gud og menneske. Menneskelig

kjensler kan ikkje krysse denne brua. Denne tilgjevninga er Guds veg til mennesket (Braaten 1990).

Of all the gifts which the living God gives us, surely the greatest is expressed by the words «forgiveness of sins, » because this gift touches us at the point of our greatest need. Our greatest human need is reconciliation with God from whom we are estranged. We need fellowship with God our Creator through Christ our redeemer (ibid.:83).

Det grunnleggjande problemet for menneskeleg eksistens er at mennesket ikkje kan gjere det som det skuldar å gjere. Ein kan ikkje heve seg sjølve opp til Guds nivå, i ein totalt rein og gjensidig relasjon. Dersom ein snakkar om sin kjærleik til Gud elsker ein faktisk ein gud skapt i sitt eige bilete. For den naturlige menneskelig kjærleik til Gud er ei pervertert form av sjølvkjærleik. Braaten bruker forteljinga om tårnet i Babel for å forklare korleis stolte menneske freistar å storme himmelens portar med sine eigne strategiar, ferdigheiter og sitt eige strev. Dette vert altså ei misoppfatning av frelsa. Han peikar på tre vanlege måtar å bygge slike tårn eller stigar til himmelen på, både innanfor og utanfor kyrkja.

Intellektualisme er den fyrste stigen. Ein trur då at frelsa skjer ved trua på doktrinar som anten er sjølvinnlysande rasjonelle eller sertifisert ved ein autoritet som har blitt rasjonelt demonstrert. Entusiasme for tru på kristne doktrinar kan bli ei forvrenging av tru på Guds nåde åleine, om ein set si tillit til sin kognitive aksept av sanne doktrineidear. Ein blir meir glad i korrekte doktrinar enn i det dei eigentleg handlar om. Frelsa kjem då ved trua på eit tanke-system i staden for ved trua på Guds nådige kjærleik i Jesus Kristus.

Den andre stigen er moralisme. Moralisten set si tillit til etiske dydar og lojalitet gjennom plikter. Det essensielle er lydnad mot guddommelege bod. Kristne moralistar har ein tendens til å tolke Jesus som ein ny Moses som kom med ei ny lov, og som blir sett på som ei mektig inspirasjonskjelde til å halde Guds lov. Farisearisme ligg tett opp til dette.

Den trede stigen for å freiste å nå frelsa er den emosjonelle måten. Emosjonelle menneske har anlegg for å føreskrive spesielle typar av religiøs erfaring som naudsynt grunnlag for fellesskap med Gud. Denne tilnærminga oppfører seg som om den religiøse evne var lokalisert i kjenslene si sfære. Religiøs lovprising blir då eit høve til å kjenne Guds nærvær. Menneska er utan tvil skapningar med lidenskap og kjensler, og dette er involvert også i

lovprising. Men faren er at menneske kan bli lurt til å sette sin lit til flyktige kjensler, medan sanninga er at Gud ikkje forlangar nokon spesielle religiøse erfaringar og ikkje fordrar ein spesielt entusiastisk respons på tilbodet om nåde og tilgjeving (ibid.).

Når det gjeld den personlege tileigninga av tru seier Braaten;

Until we can say, «This is for me, God has created me and all that exist; God has redeemed me, a lost and condemned creature, and has called me through the gospel,» we have not grasped the personal dimension of the gospel, which is the point of access to every other dimension, social as well as cosmic. There is an undeniable element of egoism in salvation ...] the existential focus of the gospel is no excuse for letting it slide into pure subjectivism. For the gospel which is heard is not grounded in me, but in Christ outside of me. The *pro me* of the gospel is based on God's act in Christ. Away with individualism, but not with the personalizing thrust of the gospel! (ibid.:94).

Han meiner altså at trua må tileignast personleg, ved at ein set si lit til det Jesus har gjort for ein. Samstundes åtvarar han mot å setje lit til noko i seg sjølv. Det er ikkje trua i seg sjølv som frelser, men *den* ein trur på; Jesus.

Braaten understrekar også at evangeliet ikkje er Guds ord om det vert åtskilt frå lova. For evangeliet kan ikkje tilgje, setje fri og fornye om ikkje lova fordømer, straffar og fangar. I det religiøse liv står lova og evangeliet i eit vekselstilhøve til kvarandre. Om ikkje evangeliet får posisjon som fryktlaus hjelp mot bakgrunnen for demonisering, synd, vrede og helvete, blir det redusert til å berre vere ein søt bodskap av positiv tenking. Etter Reformasjonens tradisjon trur ein at lova ikkje kan produsere tru, og lovgjeringar ikkje kan føre til eit liv i fridom og nåde. Trua er eit mirakel av nåde, og ikkje menneskeverk. Trua er verka ved Den Heilage Ande.

Men trass denne konfesjonelle klårleiken kring nåde og tru, gjorde doktrinen; «frelse skjer i eit samarbeid mellom menneskevilje og guddommeleg nåde», seg atter gjeldande i lutherdomen under pietismen, meiner Braaten (ibid.).

### 4.2.3 Rettferdigjeringsslæra sin plass i vår tids sjelesorg

I økumenisk samanheng har læra om rettferdigjeringa vore eit teologisk minefelt (Mellomkirkelig råd 1997/1998). Felleserklæringa om rettferdigjeringa (1997/1998) er eit resultat av mange år med dialog mellom Vatikanets råd for fremje av kristen einskap og Det

Lutherske Verdsforbund. Erklæringa sitt siktemål er å syne at dialog har ført fram til ei felles forståing av rettferdiggingeringa, at den skjer ved Guds nåde i trua på Jesus Kristus. Til tross for at ulike syn framleis er gjeldande, hevder ein å vere einige om læra sine grunnleggjande sanningar, slik at skilnadane ikkje lenger gjev grunnlag for fordøming (Mellomkirkelig råd 1997/1998). Luther- forskaren Oddvar Johan Jensen er mellom dei som har stilt seg kritisk til dette prosjektet (1998). Han meiner dette kompromisset utgjer ein fare for at reelle lærespørsmål kan ha blitt tona ned.

Sider ved den tradisjonelle forståinga av rettferdiggingeringa har også blitt gjenstand for kritikk i den seinare tid. Idar Kjølsvik problematiserer vektlegginga av fortapinga som skremselspropaganda i tradisjonell forkynning. Han problematiserer også den tradisjonelle frelsesforståinga som ekskluderande overfor andre livssyn ved at «kirken og de kristne» er ekskluderande i si framstilling av den einaste vegen til frelse (2011) .

Dette innebærer imidlertid selvsagt ikke at kirkene og de kristne ikke skal forstå Jesus Kristus som sin egen frelser. [...] Denne forutsetningen endres ikke for meg selv om andre sier noe annet, men i en dialog må jeg altså presisere at dette gjelder for meg som kristen (ibid.:81).

Stephanie Dietrich meiner det er på tide å nytolke rettferdiggingeringslæra under synsvinkelen; kva er det i denne læra som treff dagens menneske? Ho hevdar menneske i dag ikkje stiller dei same spørsmåla som Luther, og at ein difor må kontekstualisere læra inn i samanhengar som gjev meining for menneske i dag. Læra har mange aspekt ved seg, utover Luther sitt sentrale spørsmål om fred med Gud. Ikkje minst sett frå ei trinitarisk forståing (2005). Eit aspekt som er svært aktuelt i vårt prestasjonssamfunn haldast fram slik av Dietrich;

Du er ikke det du gjør, men du er det du er – et menneske, skapt og elsket av Gud, og som i kraft av Guds nåde og frelsende gjerning i Kristus er frigjort til et nytt liv. Ingen menneskelig gjerning eller prestasjon kan forandre noe ved dette faktum (ibid.:201).

Arne Redse syner til Stephen B. Bevans si klassifisering av ulike modellar som kontekstualiseringsteologar nyttar i seks typar. Dei to første omtalast som tekstbaserte, dei opererer med Skrifta som normativ. Dei fire siste ser han som kontekstbaserte, og i møtet med Skrifta får då konteksta det siste ordet. Redse er oppteken av at det i møte med nye kontekster syner seg trong for ei anna vektlegging av budskapet, enn det som fungerte best under

reformasjonen. Han oppfordrar til ikkje å vere snever lutherske i val av presentasjonsform og vektlegging, men understrekar likevel at det er viktig å vere bibelsk i substansen (2011).

Dietrich peikar også på at den lutherske forståinga av rettferdiggingeringa kan ha blitt ei «kvilepute» for lutherske kristne når det gjeld innsatsen for sosial rettferd. Ho meiner ein bør etterlyse ei sosial forståing av rettferd og rettferdiggingering, og viser til at ein i økumenisk samanheng har sett spørsmålsteikn ved ei einseitig juridisk-forensisk tolking av læra om rettferdiggingeringa. Forståinga må innebere menneske si totale anerkjenning, av verdigheit, livet sin uendelege verdi, særskilt der mennesket på ulike vis er utsett for usosiale tilhøve som foraktar mennesket sin verdi (2005). Ho meiner altså at rettferdiggingeringa også inneber rettferdigheit.

Eide er oppteken av at tradisjonell forkynning- og sjelesorgtradisjon har svikta det lidande mennesket, ved å ha eit einseitig fokus på tilgjeving av synd og ikkje på synda sine konsekvensar. Dette kan til dømes vere vanskeleg for fattige og rettslause menneske, som hungrar etter rettferd. Ein ser at dei fleste som kjem til sjelesorg, ikkje kjem med sine synder som problem, men med sine sår som er påført av andre sine synder. Eide etterlyser difor ei breiare forståing av Guds liding, eller sagt med Luther sine ord, kunnskapen om den krossfeste Gud (2007).

Ikkje minst er det nødvendig å gjenfinne to dimensjoner som nærmest har gått tapt i den norske forkynner- og sjelesorgtradisjon, den klassiske dimensjonen hvor Gud kjemper på menneskets side mot det onde, og dimensjonen av Guds kjærlighet til det lidende mennesket, rotfestet i han egen lidelse (ibid.:14)

Nokon gonger er ikkje synda *vårt* problem, men Satan og dei vonde åndene har skulda (ibid.).

Samstunders ser Eide rettferdiggingeringa som ein heilt ein sentral del av sjelesorga si sak, som framleis omhandlar mennesket sitt gudstilhøve (2005). Han seier fylgjande om reformasjonen;

Det sjelesørgeriske anliggende er reformasjonens hjerte. Reformasjonen er i bunn og grunn en sjelesorgbevegelse. Utgangspunktet var dypt eksistensielt. Ansikt til ansikt med Gud er det bare et spørsmål som er viktig: hvordan kan jeg bli frelst? (ibid.:260).

Olav Skjevesland held også fram at reformasjonen i realiteten blei løyst ut av eit initiativ som djupast sett var sjelesørgerisk. I dette har han også støtte frå Grevbo (2006). Luther finn

grunnlaget for sjelesorga i Skrifta og i læra om rettferdigginginga ved tru åleine. Trass endringar i kultur, tidskjensle og livsproblematikk, meiner Skjevesland dette har vedvarande verdi. Han påpeikar også at det i dag truleg kan høyrast eit átvarande ord frå den lutherske arva om «den billige trøyst» (1996).

Sann trøst sukrer ikkje synden, men fører som regel den ramsalte vei gjennom konfrontasjon og oppgjør. Synden må «gjøres stor» (peccatum magnificare), som Luther formulerte der under henvisning til Paulus i Rom 7. Så kan Nåden virkelig vise seg i sin storhet og gjenopprettende kraft (ibid.:78).

Jacobsen stiller spørsmål ved kor fjern menneske i dag sin kamp eigentleg er frå Luther sin sjelekamp.

Mye av det vi baler med var uaktuelt for Luther, og en hel del av det Luther kjempet med er uaktuelt for oss. Men likevel tror jeg at det å finne en nådig Gud, eller: det å bli klar over at hva som skal til for å være en frimodig og glad kristen, det er ikke bare senmiddelalder-menneskets problem. [...] Er jeg egentlig et Guds barn når det kommer til stykke? Går det an å være viss på det? [...] Ser Gud mot meg med smilende ansikt? (2002:14).

#### 4.2.4 Rettferdiggingingslæra sin plass i Plan for diakoni

Definisjonen av diakoni i *Plan for diakoni* (Kirkerådet 2008) er formulert slik;

«Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kaampen for rettferdighet» (ibid.:7).

Visjonen for planen er; «*Guds kjærlighet til alle mennesker og alt det skapte, virkeliggjort gjennom liv og tjeneste*» (ibid.:6).

Diakoni er altså definert som kyrkja si omsorgsteneste og som evangeliet i handling. Visjonen er Guds kjærleik til alle menneske. I denne samanheng er det då relevant å sjå på kva faktor læra om rettferdigginginga utgjer i Plan for diakoni, og særskilt under kapittelet «diakonien teologiske grunnlag». Det vi finn er at ordet «rettferdigginging» ikkje er nemnt i planen, og heller ikkje «tilgjeving av synd» eller «frelse». Planen har heller ikkje noko klart utalt om «himmelen» og «den evige dimensjonen».

Det som er teke fram under det teologiske grunnlaget, går på det å vere ei tenande kyrkje, på det kristne menneskesynet, på den menneskelege evne til å gjere det gode, og vidare at trua er

verksam i kjærleik, at Kristus er vårt føredøme, at Den Heilage Ande gjev tru, håp, styrke og vegleieing. Diakonien kjem til uttrykk gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. I tillegg er det også med noko som ligg tett opp til temaet rettferdiggjering. Dette går for det fyrste på å vere i Kristus, at alle ved dåpen får del i Kristus og i Guds kyrkje på jord. For det andre går dette på at diakonien er forankra og foreina med Jesu forsoningsverk, at Gud ville forsonne alt og alle med seg sjølv gjennom at Jesus død på krossen. Men her må det likevel påpeikast at det er ein vesentleg skilnad på læra om forsoninga og læra rettferdiggjeringa.

Nå sier Guds Ord vidare at denne forsoning mellom Gud og mennesket som Jesus har fått i stand ved sin død, blir et menneske til frelse når det tar imot dette i tro og setter sin lit til Jesu korsdød (Rom. 3,23-26; Ef. 2,8; Gal. 2,16). Den forsoning Jesus har tilveiebrakt ved sin død, er altså *grunnlaget* for menneskets frelse, mens troen og tilliten til denne forsonergjering virker at det enkelte mennesket blir *frelst* ved denne. Det som skjer når et menneske tar imot budskapet om Jesu korsdød i tro, kaller Bibelen *rettferdiggjørelse av tro* (Gal. 2,16). Da tilregner Gud synderen Jesu Kristi rettferdighet, d. e. Guds egen rettferdighet, så det syndige menneske blir frikjent og tatt til nåde på tross av sitt opprør og fiendskap (Valen-Sendstad 1979:250).

Til tross for at forsoninga dannar grunnlaget for at mennesket kan rettferdiggjera ved tru, er det ikkje slik at forsoninga er å forstå som objektiv og rettferdiggjeringa som subjektiv, slik at det i det eine tilfellet er Gud som handlar, og i det andre er mennesket. Forsoninga er grunnlaget for rettferdiggjeringa, på ein slik måte at Jesu krossdød er grunnlaget for at Gud kjenner eit menneske rettferdig ved trua på Jesu korsdød (ibid.). Det er altså berre gjennom rettferdiggjering at det einskilde mennesket vert frelst.

I økumenisk samanheng har ein i dei seinare åra sett spørsmålstein ved den juridisk-forensiske tolkinga av rettferdiggjeringa som for einsidig fokusert. Ei sosial forståing av rettferd og rettferdiggjering har vore etterlyst (Dietrich 2005). Ser ein på Plan for diakoni, ser det derimot ut til at den sosiale forståinga i stor grad er teke omsyn til og gjeve fokus.

I tillegg til at diakonien vert definert som evangeliet i handling og at visjonen er Guds kjærleik til alle menneske, kan ein også lese rettferdiggjeringa inn i dei fylgjande formuleringane;

Det teologiske utgangspunktet for diakonien finnes i det oppdraget Gud har gitt kirken og som kommer til uttrykk i vår samlede kristne tro (Kirkerådet 2008:9).

Kirken er på en særlig måte kalt til å møte de åndelige eller religiøse behovene som ligger innvevd i menneskers nød og smerte (ibid.:13).

Det er et diakonalt anliggende å legge til rette for livgivende møter med Kristus (ibid.:20).

Likevel er det ikkje konkretisert eller skreve noko eksplisitt om rettferdiggjering, frelse eller tilgjeving av synd.


### 4.3 Samanfating av teorien skissert i ein modell

Vi har i dette teorikapittelet sett på den lutherske læra om rettferdiggjeringa og på luthersk sjelesorg. Dette skal vi kort summere opp og utleie i sju sentrale kategoriar for den vidare analysen av empirien. Kategoriane skal vi også nytte i ein modell, skissert som ein forklaringsfigur, for å visualisere samanhengen i det teoretiske utgangspunkt for analysen. Kategoriane i modellen er bygd på teorien om rettferdiggjeringa og Braaten si vektlegging og forståing av rettferdiggjeringa i luthersk sjelesorg. Kategoriane framstillast i avslutninga på teorikapittelet, og visualiserast i ein illustrerande modell, som nyttast i den vidare analysen, tolkinga og drøftinga. Det er påpeika i metodekapittelet at ei utfordring knytt til slike forklaringsmodellar kan vere å framstille ei forenkling, utan at forklaringa av kompleksiteten går tapt (Thagaard 2011). For å unngå dette finn eg det difor viktig å understreke kva modellen syner og kva den ikkje har med.

Illustrasjonen synleggjer at menneske som blir *i Kristus*, - set si lit til Jesu død på krossen, blir rettferdiggjort. Dette dannar grunnlaget for *heilag tru* og *heilag gjerning*. Dette er synleggjort gjennom den velkjende forklaringa av krossen, der den diagonale lina syner eit oppgjort og open tilhøve mellom Gud og menneske, og den horisontale lina syner Jesu død på krossen som forsoningsgrunnlag for menneska i mellom, og til alt det skapte. Den som er i Kristus får Den Heilage Ande i gåve, som gjev ei heilag tru og heilage gjerningar. Utanfor krossen ser vi fire avvegar for menneska sitt frelsesgrunnlag. Dei byggjer på Braaten sine «tre Babeltårn», *intellektuell tru*, *moralisme* og *emosjonell tru*, der menneska i eigen kraft freistar å nå frelsa, og på ein fjerde avveg, der menneske ved *lovløyse og likesæle* freistar å vere sin eigen herre, og ikkje bryr seg om Guds lov og vilje.

Denne modellen dannar grunnlaget for den vidare analysen og tolkinga. Men det må seiast at fleire sider ved det teoretiske perspektivet kunne vore trukke fram. Til dømes vil det finnast fleire menneskelege avvegar for mennesket sitt frelsesgrunnlag. Men denne framstillinga er

likevel bygd på sentrale trekk ved det teoretiske perspektivet. Det må også seiast at kategoriane til dels går inn i kvarandre og er overlappande.



## Rettferdiggjort i Kristus

Alle menneske ligg etter Guds rettferdige lov under dom, på grunn av syndefallet. Men alle kan ta imot Guds tilgjeving og bli erklært rettferdige ved å tru på Jesus, utan gjerningar. For Jesus har teke skulda på seg og sona menneska si straff. Mennesket kan i staden for skulda få tilrekna Jesu rettferd, slik at Gud ser ein i Kristus. Men sjølv om dei som trur er tilgjevne, må dei framleis kjempe med sin syndige natur, for kjøtet og Anden kjemper mot kvarandre i mennesket sitt indre. Rettferdiggjeringa er ikkje å forstå som ein prosess der ein vert meir eller mindre rettferdiggjort. Det er snakk om eit vere eller ikkje vere. Likevel treng ein å ta imot Guds tilgjeving på ny og på ny. Ordet «rettferdiggjering» er ikkje det viktige, men at ein refererer til «tilgjeving av synd». For tilgjeving av synd er det einaste som kan bygge bru mellom Gud og menneske.

## Heilag tru

Spørsmålet «Korleis skal eg klare å tru?» er det ikkje reint få som kan kjempe med. Men også trua er ei gåve. Ho veks fram når ein høyrer evangeliet om Jesus, som er trua sin opphavsmann og fullendar. Dette kan mennesket sette si lit til, sjølv om ein ikkje med fornuft eller kjensle kan gripe det. Det handlar altså ikkje om trua i seg sjølv, men om kven ein trur på. Det er ikkje skilnad på kristne og ikkje kristne sin menneskenatur, men skilnaden ligg i å vere «i Kristus». Ein får del i det nye evige livet ved trua på Jesus og gjennom dåpen. Trua er også eit mirakel av nåde, og ikkje menneskeverk.

## Heilage gjerning

Ved rettferdiggingeringa får ein Den Heilage Ande i gåve. Anden skaper frukter etter Guds vilje. Når Paulus seier «lev eit liv i Anden» er ein over i heilaggjeringa, som er ein prosess der Anden får gjere si gode gjerning i mennesket. Men dette er også verka av Gud åleine, ved at den truande tek imot Ordet og sakramenta. Det er også viktig å understreke at Lova framleis er utrykk for Guds vilje og heilagdom, men ikkje som grunnlag for rettferdiggingeringa.

## Intellektuell tru

Ein av måtane ein kan freiste å «bygge tårn til himmelen på», og som er ei misoppfatning av frelsa, at den handlar om eigen innsats, er gjennom intellektuell tru. Ein trur då frelsa skjer ved tru på doktrinar som er anten er sjølvinnlysande rasjonelle eller sertifisert ved ein autoritet som har blitt rasjonelt demonstrert. Entusiasme for tru på kristne doktrinar kan bli ei forvringing av tru på Guds nåde åleine, fordi ein set si tillit til sin kognitive aksept av sanne doktrineidear. Ein blir meir glad i korrekte doktrinar enn innhaldet i dei. Ein trur frelsa kjem ved trua på eit tanke-system, i staden for ved trua på Guds nådige kjærleik i Jesus Kristus.

## Moralisme

Den andre stigen er moralisme, som også kan kallast loviskheit. Moralisten set si lit til etiske dydar og lojalitet gjennom plikter. Det essensielle er lydnad mot guddommelege bod. Kristne moralister har ein tendens til å tolke Jesus som ein ny Moses som gav oss ei ny lov, og blir sett på som ei mektig inspirasjonskjelde til å halde Guds lov. Farisearisme ligg tett opp til dette, som gjennom å fylgje lova, vil gjere seg sjølvrettferdige for Gud. Men lova kan ikkje produsere tru, og lovgjeringar kan ikkje føre til eit liv i fridom og nåde.

## Emosjonell tru

Den tredje stigen for å freiste å nå frelsa er den emosjonelle måten. Ein føreskrive då spesielle typar av religiøs erfaring som naudsynt grunnlag for fellesskap med Gud. Denne tilnærminga oppfører seg som om den religiøse evne var lokalisert i kjensleområdet. Religiøs lovprising blir då eit høve til å kjenne Guds nærvær. Faren er at menneske kan bli lurt til å sette si lit til flyktige kjensler, medan sanninga er at Gud ikkje forlangar noko særskild religiøs erfaring eller nokon entusiastisk respons på tilbodet om nåde og tilgjeving.

## Lovløyse og Likesæle

Evangeliet er ikkje Guds ord om det vert åtskilt frå lova. For evangeliet kan ikkje tilgje, setje fri og fornye om ikkje lova fordømer, straffar og fangar. I det religiøse liv står lova og evangeliet i eit vekselstilhøve til kvarandre. Om ikkje evangeliet får posisjon som hjelp mot bakgrunnen for demonisering, synd, vreide og helvete, blir det redusert til å berre vere ein søt bodskap av positiv tenking.

## 5 Analyse og tolking av empirien

---

Vi skal i dette kapitlet analysere og tolke empirien med utgangspunkt i dei sju kategoriane frå oppgåva sitt teoretiske utgangspunkt, og vidare sjå empirien i lys av litteraturen. Når det siterast frå BKA sine brev nyttast B (for brev), romartal (for nummer på brev) og tal (for sidetal).

### 5.1 Rettferdiggjort i Kristus

#### 5.1.1 Analyse og tolking av empiri

I samlinga sitt fyrste brev er BKA særskilt oppteken av tematikken om «det ene Fornødende», men også vidare i brevsamlinga står dette sentralt. Ho minner om kor viktig det er å stille seg det fundamentale spørsmålet; B. I,9: *«Hvad skal eg gjøre, at eg kan blive salig?»* Det er dette som er «det ene Fornødende», å ha omsorg for sjela sitt evige vel, og vinne evig frelse. B. XV,50: *(...) ville give Dig en kjærlig Erindring om det ene Fornødende, nemlig Omsorg for vore udødelig Sjæles evige Vel og frelse (...).*

BKA undrar seg vidare over kvifor folk kan halde seg likesæle til dette eine naudsynte, og tenkjer at dette nok handlar om ei visse utan sjølvprøving, som gjer ein ukjend med sin sjelelege tilstand.

B. I,9: Men hvad er ber Aarsag til denne store Ligegyldighed i saa vigtig en Sag? Er det ikke Sikkerhed, at Mennesket indbilder sig, her er Fred og ingen Fare og lader saa en Dag gaa bort efter den anden uden nøiagtig og alvorlig Selvprøvelse (...) og derfor ved ikke Menneskene sin Tilstand og kjender ikke sin Sjælenød og aandelige Spedalskhed (...).

Vidare er ho oppteken av å åtvare mot den evige fortapinga, og mot å bli vist bort frå Guds ansikt til gråt og «tenners gnidsel». At dette er viktig å tenkje mykje på, går att i mange av breva.

B. XIV,48: O, elskede venner! Jeg vil derfor kjærlig raade Eder som mig selv, at vi nøie prøve vor Sjæls Tilstand efter Guds Ord og Jesu rene Lære, saa at vi ikke skulle blive bedragne ved dages ende og tabe Guds Naade og vor Sjæls Salighed, hvilket er et saa stort tab, at det i al Evighed ikke kan oprettes igjen.

Ikkje minst formaner ho gjennom breva til å søkje Guds nåde før det er for seint.

B. VII,26: (...) at Herren vilde forlene os Naade til saaledes at anvende denne naadens dyrebare Tid, at vore Sjæle maatte lutres og beredes til en salig Evighed.

BKA legg vekt på tilgjeving av synd, som grunnlag for frelse - og for å bli erklært rettferdig av Gud. Denne reinsinga av sjela og fornyinga av Anden er det berre Gud som kan verke. Ho bruker bilete frå Bibelen om den gode hyrde som søkjer etter det fortapte, og historia om korleis koparslangen var redninga for dei forgifta israelittane, for å syne Jesus som menneske si redning mot syndegifta. Ho skildrar synda som ein vedvarande trussel som mennesket må kjempe imot ved Jesu kraft.

B. I,10: (...) at det altsaa ikke er nok at aflægge udvortes grove Laster, men vi behøve en fuldkommen Renselse i Jesu Blod, vi behøve at fornyes i vor Sinds Aand, før vi kunne aflægge det gamle Mennesket og iføre os det nye, som er skabt efter Gud i rettferdighed og Sannheds Hellighed.

B. VIII,31: (...) at de maatte gjøre Eders blodrøde Synder snehvide, og at I ved hans Dødskraft maatte døde og dræbe enhver Synd, der vil gjøre Skilsmiske imellem os og Gud, saa at I kunne fornyes til hans Billedes Lighed igjen (...).

Mennesket strekk ikkje til overfor Gud, på tross av gode gjerningar. For alle gjerningar er smitta av det vonde. Ho brukar gjennomgåande bilete om kleder for å beskrive den sjelelege tilstand.

B. VI,24: (...) saa at om vi end leve nok saa ærbart et Levnet, saa ar dog alle vore Gjeringer som et besmittet Klædebon og ganske utilstrekkelige til, at vi derfor skulle kunde gjøre os haab om himmelen og Saligheden.

Mennesket treng å få tilrekna Jesu rettferd, for å kunne bli erklært rettferdig av Gud. Ho brukar også her bilete om klednad; den rette brudekledning og rettferds kjortel. På ulike vis held ho også fram «det salige byte» mellom fortaping og frelse som skjer ved rettferdiggjeringa av mennesket; dødsdag blir til forløyingsdag, syndestand til nådestand og det elendig hjarte blir reinsa for ein dyrkjøpt pris.

B. XII,41: (...) thi vi kunne hverken have Frimodighed i Døden eller bestaa for Dommen, uden vi her i Naadens Tid komme i Samfund og Forening med vor Frelser og hertelig bede ham, at han vil antage sig vor sag og skjule vore Syndesaar med sin Retferds kjortel (...).

B. L,142: (...) han, som kjøbte os hverken med Guld eller Sølv, men med sit hellige og dyrebare Blod; (...) og dog begjærer han ...] ingen høiere Løna af os, end at vi blot skulle give ham vore usle og elendige hjerter.

Fleire stader har BKA ei tilnærming til den menneskelege liding, som ein naudsynt del av Guds handling, for at menneska skal nå det endelege målet i himmelen. Det verkar som ho tenkjer at det er ei meining også i det vonde som skjer menneska, og at det også er Gud som står bak dette. B. XIII,45: (...) *han, som er den rette og sande Samaritan og Sjølelæge, da kommer han med Vinen og Oljen, ja baade med Aandens Tugt og Trøst (...).*

B. LI,144: (...) der iblandt Engle og Udvalgte evigt at love Gud baade for det Sure og det Søde, ja baade for det Glædelige og det Sørgelige, som han efter sin evige Visdom fandet for godt at tildele os her i Prøvelandet (...).

### 5.1.2 Empiri i lys av litteratur

«Korleis kan eg finna ein nådig Gud?» var det fundamentale spørsmålet Luther stilte seg (Jacobsen 2002). Vi ser også at BKA på lik linje med Luther er oppteken av spørsmålet; «*Kva skal eg gjere for å bli frelst*» (B. I,1), som det heilt sentrale og «eine naudsynte» å finne svar på. Dette synleggjer kor aktuell den lutherske læra om rettferdigginginga også er hjå BKA. Vi veit at «*pietismens far*» Philipp Jacob Spener også vart kalla lutherdomens andre reformator, og at det sentrale i pietismen var det enkelte mennesket sitt gudstilhøve (Oftestad 2011). Omsorg for den udødelige sjela sitt evige vel og frelse, skriv BKA (B. XV,1). Dette personlege fokuset på trua ser vi også i BKA si undring over menneske si liksæle til sin sjelelege tilstand og mangel på «*sjølvprøving*» (B. I,2). Fet skriv at det haugianske synest på litteratur var at alt som drog tanken bort frå «det eine naudsynte» var av det vonde. Litteraturen sitt mål måtte vere å hjelpe menneska til å vinne frelsa (1995). BKA er då godt plassert innanfor denne litterære sjangeren, med sine brev. Braaten held fram rettferdiggingingslæra som det som fyrst og fremst er viktig for luthersk sjelesorg. Det handlar om ei forankring i personen Jesus Kristus, som også romar det evige. Dette gjev sjelesorga eit naudsynt kerygmatiske tilsnitt, og samstundes eit unikt høve i møte med menneske si sjelelege naud (Grevbo 2006). Braaten meiner også at trua må tileignast personleg, ved at ein heilt og

fullt set si tillit til det Jesus har gjort for ein. Men han åtvarar mot å setje tillit til noko i seg sjølv (1990).

Fet skildrar korleis haugianarane bar preg av eit alvor og hadde ein livsstil mange opplevde som ei tvangstrøye (1995). Dette alvoret ser vi mellom anna gjennom dei mange åtvaringane hennar mot den grufulle fortapinga, men utan at breva ber preg av sterk utmaling av dette. Ho formantar også gjennomgåande om å søkje nåde i rette tid, og kjempe mot synda i Jesu kraft. BKA skildrar korleis ho vaks opp med særskilt mora sine åtvaringar mot alt det vonde, mot å falle i synd og laster (1978), og ein kan stille seg spørsmål sett i lys av dagens moderne psykologi (Grevbo 2003), om ikkje dette også kan ha sett eit viss preg på hennar mjuke barnesinn, og gjort sitt til å forme henne som den alvorlege og «gudhengjevne» kvinna ho synte seg som. Jamfør korleis ho som barn gret seg i søvn på grunn av si synd og kjende djevelen sine angrep som bøsseskot, som gav henne angst og uro, noko ho ikkje ein gong torde fortelje mor si om (Aarflot 1978).

Braaten peikar på at det sentrale ved rettferdiggjeringa er tilgjeving av synd, som er det einaste som kan byggje bru mellom menneske og Gud. Det er eine og åleine Gud som kan rettferdiggjere mennesket (1990). Dette stemmer overeins med BKA si oppfatning av syndstilgjeving som den einaste vegen til frelse, og at mennesket i si eiga kraft kjem til kort overfor Gud,. Difor er det eine og åleine han som kan verke frelsa. Tilgjeving av synd dannar grunnlaget for at ein kan erklærast rettferdig for Gud, og at ein får då del i det ein kan kalle «eit salig byte» (B. VIII,5/ B. V,2/ B. XII,2/ B. L,1 ).

Eide er oppteken av at tradisjonell forkynning- og sjelesorgtradisjon har svikta det lidande mennesket, ved å ha eit einseitig fokus på tilgjeving av synd og ikkje på synda sine konsekvensar. Han etterlyser difor ei breiare forståing av Luther sine ord, kunnskapen om den korsfesta Gud (2007). Skulda må altså plasserast der ho høyrer heime. I BKA sine brev er lidinga framstilt meir som Guds visdomsfulle handling mot menneska, som har ei meining for at ein skal nå målet i himmelen, og som er ein del av det å vere i verda (B. XIII,2/B. LI,1). Fokuset hennar er gjennom det heile på mennesket si synd, som kan skilje ein frå Gud, og ikkje på sår som andre kan ha påført ein.

## 5.2 Heilag tru

### 5.2.1 Analyse og tolking av empiri

Gud er den som både skaper og held oppe trua i mennesket. Ved sin Ande vekkjer han mennesket til å sjå at det treng Jesu nåde og tilgjeving.

B. XV,53: Saa være du takket for Alt, o velsignede og kjære Frelse, du som er Troens Begynder og Fuldkommer, der baade begynder den gode Gjerning i os og fuldender den; o, udfør dit Naadeværk i vore Sjæle og forny os dagligen til dit Billedes Lighed (...).

B. VI,24: Gid at den Guds Naade, som har arbeidet paa dit hjerte, maatte faa virke i Dig den Bedrøvelse efter Gud, som virker Omvendelse til Saliggjørelse (...).

Som kristen må ein framleis kjempe med sin syndige natur. Heile skilnaden ligg i om ein har Jesus som frelsar. IX,35: (...) *hvo, som har Sønnen, har Livet, men hvo, som ikke har Guds Søn, han har ikke Livet, men Guds Vrede bliver over ham.*

VIII,32: Ja, naar jeg prøver mig selv, saa finder jeg saa meget Udødet og saa megen Urenhed i Tanker, Ord og Gjerninger, at jeg synes den hellige og rene Gud maa anse mig med Væmmelse.

BKA syner til alt ein har ved å vere i Kristus. Å vere «i Kristus» vert ein identitet for den truande. Dette kjem særskilt fram gjennom korleis ho titulerer fleire av brevmottakarane sine.

B. II,13: *Elskelige Søster i Kristo!*

B. XIII,44: Dog ikke nok dermed at du udsto Straffen i vort Sted, betalte Gjælden for os til sidste Skjerv, fuldkommede Loven for os og tilfredsstillede saaledes Guds rettfærdige Nidkjærhed imod Synden, thi Gud var i Kristo og forligte Verden med sig selv, - men endnu den Dag i dag (...) har du dog uudsigelig megen Møie med og for os (...).

B. XV, 52: (...) og af hans Vunder og Saar, som ere de rette og sande Saligheds kilder, kan enhver troende Sjæl dagligen igjennem Ordet hente et nyt Liv og Lægedom, Trøst og husværelse, Kraft og Styrke til at fortsætte Reisen igjennem Verden Ørken (...).

Ho ser på dåpen, og også konfirmasjonen, som ho reknar som ei stadfesting av dåpen, som eit atterfødingsmiddel og som ei pakt. Men mennesket har brote denne pakta ved ikkje alltid å vere trufast mot Gud. Ein må difor ikkje forsøme å nytte Guds Ord, som er det andre atterfødingsmiddel.

B. XIV,48: (...) saa behøve vi ligesaavel som David at bede om Hjertets Renselse og Forandring; thi da vi ved tiltagende Aar og Alder ikke have havt vor Daabes Pagt for Øie, som vi have lovet, saa have vi tabt Daabens første igjænfødende Naade, og vi maa derfor ei forsømme at benytte det andet Igjænfødelsemiddel, som er Guds Ord, den uforkrænkelige Sæd.

B. XV,51: (...) og altsaa have vi brudt Pagten imellem os og Gud og været vort Løfte utro, da vi dog ved vor Konfirmation selv have gjentaget vort Daabes Løfte og lovet vor Gud en bestandig troskab.

Å nytte Guds ord som grunnlag for si tru ser BKA som avgjerande.

B. III,17: (...) men har Mennesket ikke lært at kjende sig sjølv, og har det ikkje i Guds Ord og Aand Grund for sit Haab, da er det kun Indbildning, og mennesket bygger da på Sand (...).

B. XIII,47: O, sødeste Frelser, du, som er Troens Begynder og Fuldkommer, bevar du dine Naadens Børn, hvor de ere og findes i verden, og ophold os Alle i Ordet og i Troen indtil vi dø.

## 5.2.2 Empiri i lys av litteratur

Også trua er ei gåve, og ho veks fram når ein høyrer evangeliet om Jesus (Ef 2:8, Rom 10:17), trua sin opphavsmann og fullendar (Heb 12:2). Mennesket kan difor feste lit til evangeliet om Jesus. «*Det er altså ikke troen i seg selv som frelser, men det som troen er tro på (Jesus og hans verk) frelser mennesket*» (Henriksen 1994:198). Berre Gud skaper og held trua oppe. BKA gjentek fleire gonger at Jesus er trua sin opphavsmann og fullendar, og at ein på nytt og på nytt får fornye seg i trua, gjennom dagleg omvending (B. I,10/B. XV,53/B.VI,24).

Wisløff syner til Luther sitt utsegn om at ein kristen både er rettferdig og syndar på same tid. Dei som tek si tilflukt til Jesus, har ved det fått ein ny identitet som tilgjevne syndarar. Det er altså ikkje skilnad på kristne og ikkje kristne sin menneskenatur. Heile skilnaden ligg i å vere «i Kristus» (1983). BKA syner til korleis Gud framleis må tole «møie» frå menneske, sjølv om det er kristne menneske (B. XIII,1).

BKA skildrar alt ein som kristen har «i Kristus», som nåde, nytt liv, legedom, trøyst, kraft og styrke. (B. XIII,44/B. XV, 52) Ein får tilrekna Jesu rettferd i staden for si eiga skuld, slik at Jesu liv gjeld i staden for mennesket sitt liv når ein skal stå til rekneskap for Gud (Heb 4:13). Gud ser då mennesket «i Kristus» (Rom 8:1). Dermed får den kristne sin identitet i Kristus, slik BKA titulerer fleire av brevmottakarane sine (B. II,13). Ved rettferdigginga får ein også Den Heilage Ande i gåve, som skaper frukter etter Guds vilje (Ef 1:13-14).

Dåpen, og konfirmasjonen, ser BKA som middel til atterføding, og ei pakt. Men ho er også klar på at menneske bryt denne pakta ved ikkje å vere tru mot Gud. Difor er Guds ord, som ho kallar det andre atterfødingsmiddelet, også heilt naudsynt. Dagens diakonale syn i fylgje Plan for diakoni (2008), er at alle ved dåpen får del i Kristus og Guds kyrkje på jord. Trongen for seinare stadfesting av dåpen, eller for at Guds ord må få verke i mennesket og halde det i Kristus ved trua, er derimot ikkje understreka.

Fet held fram at hovudpunktet for Haugianarane var bruken av Ordet (1995). Gjennom Hauge fekk denne pietistiske nedarva tradisjonen si oppblomstring og fornying. Guds ord gav den rette norm for livet og læra, og andre skrifter skulle berre brukast dersom dei samsvarte med Bibelens lære om dei viktige tinga i kristendomen (Aarflot 1967). Vi ser også at BKA understrekar at mennesket må byggje sit håp på Guds ord åleine. Har ein bygd på noko anna, har ein bygd sitt hus på sand (B. III,17). Som eit viktig aspekt ved luthersk sjelesorg understrekar Braaten Guds ord er som eit tveggja sverd, som både lov og evangelium, dom og nåde. Ein sjelesørgjar som ser vekk frå konfidenten si etiske forvirring eller moralske feilhandling, gjev ikkje ein ekte aksept, med berre tilsynelatande hjelp (1990).

## 5.3 Heilag gjerning

### 5.3.1 Analyse og tolking av empiri

Den Heilage Ande er den som overtyder ein om synd, og at ein difor treng Guds nåde.

B. I,10: O, maatte da den helligaand faa fuldføre helliggjørelsens Virkninger i våre Sjæle, maate han ret faa aabne vore aandelige Øine og vise os vor Synds Urenhed og Vederstyggelighed, paa det vi som arme og besværede Syndere maate føle vorStore Trang til Naade og i denne Trang søge hen til Salighedens Kilde.

B. L,142: Den kjære Frelser har længe og vedholdende arbeidet paa vore Hjerter, og al vor Modvilje og Sendrægtighed har ikke kunnet udtrætte hans store Langmodighed og Kjærlighed, men han har stedse forsøgt paa mange Maader og ved mange Midler at faa drage os nærmere til sig og sit kjærlige Hjerte.

Den Heilage Ande lærer ein også å tenke og handle meir etter Guds vilje. Dette handlar om å vere i den daglege helginga, og dagleg søkje Guds nåde. B.I,13: *Giv Gud, at Mange Lyst maa kjende at leve efter herrens Bud.* B. XI,37: *O, gid at jeg med den bodfærdige Synderinde kunde elske meget, fordi mange Synder ere mig forladte.*

B. II,14: (...) at han selv vilde rens Dig og skabe Troen i Dig, saa dit hjerte kunde blive den helligeaands Tempel og Bolig, i hvilken han fik bo og virke, saa han kunne skabe et nyt Liv i Dig og virke Tro og Kjærlighed i Dig, som er baade Lovens og Evangeliets Regel; da følge andre Aandens Frukter deraf, og da først er det sande og gode Gjæringer og behageligt for Gud; thi hvad som ikke gaar af Troen, det er Synd, om det end synes nok saa godt.

BKA ber om å få vere ein reiskap for Gud gjennom brevskrivninga si, ved Guds nåde. Ho gjev Gud æra for folk sine gode evner. B. LV, 152: *Ja, den almægtige Gud, som har skjænket Dig saa gode Sjæls Evner (...).*

B. II,13: (...) gid alle de Ord, jeg fremfører, maatte virkes at hans Aand og ske til hans Ære, saa det kunde blive os et Middel til Tilskyndelse og Bestyrkelse i det sande Gode.

Den Heilage Ande nyttar Guds ord for å gjere si gjerning. B. IV,21: (...) *thi Bønnen og Guds Ords Betragtninger ere de kraftigste Midler til at dæmpe Kjødets Knur og Utaalmodighed med.*

B.VIII,29: O, paakalder da i tide Gud om hans oplysende Naade, som kan lære os at skjelne mellem Godt og Ondt, og beder herren om Visdom til at udvælge det Bedste. O, at dog hans Ord, der er som et tveegget Sværd, maate faa trænge ind paa mange hjerter med Kraft og Virkning (...).

BKA ber for dei som forkynner Guds Ord, og har nød for at mange må bli frelst. B. XIII, 46: *Tak, fordi du lader dette dit Ord endnu den Dag i dag forkynde og ved dine Tjenere kalder og indbyder yil den Store Nadvere.* B.XLV,132: *Ja, give Gud, at ret Mange vilde betænke i tide de Ting, som tener til deres Fred og ikke være likegyldige i en saa vigtig Sag.*

BKA held fram at Gud fullender si kraft i det skrøpelege. B. LVI, 157: *Vor egen Kraft er intet værd, vi ere snart overvundne.*

B. LVI, 157: (...) at jeg føler mig ofte svag baade paa Legeme og Aand, saa at jeg synes om mig selv, at jeg er lig et Barn, der lærer at gaa og som ikke kan slippe Stole eller Bænke uden at det falder (...).

### 5.3.2 Empiri i lys av litteratur

Braaten understrekar at evangeliet ikkje er Guds ord om det vert åtskilt frå lova. For evangeliet kan ikkje tilgje, setje fri og fornye om ikkje lova fordømer, straffar og fangar. Etter Reformasjonens læretradisjon trur ein at lova ikkje kan skape tru, og at lovgjeringar ikkje kan føre til eit liv i fridom og nåde. Trua er også eit mirakel av nåde, som verkast ved Den Heilage Ande (1990). BKA skriv om at Den Heilage Ande overtyder både om synd og at ein treng Guds nåde (B. I,10/B. B. XIV, 49/B. B. L,142).

Ved rettferdiggjeringa får ein også Den Heilage Ande i gåve. Anden skaper frukter etter Guds vilje (Ef 1:13-14). Når Paulus seier «*lev eit liv i Anden*» (Gal 5:16-25) er ein over i heilagginga, som er ein prosess der Anden får gjere *si* gode gjerning i mennesket. Men også dette er verka av Gud åleine, ved at den truande tek imot Ordet og sakramenta (Fil 1:6, Gal 5:22 ff). Ein lærer då å tenkje og handle meir etter Guds vilje, slik BKA er oppteken av og ber om i sine brev (B.I,13/B. II,14/B.III,18/B. XI,37).

BKA la vekt på å reinsa og pryde sjela, - det skjulte mennesket. Hjarta si reinsing handla ikkje om ei ytre etterleving av ei kristeleg sedelegheitslære. Berre Jesus kan skape eit nytt hjarte og ved si syndstilgjeving gje nytt liv, såg ho (Heggtveit 1893). BKA ber om å få vere ein reiskap for Gud og gjev Gud æra for gode evner (B. II,13/B. LV, 152).

BKA skriv at Den Heilage Ande nyttar Guds ord for å gjere si gjerning (B.IV, 21/B.VIII,29). Heggtveit skildrar korleis BKA hadde ein djup lengsel etter Anden og hans gjerning, og såg på Guds ord og sakramenta som løyndomsfulle reiskaper for Anden. Andens store gåver for BKA var nåden og bønna, som kom direkte frå himmelen. Ho kallar Anden den himmelske sjelesørgjar (1893).

Å be for dei som forkynte Guds Ord la BKA også vekt på. Ho bad at Gud måtte arbeide med sine tenarar, og at Anden måtte fylle dei med si løyndomsfulle kraft (ibid.). Hennar omsorg for dei som forkynner - og ei tilsvarande naud for at mange må bli frelst - kjem sterkt fram i breva hennar (B. XIII, 46/ B.XLV,132).

BKA held fram at Gud fullender si kraft i det skrøpelege (B. LVI,157/B. LVI, 157/B. IV,21). Braaten peikar på at det grunnleggjande problemet for menneskeleg eksistens er at vi ikkje

kan gjere det vi skuldar å gjere. Vi kan ikkje heve oss opp til Guds nivå, i ein total rein og gjensidig relasjon. Å snakke om sin kjærleik til Gud blir då faktisk å elske ein gud skapt i sitt eige bilete hevdar han. For den naturlege menneskekjærleik til Gud er ei pervertert form for kjærleik til seg sjølv, i fylgje Braaten (1990).

## 5.4 Intellektuell tru

### 5.4.1 Analyse og tolking av empiri

Omvending og trua sin rette orden er ein føresetnad for å bli frelst. Levande trua er kjenneteikna ved endring i mennesket sitt hjarte og i mennesk si handling.

B. I,10: (...) thi kun saadanne arbeidende og besværede Sjæle er det, Jesus lover hvile, kun dem, som hungrer og tørster efter Retfærdighed, lover han at ville mætte, og uden i denne Omvendelsens og Troens rette Orden haver han ikke givet noget Løfte om Naade og Synds Forladelse (...).

B. XIV,48: Lad os derfor lægge Mærke til de Stykker i vor Forklaring, som vise os Forskjellen imellem den døde og levende Tro. Pontoppiden siger, at den Tro, som skal fatte Kristus, maa oppvækkes i vor syndige Kammers Følelse, og at den døde Tro er en falsk Indbildning, som ubodfærdige Syndere gjøre sig selv om at faa Naade, endskjønt de ikke ville omvende sig og søge Naade i den rette Orden, men blive forandrede, da dog Troens Art er at forandre Mennesket. Her have vi et kjendetegn paa den levende Tro, nemlig hjertets Forandring og vort Levnets Forbedring (...).

Med sant alvor skal ein trakte etter det sanne, rette og gode meinte BKA.

B. II, 13: (...) at du med sand Alvorlighed tragter efter at blive ret frigjort og løst baade fra Syndens Magt og dens Herredømme (...).

B. LV, 154: Han, den himmelske Frelser, drage da selv alle vore Sjæls Længsler opad efter sig og gjøre os ved sin Aand og Naade til fyrige og flittige himmelløbere, der med sand Alvorlighed jage efter hans Kraft og Naade (...).

Det er viktig å prøve seg sjølv nøyaktig etter alle boda, om ein kjenner avsky for alt det vonde og om Den Heilage Ande har fått gjort si gjerning i sjela.

B. VIII,29: (...) O, forhaler dog ikke Tiden, men begynder endog i dag at anstille en nøiagtig Selvprøvelse, ransager ethvert af herrens Bud og spørge saa Eders egne Hjerter, om I have efterlevet dem, ser ikke alene paa de udvortes grove Laster og aabenbare Kjødsgjerninger; men legger mærke til, at had i hjertet anser Gud for et aabenbart Mord; thi Gud anser hjertet mere end handen (...) og dersom Mennesket ikke har Afsky derfor og strider efter Evne derimod, da er det mægtigt nok til at skille ham ved himlen og Saligheden.

B. XIV,49: (...) Menneskene forstaa sig ikkje paa den aandelige Omskjærelse eller at gjenfødtes, hvilket dog er saa ganske fornødent for alle dem, der ville blive salige. Pontoppidan underetter os i det 487 de

og 488de Stykke i vor Forklaring nøie om disse tvende Stykker med mange andre i den tredie Artikel; og meget magtpaaliggende er det at prøve sig derefter, for at erfare, om den Helligaand har havt sin Gjerning i vor Sjæl og vi ved en sand hjertets Omvendelse ere oversatte af Syndestanden til Naadestanden, fra Satans Magt til Gud.

Å ta imot hjelp og sette si lit til Herren må ein lære å gjere på rett vis. B. XLIX, 140: *O, at vi da ret maatte lære at overlade os i hans Haaand og Vilje (...)*. B. LIII, 148: *Ja gid vi alle maatte ret lære at tage vor Tilflugt til ham og hans Naade og altid at haabe paa ham og forvente i Troen hans hjælp (...)*.

### 5.4.2 Empiri i lys av litteraturen

BKA framstiller omvendning og trua sin rette orden som ein føresetnad for å bli frelst, og at skriv at levande tru er kjenneteikna ved merkbar endring i mennesket (B. I,10/B. XIV,48/B. III,17).

Då er det viktig å nøyaktig prøve seg sjølv etter alle boda, om ein kjenner avsky for alt det vonde og om Den Heilage Ande har fått gjere si gjerning i sjela (B. VIII,29/B. XIV,49). Dette gjenspeglar tilliten hennar til Pontoppidan si forklaring. Forklaringa heldt fram at ei sann omvendning og ei levande tru er avgjerande. Den åtvara også mot å bli fanga av syndige lyster som dans, spel, komediar eller krogang (Oftestad 2011). Tittelen *Sannhed til Gudfryktighed* impliserer at Guds Ord er sanning og fører til eit fromt liv. Kunnskapen om sanninga og den rette læra syner oss vegen til frelsa. På dette grunnlag er det at boka får ein slik sterk autoritet blant folk flest landet over (Fet 1995).

Braaten åtvarar mot ei intellektualisme av trua, på ein slik måte at ein kan oppfatte at frelsa kjem ved trua på doktrinar som er anten er heilt rasjonelle eller sertifisert ved ein autoritet som har blitt rasjonelt demonstrert. Entusiasme for tru på kristne doktrinar kan bli ei forvrenging av tru på Guds nåde åleine, om ein set si lit til sin kognitive aksept av sanne doktrineidear. Ein blir meir glad i korrekte doktrinar enn det dei egentleg handlar om (1990). Forkynnarar på 1950-talet gjekk også hardt ut mot fornuftstru og kunnskap, dersom dette drog ein bort frå ei barnleg gudstru. I hundreåret før meinte BKA at ei slik tru var verdlaus religiøst sett (Tusvik 1950).

BKA hadde også oppfatninga at ein med sant alvor skal trakte etter det sanne, rette og gode (B. II, 13/B. LV, 154). Haugianarane bar preg av eit alvor og hadde ein livsstil som mange opplevde som ei tvangstrøye. Volda-presten F.H. Blichfeldt fordømer røyrsla hardt. Han meiner dei innbillar seg eigen dyd, utan ekte kristeleg kjærleik, og at dei fordømer andre. Også Ivar Aasen var skeptisk. Han vart åtvåra mot å lese unyttig vås. Sjølv om han opplevde Hauge sine skrifter bra, likte han ikkje at det var so lite toleranse for annleis tenkjande i dei, og at ein nærmast ville danne eit Andens rike der alt verdsleg skulle stengast ute (Fet 1995).

BKA skriv også at å ta imot hjelp og å sette si lit til Herren, må lærast og gjerast på rett vis (B. XLIX, 140/B. LIII, 148). Eide er oppteken av at tradisjonell forkynning- og sjelesorgtradisjon har svikta det lidande mennesket, ved å ha eit einsidig fokus på tilgjeving av synd og ikkje på synda sine konsekvensar. Dette kan også ha vore vanskeleg for nokre av brevmottakarane til BKA. Ein ser at dei fleste som kjem til sjelesorg i dag, ikkje kjem med sine synder som problem, men med sår som er påført av andre sine synder. Eide etterlyser difor ei breiare forståing av Guds lidning, eller sagt med Luther sine ord, kunnskapen om den krossfeste Gud (2007).

## 5.5 Moralisme

### 5.5.1 Analyse og tolking av Empiri

BKA åtvårar mot eigenrettferd. Med det vil ein kome under lova sin dom, den som skal syne at ein treng Kristus.

B. XII,41: (...) O, at vi vare saa villige til at lade os afføre den gamle Adams Dragt, nemlig vor Egenretferdigheds besmittede Kjortel, da vi af Naturen ere saa tilbøielige til at ville komme frem for Gud med noget af vort Eget (...) da Du vel kan have den borgerlige Retfærdighed og dog mangle den Retfærdighed, som kommer fra Troen, hvilket alene gjælder for Gud.

B. I,15: (...) istedefor at ydmyge sig hjertelig for Gud, raabe og bede inderlig om Naade og Synds Forladelse og Kraft til Helliggjørelse, da begynder manges En med egen Kraft at ville gjøre sig løs fra den Byrde, Samvittigheden føler, og saa kommer Mennesket under Loven (...) ham fattes Lyst og Kraft at gjøre derefter, og om han da bemøier sig meget med Gjerningerne, saa gjælder det dog Intet for Gud, er og ikke sande gode Gjerninger, fordi de ikke flyde at den rett Kilde, da Mennesket endnu fattes den Tro, som rensar Hjertet.

Når BKA syner til seg sjølv, har ho gjennomgåande ei sjølvnedverdiggande haldning. B.

XLVII,137: *Saaledes ønsker og beder din ringe Søster.*

B. XIII,44: Men da jeg af mig selv Intet kan, Intet har og Intet ved, saa vil jeg da i denne Aandens fattigdom og i dyb Følelse af mit usle Intet søge hen til Ham, fra hvem alle gode Gaver nedkommer (...).

Nokre av utsegnene til BKA kan moglegvis oppfattast som loviske krav av mottakarane, sjølv om det ikkje er meint at dei skal vere det. Dette kan gå på krav til å vere nok alvorlig, ha den rette anger og å vere flittig i si utøving av trua - og i kampen mot synda.

B. V,22: (...) som den forlorne Søn, med bodfærdig Hjerter vende os til ham og beslutte alvorligen at ville forlade alle onde Veie og syndige Idrætter og i Lydighed opofre os til hans Tjeneste.

B. LVI, 156: Kjæmp til sidste Taar af Blodet, Træng i Jesu Rige ind; Tab for Satan aldrig Modet I Anfegtinings hvirvelvind. Kjæmp med Bønnens Seiersvaaben Og lad himlen Dag og Nat Ingen Stilstand for din Raaben, Før du faar din Jesusm fat. Har du da igjennemkjæmpet Til din Perle og Klenod, Tænk ei: nu er alting dæmpet, men bliv ved at holde Fod. Forarbeid med Frygt og Bæven Sjælens dyre Salighed. Verden bliver aldrig jæven, hav et Øie paa hvert Fjed.

B. LVIII, 162: O, at vi da alle, som ere kaldede med et helligt Kald, maatte gjøre os al mulig Flid for at Stadfæste samme vort Kald og Udvælgelse, saa at vi kunne komme til at gjøre visse Trin paa Sandheds og Saligheds Bane (...).

BKA skriv også i fleire av breva, til menneske som gjennomgår store innvendige og utvendige prøvelsar, om å vere uthaldande og villig drikke den kalk som vert skjenka, slik også Jesus gjorde.

B. IV,21: han Styrke Dig med sin Naades Kraft til at udholde de Prøvedage, Du endnu har tilbage, saa Du med hengivenhed i hans Vilje maa tage imod den kalk, han tilskikker Dig, være sig indvortes eller udvortes Lidelse (...).

B. XLIX, 139: Du har gjennemgaaet adskillige Prøver og Gjenvordigheder. Guds Ord tilligemed den daglige Erfaring lærer os, at vi ikke have Andet at vente, saalenge vi færdes her i Prøvelandet.

B. IV,19: Kjære Broder! Min egen Erfaring har lært mig, hvor tilbøielige vi af Naturen ere til at kjedes ved den Høiestes Tugtelse og at blive utaalmodige i hans Straf (...).

## 5.5.2 Empiri i lys av litteratur

BKA åttvarar mot eigenrettferd. Med det vil ein kome under lova sin dom, den som skal vise menneska at dei treng Kristus (B. XII,41/B. I,15/B.VI,25). Henriksen skriv at å ta imot Guds rettferd handlar om å erkjenne at ein ikkje er på same nivå som Gud, men likevel er avhengig av han. Han påpeikar også at det ligg i menneskenaturen å ville vere verdig til å ta imot gåver

(1994). Evangeliet er derimot budskapet om å ta imot Guds rettferd ved tru utan å gjere seg fortent til det (Rom 4:4-5), og er altså ikkje so lett å tru. Men BKA åtvarar mot dette. Braaten åtvarar også mot moralisme som frelsesveg. Moralisten set si lit til etiske dydar og lojalitet gjennom plikter. Det essensielle er å vere lydige mot guddommelege bod (1990).

Når BKA syner til seg sjølv, har ho gjennomgåande ei sjølvnedlatande haldning (B. XIII,44/B. XLVII,137). Vi veit at hjå Luther vart behovet for å bli sett, anerkjend og styrka i si sjølvkjensle sett på som skadeleg og verdsleg, noko som måtte kjempast mot. Dette er nærmast det motsett av tankegangen i moderne psykologi. Eit for stort fokus på merksemd kan likevel vere usunt. Men Grevbo slår fast at når det til dømes gjeld oppseding av born og i møte med menneskeleg mindreverdskjensle, vil det vere både godt og naudsynt med mykje anerkjenning. (2003).

Nokre av utsegnene til BKA kan moglegvis oppfattast som loviske krav for mottakarane, sjølv om det nok ikkje er meint å skulle vere det. Dette kan gå på krav til å vere nok alvorlig, ha den rette anger og på vere flittig i si utøving av trua og i kampen mot synda (B. VIII,30/B. V,22/B. LVI, 156/B. LVIII, 162). Hauge appellert sterkt til etikken, til viljen og samvitet, og synte gjennom dette at han var heilt på linje med den lutherske kallsetikken. På grunn av sitt sterke etiske fokus, vart Hauge også kritisert for å ha ei lovisk forkynning - og for å gjere den lutherske læra om rettferdiggjeringa dunkel (Aarflot 1967). Haugianarmiljøet på Sunnmøre har utan tvil sett sterke spor, ikkje minst kom dette klart til syne i konservative miljø so seint som på 1930-1950-talet, til dømes i haldninga til drikkevaner og forfengeleg pryd (Tusvik 1950).

BKA skriv også i fleire av breva, til menneske som gjennomgår store innvendige og utvendige prøvingar (B. IV,21/B. XLIX, 139). Det kan tenkast at desse menneska BKA skreiv brev til, som opplevde ulike former for liding, også hadde ein viss trong for å setje meir ord på korleis dei opplevde sin situasjon, og få anerkjenning og støtte ut frå dette. Det er tydeleg at BKA der imot representerer kerygmatiske sjelesorga, som har budskapsformidlinga i sentrum.

## 5.6 Emosjonell tru

### 5.6.1 Analyse og tolking av Empiri

Djupt og inderleg skildrar BKA om sin kjærleik til Gud, på grunn av det Jesus har gjort for henne. Når BKA lovpris Gud, noko breva ber preg av, grunngjev ho alltid si lovprising i det Jesus har gjort for henne.

B. X,37: O, hvor inderlig sødt og godt er det dog, naar man i Aanden kan ligge ved Jesu Fødder som Maria, O, jeg føler, at jeg vilde kysse dem, jeg vilde væde dem med Glædens Taarer og tørre den igjen med mine Hovedhaar.

B. XLIV, 128: O, saa lad os dog elske ham, der elskede os først. Han siger jo selv: «Min Søn, min Datter, giv mig dit Herte». Kan vel Nogen med større Ret gjøre Fordring paa vort Hjerte og vor Kjærlighed end han, som kjøbte os hverken med Guld eller Sølv, men med sit hellige og dyrebare Blod og med sin ubillige og uskyldige Død?

B. XIII,46: Saa være du da, o velsignede og høit ophøiede kjære Frelser! Igjennem alle Evigheder evindeligen lovet, takket og prisset for alt det, du har lidt og gjort, ja endnu dagligen gjør til arme Synderes Frelse og Salighed.

BKA er oppteken av eit inderleg hjarteforhold til Gud, der anden kjem til hjelp i bøna.

B. I,12: O, naar vi saaledes bede i Aand og Sandhed, saa vor Bøn ikke er blot Læbers Ord, men at vort Hjertes Trang driver dertil, saa hører Herren os.

B. XII, 42: Og naar Du føler Savnet af dine Paarørende og synes, at Du har Ingen at klage din Nød for, da, kjære Broder, følg mit velmente Raad og udvælg Frelseren til din fortrolige Ven og udøs frit for ham alle dit Hjertes Anliggender; thi med ham kan man tale ligesaa, ja mere fortroligt end med Menneskene (...).

Det inderlege hjarteforholdet gjev seg også utslag i ynskje om ein djup anger og sorg over synd.

B. III,17: (...) har den Helligaand faaet forklaret i vort Hjerte, at vi som den forlorne Søn have forspildt vor himmelske Arv, og derover føle en inderlig Sorg og Bedrøvelse, da har Herren allerede begyndt Omvendelsens Verk i vor Sjæl (...).

B. VI,24: Gid at den Guds Naade, som har arbeidet paa dit Hjerte, maatte faa virke i Dig den Bedrøvelse efter Gud, som virker Omvendelse og saliggjørelse, som Ingen fortrynder (...).

B. LI,144: (...) at vi i Aandens Fattigdom som arme Syndere kaste os i Støvet for Frelserens Fødder og raabe og tigge om Naade og Forbarmelse for hans Døds og Blods Skyld (...).

Breva hennar er gjennomsyra av broderkjærleik og djup omsorg for sjelene si frelse. B.IV, 19:  
*Hjerteelskede Broder i Kristo!*

B. VII, 27: (...) lad ikke disse Linjer blive Dig til Anstød eller gaa din Opmærksomhed forbi, da de udgig af en sand Kjærligheds Omsorg for din og Alles Sjæles Salighed.

B. VII, 30: O, aller kjæreste Venner! Tager dog imod et godt Raad, haster med at redde Eders Sjæle, førend Døden hastelig overfalde Eder.

Konfirmasjonen ser ho nærmast på som ei åndeleg ekteskapsinngåing med Gud. Det er tydeleg at konfirmasjonsløftet blir sett på med det største alvor. Bruk av ein brudemetafor er utstrakt i gjennom mange av breva.

B. XLV,131: Ja, hvilket et deiligt Brudesmykke er det at være iført hans Retferdighed, som ene og alene er istaand til at skjule vor Sjæls Nøgenhet og Blusel (...).

B. XLIV,128: Ja, tænk paa din Daabspagt og paa Løftet, som Du har gjort din Gud og din kjære Frelser, og bed stedse og altid herren om Kraft og Naade til at holde det dyre Løfte, som Du har gjort, og at blive denne din Sjælebrudgom tro intil Døden.

### 5.6.2 Empiri i lys av litteratur

BKA skildrar djupt og inderleg om sin kjærleik til Gud, på grunn av det Jesus har gjort for henne (B. IX, 34/B. X,37/B. XLIV, 128/B. XIII,46). Heggtveit framheld at BKA såg Jesus som den einaste som kan skape eit nytt hjarte og ved si syndstilgjeving gje nytt liv. Berre i Jesus søkte ho si sæle (1893). Braaten er skeptisk til sterk vektlegging av emosjonar i kristen tru, av frykt for at ein kan bygge frelsa på feil grunnlag. Emosjonelle menneske har anlegg for å føreskrive spesielle typar av religiøs erfaring som naudsynt grunnlag for fellesskap med Gud. Religiøs lovprising blir då eit høve til å kjenne Guds nærvær (1990). Men hjå BKA er det tydeleg at ho byggjer frelsa si berre på det Jesus har gjort for henne. Likevel kan ein nok spørje om nokre av dei ho skreiv til kan ha kjent på eit press i høve til å ha dei rette kjenslene i sitt gudsforhold.

BKA er oppteken av eit inderleg bøneforhold (B. I,12/B. XII, 42). Den Heilage Ande såg ho som det djupaste og inste i kristenlivet, som i det skjulte reinsar sjela og gjev næring til det nye livet. Ho hadde ein djup lengsel etter Anden og Andens gjerning. Andens store gåver var

nåden og bøna, og kom direkte frå himmelen. Ho kallar Anden den himmelske sjelesørgjar (Støylen 1893).

Det inderlege hjarteforholdet gjev seg også utslag i ynskje om ein djup anger og sorg over synd (B. III,17/B. VI,24/B. LI,144). Oftestad beskriv korleis pietismen med Pontoppidans forklaring hadde fokus på det enkelte mennesket si sanne og rette omvendning av hjarta, levande tru og kamp mot synda og det vonde (2011). Dette tek BKA - heilt frå barndomen av - på største alvor (Aarflot 1978). Ho syner stadig til Pontoppidan i breva sine.

Breva hennar er gjennomsyra av brorskjærleik og djup omsorg for sjelene si frelse (B.IV, 19/B. VII, 27/B. VII, 30). Hauge hadde evne til å møte menneske i deira livssituasjon. Samtalen var ein viktig reiskap for haugianarane når det gjaldt å utbreie bodskapen. I venesamfunna oppmoda han til å drive sann brodertukt, einskap og kjærleik (Aarflot 1967). Det ser ut til at BKA er influert av den same forståinga. Det å tene sin neste handlar djupast sett om å tene Gud. Vi veit at mange søkte til henne i sin livssituasjon, og at ho med visdom og mildskap formana dei til å søkje Guds nåde (Støylen 1893).

Konfirmasjonen er som ei åndeleg ekteskapsinngåing for BKA (B. XLV,1/B. XLIV,1). Vi har sett at orda som presten sa til henne «*Ja, du har læst vel. Vor Herre hjelpe dig at leve derefter*» (Aarflot 1978:27) - var sterke for henne og at ho ynskje sterkt at dette måtte bli oppfylt i livet hennar. I ungdomstida kjende ho også ofte ein lengsel etter å fare til Jesus, og ho kunne fornøye seg med førestillingar om at ho ikkje hadde lenge igjen. Kanskje bar ho preg av dette ekstatisk-mystiske, som ein del av haugianarane gjorde. Hauge sjølv skreiv det religion- psykologiske verket *Om religiøse Følelser og dæres Værd* (1796), og var oppteken av verdien av dei religiøse kjenslene (Fet 1995).

## 5.7 Lovløyse og Likesæle

### 5.7.1 Analyse og tolking av empiri

BKA åtvarar mot å vere likesæl til synda og sjela sin tilstand.

B. I,11: O, Mange vil vel i Dødens Stund beklage sin Ligegyldighed i saa vigtig en Sag, som Sjælenes Salighed er, og om ikkje før, saa dog efter Døden, naar de med den rige Mand opvaagne i Helvede og i Pinen.

B. III, 17: (...) at vi ikke stille Samvittigheden tilfreds med nogen selvgjort Trøst, som kan være mere (...) at vor Sag ikke er saa farlig, fordi de ikke have været af de groveste Syndere. Skulde saadanne Tanker falde os ind, saa vider dog, kjære Venner! At de ere af Satans listige Anløb og vort eget bedrægelige Hjerte (...).

BKA peikar på både innvendige og utvendige sjelefiendar, og ikkje minst på mennesket sin syndige natur.

B. XIII, 45: (...) thi mange Hindringsstene ligge der i Veien for os, og utallige Fiender ligge dagligen paa Lur, og ved enhver given Leilighed og Anledning søge de Stedse at føre vor arme Sjæl i Fald og Fordærvelse (...). Saa blive vi saa let og Snart overvundne og overiles af mange Feil og Brøst, saa at vi ligge som halvdøde paa Veien, og Fienden slaar vort aandelige Liv til Jorden.

B. XLIX, 140: Naar vi randsage vort eget Hjerte og prøve os nøie efter Guds Ord, da skulle vi ved Guds oplysende Naade finde og blive var, at der er Mangt og Meget, som dagligen vil svække og hindre Guds Aands og Naadens Virkninger i vore Sjæle, og at vi bære den nærmeste og farligste Fiende i vor egen Barm; thi vort Kjøds Sands er Fiendskab imod Gud.

Dom og evig fortæpning ventar menneske som ikkje har søkt Guds nåde i tide.

B. VIII,28: Men hvor ynkeligt vil det da ikke blive for Alle og Enhver, der have fremturet under Syndens Herredømme og ikke have ladet Guds Naade faa rense deres urene og blødgjøre deres haarde Hjerter, ja som ikke have ladet Jesu Naadestemme oppvække sig til nyt Liv, førend den nu oppvækker dem til evig Dom og Død.

B. LVI, 156: (...) saa at Fienden hverken med Magt eller List skulde formaa at bringe os i Fald, hvorved vi let kunne lide Skibbrudd paa Troen og saaledes forlise den evige Salighed, hvilket vilde være en ubodelig Skade og et uopretteligt tab.

BKA held fram det verdslige som ein fare for sjela, ein fare kan føre vekk frå Gud - om ein ikkje vaker og ber.

B. LVIII, 161: (...) thi alt, hvad Verden har at frembyde og at skjænke sine Elskere, det er altsammen idel Forfængelighed, ja ikkun Uro, Møie og Aandsfortærelse.

B. XLIX, 141: (...) atter faa Lyst og Kjærlighed til dette Nærværende, som saa let og snart kan fængsle vore Hjerter og drage dem bort fra Gud, hvis vi ikke stedse vaage og bede.

### 5.7.2 Empiri i lys av litteratur

BKA åtvarer mot å vere likesæl til synda og sjela sin tilstand (B. I,11/B. III, 17). Særskilt mora var oppteken av å lære borna om ikkje å falle i synd og laster, men gjere alt godt som var Gud til behag (Aarflot 1978). I tillegg vart ho også påverka til dette gjennom den pietistiske tradisjonen (Oftestad 2011). Braaten held fram at evangeliet ikkje er Guds ord om det vert åtskilt frå lova. For evangeliet kan ikkje tilgje, setje fri og fornye om ikkje lova fordømer, straffar og fangar. Evangeliet må få posisjon som hjelp mot demonisering, synd, vreide og helvete, om det ikkje skal bli redusert til berre å vere ein søt bodskap av positiv tenking (1990).

BKA peikar på både innvendige og utvendige sjelefiendar. Mennesket sin syndige natur karakteriserer ho som den farligaste fienden (B. XI, 39/B. XIII, 45/B. XLIX, 140). Heilt sidan ho var barn kjende ho angrep frå «han som går rundt som ei brølande løve», som bøssekot som fylde henne med skrekk, angst og uro (Aarflot 1978). Desse sjelefiendane er altså djupt sjølverfarte for BKA.

Dom og evig fortaping ventar menneske som ikkje har søkt Guds nåde i tide (B. VIII,28/B. LVI, 156). Arne Garborg skildrar, med utgangspunkt i det pietistiske miljøet på Jæren på 1800-talet, korleis «Enok» kjempar med angst. Problemet hans ligg i at han ikkje får hjelp frå bibeltekstar og andaktslitteratur, fordi dei ikkje handlar om sjukdomen hans men om ei religiøs livstolking. Dermed kryp i staden sjukdomen inn i måten han brukar det religiøse språket på. Han kjempar med den pietistiske «Saliggjørelesens Orden» og med angst knytt til døden, domen og djevelen (Sørbø 2013). Det kan tenkjast at ei slik åndeleggjing av menneskelege problem, kan ha vore utfordrande for fleire som levde innan dette miljøet i røynda.

BKA stiller fram det verdslege som ein fare for sjela, som kan føre vekk frå Gud, om ein ikkje vaker og ber (B LVIII, 161/B. XLIX, 141). Det haugianske synest på litteratur var at alt som drog tanken bort frå «det eine naudsynte» var av det vonde. Dette bidrog til at den haugianske livsstilen for nokre kjendes bindande i høve til livutfaldinga (Fet 1995). BKA la stor vekt på kva som sømer seg for ein kristen. Fleire generasjonar etter henne kunne ikkje ein ungdom vere med på dans samstundes som han ville vere med i kristenflokken. Då blei han ikkje rekna som ein verkeleg Jesu etterfylgjar. Også forfengeleg pynt vart fordømt (Tusvik 1950).

## 6 Drøfting

---

### 6.1 Korleis kjem perspektiv frå rettferdiggjeringsslæra til syne?

Gjev funna i analysen svar på problemstillinga? Dei sju kategoriane representerer ulike perspektiv knytt til læra om rettferdiggjeringa, som dannar drøftingsgrunnlaget. Dei tre fyrste er perspektiv direkte frå rettferdiggjeringa, og dei fire andre er perspektiv på avvegar frå rettferdiggjeringa.

#### Rettferdiggjort i Kristus

Det fyrste perspektivet «rettferdiggjort i Kristus» kjem til syne i BKA sine sjelesørgeriske brev på ulike vis. For det fyrste gjeld dette korleis ho vektlegg spørsmålet «Kva skal eg gjere for å bli frelst?» (B. I,1) - på lik line med Luther (Jacobsen 2002). Vi kan seie at merksemda på det enkelte mennesket sitt gudstilhøve syner djupe likskapstrekk mellom pietismen/haugianismen og reformasjonen. Braaten er også oppteken av at trua må tileignast personleg i luthersk teologi, men han åtvarar mot å setje si lit til noko i seg sjølv (1990). For det andre er BKA oppteken av tilgjeving av synd som det einaste som gjev grunnlag for å bli erklært rettferdig for Gud og dermed bli frelst. Dette fordi menneska kjem til kort overfor Gud (B. VIII,5/ B.V,2/ B.XII,2/ B.L,1). På dette punktet er ho også på line med rettferdiggjeringsslæra.

Til dette perspektivet er det to spørsmål som dukkar opp gjennom analysen. For det fyrte om ikkje hennar djupe alvor og åtvaring mot alt det vonde (Aarflot 1978), sett i lys av vår moderne psykologi (Grevbo 2003), også kan skuldast psykologiske faktorar?

Vi veit at foreldra hennar, og særskilt mora, åtvara henne sterkt mot alt det vonde og formana henne til alt som er godt og Gud til behag. Samstundes veit vi korleis ho som barn gret seg i søvn på grunn av si synd, og kjende djevelen sine angrep som bøsseskot, som gav henne angst og uro. Dette våga ho ikkje fortelje til nokon, ikkje ein gong til si mor (Aarflot 1978).

Det er også påpeika at Luther såg på sjølvtilitt, som noko skadeleg for sjela. Til tross for at den moderne psykologi ser ut til å ha bevega seg vel langt i den andre retninga, veit ein i dag at ovanfor born og i møte mindreverdskjensle, er rikeleg med ros og anerkjenning viktig (Grevbo 2003).

Utanom det familiære miljøet hennar, har vi sett at det haugianske miljøet var prega av ein livsstil, som nokon opplevde streng og hemmande. Dette handla om ei haldning til at alt som ikkje trakk ein nærmare frelsa, var ein fare for sjela (Fet 1995).

Med bakgrunn i at BKA vaks opp med mykje åtvaring og formaning, og kanskje i mangel på anerkjenning av ulike kjensler, kan ein altså stille spørsmål ved kor vidt psykologiske faktorar, som til dømes angst, påverka henne. Korleis var det for henne som lite barn å vekse opp med det djupe alvorret knytt til døden, djevelen og domen? Kva innebar egentleg alle dei innvendige kampene ho kjempa med opp gjennom livet? Samstundes ser vi at ho fekk eit unikt høve til å utvikle sine skriveevner, ved at faren tok initiativ til å utgje tekstane hennar på trykk (Støylen 1893). Mora er skildra som mild og god, og ho hadde eit nært og godt høve til sine systre (Aarflot 1978). Av andre, inkludert sine egne born, blir BKA skildra som ei mild og god kvinne, som skapte god atmosfære rundt seg (Heggtveit 1893). Det er ikkje funne skildringar av at ho bar preg av tungsinn eller frykt.

For det andre melder det seg eit spørsmål om hennar formidling av menneskeleg lidning kan ha vore problematisk for nokon av brevmottakarane hennar.

I BKA sine brev er lidning framstilt meir som Guds visdomsfulle handling mot menneska, som har ei meining for at ein skal nå målet i himmelen, og som er ein del av å vere i verda (B.XIII,2/B.LI,1). Fokuset hennar er gjennom det heile på mennesket si synd, som kan skilje ein frå Gud, og ikkje på sår som andre kan ha påført ein. Ho nyttar ikkje noko anna språk for å syne hjelp og støtte enn det åndelege. Til dømes er det ikkje uttrykt noko høve til harme eller klage til Gud. Utvilsamt kan det vere tungt for eit menneske prega av stor lidning om problemet vert bagatellisert, eller om det oppfattast som Guds gode vilje, i og for seg, at ein må gå gjennom djup lidning.

Det er også skildra kor vanskeleg det kan vere å skilje det reint menneskelege frå det åndelege. Ikkje minst var nok dette ei problem for menneske som levde i den pietistiske tida, fordi alt vart so konsentrert om det åndelege, og språk for å skildre menneske si psyke, var det lite av. Særskilt var nok dette problematisk for dei som sleit med psykisk sjukdom (Sørbø 2013).

Ei breiare forståing av Luther sine ord, «kunnskapen om den korsfesta Gud», er etterlyst innan luthersk forkynning- og sjelesorgtradisjon (Eide 2007).

## Heilag tru

Perspektivet «heilag tru» kjem også tydeleg til syne i breva. For BKA kallar Jesus, slik det står i Bibelen, som trua sin opphavsmann og fullendar (B.I,10/B.XV,53/B.VI,24). Trua ser ho som ei gåve ein dagleg kan fornye seg i, ved å omvende seg til Jesus. Dette ser vi er i tråd med læra om rettferdiggingeringa og nåden. Som Luther forstår også BKA menneske som syndar og rettferdig på same tid, ved at ein har sin identitet «i Kristus», men framleis kjempar med sin syndige natur (Wisløff 1983). BKA er oppteken av alt det gode ein har ved å vere «i Kristus» (B.XIII,44/B.XV,52). Ho har også ei sterk vektlegging av Guds Ord og sakramenta (B.III,17), som nådemiddel som trengs for å vere i Kristus, slik Braaten vektlegg bruken av Guds Ord som eit viktig aspekt ved luthersk sjelesorg (1990).

## Heilag gjerning

Vi skal også sjå at perspektivet «heilag gjerning» kjem klart til syne i BKA sine sjelesørgeriske brev. Ho understreker at Den Heilage Ande overtyder både om at ein er ein syndar, og at ein treng Guds nåde (B I,10/BXIV,49/B. L,142). Her er ho altså i tråd med den lutherske tanken om at både lov og evangelium er naudsynt, slik Braaten held fram (1990). BKA er også oppteken av at Den Heilage Ande må få gjere si gjerning i henne, slik at ho lærer å tenkje og handle meir etter Guds vilje (B.I,13/B.II,14/B.III,18/B. XI,37). Ho gjev Gud æra for gode ever (B.II,13/B. LV,152), og held fram at Gud fullender si kraft i det skrøpelege (B. LVI,157/B. IV,21). DHA nyttar Guds Ord for å gjere si gjerning (B. IV,21/B.VIII,29). Dette syner at ho er innforstått med den lutherske tanken om heilaggjeringa, som ei frukt av rettferdiggingeringa, og som grunnlag for å kunne gjere Guds vilje og gjerning.

## Intellektuell tru

BKA er oppteken av omvendinga og trua sin rette orden (B.I,10/B.XIV,48/B.III,17), og nøyaktig sjølvprøving (B.VIII,29/B.XIV,49) i tråd med Pontoppidan si forklaring. Tilliten til Pontoppidan som autoritet er heilt fundamental (Fet 1995). Ho har også oppfatninga av at ein med sant alvor skal trakte etter det sanne, rette og gode (B.II,13/B.LV,154), og at ein må lære å sette si lit til Herren og ta imot hjelp på rett vis (B.XLIX,140/B. LIII,148). Det siste kan tenkjast å ha vore ei belastning for lidande menneske (Eide 2007). Det er også hevda at

haugianarane bar preg av eit alvor og hadde ein livsstil som mange opplevde som ei tvangstrøye (Fet 1995).

Det vil kanskje ikkje vere rettmessig å stemple Pontoppidans si forklaring som ei doktrine som forvrenger evangeliet, sjølv om noko av læreinnhaldet hans kan oppfattast som strengt, oppskriftsmessig og fokusert på det «rette». Likevel hevdar Braaten at doktrina; «frelse skjer i eit samarbeid mellom menneskevilje og guddommeleg nåde», atter gjorde seg gjeldande i Lutherdomen under pietismen (1990).

Samstundes ser vi at BKA meiner at fornuftstru og kunnskap ikkje er noko verd, dersom det fører ein vekk frå ei barnleg tru (Tusvik 1950). Brevna hennar ber også preg av eit svært vitalt gudstilhøve, som er langt i frå «tome og daude» åndelege frasar. Det verkar altså ikkje som at BKA på noko vis eksplisitt har ei intellektuell tru, sjølv om vi ser tendensar til at det store alvorret i trua hennar medførte ei årvake for å ha «den eine rette utøving» av trua. Ei årvake som kan ha blitt oppfatta som «intellektuelle krav» av brevmottakarane hennar.

## Moralisme

BKA åtvarar mot eigenrettferd (B.XII,41,BI,15/B.VI,25) og har ei nedlatande haldning (B.XIII,44/B.XLVII,137) når ho syner til seg sjølv. Likevel kan kanskje utsegner som omhandlar å vere alvorleg nok, ha den rette anger, vere flittig i si trusutøving, og i kampen mot synda, ha blitt oppfatta som loviske krav for brevmottakarane hennar (B.VIII,30/B.V,22/B.LVI,156/B.LVIII,162). Dette gjeld også oppfordringar til menneske som gjennomgår store lidningar, om å vere uthaldande og villig drikke den kalk som vert skjenka, slik Jesus også gjorde (B.IV,21/B.XLIX,139).

Vi ser altså at BKA klart tek avstand frå moralisme, ved at ho åtvarer mot sjølvrettferd. Samstundes ber ho preg av ei sjølvnedlatande haldning, som er typisk for Luther sitt syn på menneskeleg sjølvtilitt som skadeleg og verdsleg, noko ein i dag veit meir om og kan nyansere gjennom moderne psykologi (Grevbo 2003). Det er likevel ein viss fare for at nokon av BKA sine utsegn kan ha blitt oppfatta som loviske krav for brevmottakarane hennar, til tross for at det ikkje er meint slik. Dette ser ein mellom anna ut frå spora etter det haugianske miljøet på Sunnmøre, i 1930-1950 åra, når det gjaldt til dømes drikkevaner og forfengeleg pryd (Tusvik 1950). Hauge har dessutan på grunn av sitt sterke etiske fokus blitt kritisert for å ha ei lovisk

forkynning, og for å gjere rettferdiggjeringsslæra dunkel (Aarflot 1967). BKA er nok langt på veg influert av Hauge, men ein kan kanskje få inntrykk av at ho likevel har ein mildare tone, og ikkje eksplisitt er so oppteken av det etiske. Dette støttast også av Grevbo i hans omtale av BKA (2006).

## Emosjonell tru

BKA skildrar djupt og inderleg om sin kjærleik til Gud, men dette er alltid med grunnlag i det Jesus har gjort for henne (B.IX,34/B.X,37/B.XLIV,128/B.XIII,46). Til tross for dette kan det stillast spørsmål ved om nokre av brevmottakarane hennar kan ha kjent eit press i høve til å ha dei rette kjenslene i sitt gudstilhøve. Men det kan også tenkjast at det sterke fokuset på det Jesus har gjort for menneska, og Guds store kjærleik, berre verka oppbyggande på brevmottakarane, slik at hennar «kjærleikserklæringar til Gud» difor verka smittande på brevmottakarane.

Ho er oppteken av eit inderleg bøn- og hjartetilhøve til Jesus (B I,12/B.XII,42). Dette gjev seg også utslag i eit ynskje om djup anger og sorg over si synd (B.III,17/B.VI,24/B.LI,144). Her ser ho ut til å vere influert av Pontoppidan og «saliggjørelesens orden» (Oftestad 2011). Heilt frå barndomen har dette blitt teke på største alvor av BKA.

Breva hennar er gjennomsyra av brorskjærleik og av djup omsorg for sjelene si frelse (B.IV,19/ B.VII,27/ B.VII,30). Kanskje syner dette noko påverking frå Hauge sin sterke etiske appell, og til hans måte å møte menneske på. Vi veit at mange søkte til BKA i vanskelege livssituasjonar. Ho skal ha formana menneske med visdom og forstand (Støylen 1893).

Konfirmasjonen ser ho på nærast som ei andeleg ekteskapsinngåing med Gud (B.XLV,1/B.XLIV,1). Kanskje var den sterke vektlegginga av religiøse kjensler eit uttrykk for det ekstatisk-mystiske, som ein del av haugianarane bar preg av (Fet 1995)? Samstundes må det seiast at BKA ser ut til å kjenne på at kjenslene kjem til kort ovanfor Gud, og at ho ikkje på nokon måte eksplisitt reknar dei inn som frelsesgrunnlag.

## Lovløyse og likesæle

BKA åtvarar mot å vere likesæl til synda, og til sjela sin tilstand (B.I,11/B.III,17). BKA peikar på både innvendige og utvendige sjelefiendar. Ikkje minst mennesket sin syndige natur

(BXI,39/B.XIII,45/B.XLIX,140). BKA framstiller det verdslege som ein fare for sjela, som kan føre ein vekk frå Gud, om ein ikkje vaker og ber (B.LVIII,161/B.XLIX,141). Dom og evig fortaping ventar om ein ikkje har søkt Guds nåde i tide (B.VIII,28/B.LVI,156).

BKA tek altså klart avstand frå all lovløyse og likesæle. Ho ser ut til å ha vorte påverka både av miljøet heime, og av det hauganistisk pietistiske miljøet. For ho vaks opp med mykje åtvaringar og formaningar, særskilt frå mora (Aarflot 1978). Og vi har sett at det hauganistiske synet var at alt som drog tanken vekk frå det «eine naudsynte» var av det vonde (Fet 1995). Vi kan kanskje seie at ho difor som ein del av si kontekst kunne kome i skade for formane og åtvare slik at det potensielt kunne verke hemmande for lesarane hennar. Samstundes kan ingen skulde henne for ikkje å freista og ta dei åndelege realitetane på alvor.

Dei utvendige og innvendige sjelefiendane tok ho på største alvor, heilt frå barnsbein av. For henne var altså dette sterkt sjølverfart, og vi har sett at det var for ein høg pris. Ein kan stille spørsmål ved om det nokon gonger er ei åndeleggjering av reint menneskelege problem, fordi ho ikkje hadde noko anna språk å tolke røyndomen inn i, enn det åndelege (Sørbø 2013).

## Alle perspektiv oppsumert

Når vi no har sett på korleis perspektiva, som på ulike vis er knytte til rettferdiggjeringslæra, kjem til syne i BKA sine sjelesørgeriske brev, ser vi at «rettferdiggjeringa i Kristus», «heilag tru» og «heilag gjerning» tydeleg og eksplisitt kjem fram. Dette sjølv om det knyt seg ei par spørsmål til kva som påverka henne og til korleis nokre av utsegnene hennar kan ha blitt oppfatta. Men det ser ut til at BKA si vektlegging av rettferdiggjeringa og sjela sitt evige vel, klarast skin gjennom som hennar bodskap, fordi ho gjennom alt eksplisitt freistar å formidle dette i sine sjelesørgeriske brev.

Dei fire perspektiva som alle representerer avvegar for frelse og rettferdiggjering av menneske, er alle teke avstand frå av BKA. Likevel ser vi at nokre av utsegna hennar implisitt kan verke som kravfulle i høve til kategoriane «intellektuell tru», «moralisme» og «emosjonell tru». «Lovløyse og likesæle» tek ho sterkast avstand frå. Men her kan nok nokre av åtvaringane og formaningane hennar halle mot den andre ytterkanten, og verke til dels hemmande på livsutfaldinga til brevmottakarane hennar. Når det er sagt, er det viktig å forstå dette inn i ramene av den pietistiske og haugianske konteksta.

## 6.2 Eit utblikk – relevans i dag?

Vi har no sett at rettferdiggjeringa og sjela sitt evige vel er lagt vekt på og skin gjennom som den eksplisitte budskapet til BKA. Dette er altså det heilt sentrale fokus hjå ein av pionerane for vår moderne diakoni. Men er dette for avleggs å rekne i diakonal og sjelesørgerisk samanheng i dag, eller har hennar fokus framleis relevans?

Går vi til Plan for diakoni (2008) ser vi at det ikkje er skrive noko eksplisitt om rettferdiggjering, frelse eller synd. I det heile manglar planen noko klart utalt om himmelen og den evige dimensjonen. Forsoninga, som ligg tett opp mot rettferdiggjeringa, men likevel er noko anna (Valen-Sendstad 1979), er teken med. Definisjonen og visjonen for diakonien, samt nokre fleire formuleringar, som er nokså vidfamnande, der rettferdiggjeringsslæra gjerne kan lesast inn, er teke med. Men heller ikkje her er noko konkret uttalt om rettferdiggjeringa, frelse, synd, himmel eller æve. Dermed kan ein få intrykk av at dette vert rekna som mindre viktig innan diakonien i dag.

*Felleserklæringa om rettferdiggjeringa* (1997/1998), er eit resultat av fleire års arbeid med dialog i økumenisk samanheng. Det er hevda at ei felles forståing av rettferdiggjeringa ved dette no er utarbeida, der ein er einige om læra sine grunnleggande sanningar, slik at skilnadane ikkje lenger gjev grunnlag for fordøming. Luther-forskaren O. J. Jensen er mellom dei som har stilt seg kritisk til dette prosjektet (1998). Han er uroa for at dette kompromisset utgjer ein fare for at reelle lærespørsmål kan ha blitt tona ned.

Den tradisjonelle forståinga av rettferdiggjeringa har også blitt kritisert i seinare tid.

Kjølsvik har problematisert formidlinga av fortapinga som skremselspropaganda i tradisjonell forkynning, og kyrkja og dei kristne si tradisjonelle frelsesforståing som ekskluderande overfor andre livssyn (2011). Formidlinga av fortapinga som skremselspropaganda problematiserer han nok med god grunn, også sett ut frå det som i denne oppgåva er halde fram om pietismen og haugianismen. Men synet på frelsesforståinga til kyrkja og dei kristne som ekskluderande, vil ein kunne hevde eigentleg er ein indirekte kritikk av Bibelen, for det er den kyrkja og dei kristne tradisjonelt har bygd si lære på. Der står det om den eine vegen til frelse (Joh 14,6) og om at den som har Sonen har livet, og den som ikkje har Sonen ikkje har livet (1Joh 5,12). Alternativet vil også fort bli relativistisk, fordi ein då må hevde at det som er

sant for meg ikkje treng å vere sant for deg. Eller ein kan kome i fare for å tale uklart om det Bibelen talar klart om.

Dietrich hevdar at menneska i dag ikkje stiller dei same spørsmåla som Luther, og at det difor er på tide å nytolke rettferdiggjeringenslæra under synsvinkelen; kva er det i denne læra som treff dagens menneske? Ein må kontekstualisere læra inn i samanhengar som gjev meining for menneske i dag (2005).

Luthers individuelle sjelekvaler om hvordan han «kunne få en rettferdig Gud», anses ikke for å kunne gi gjenklang i det moderne mennesket. Mennesket i dag spør heller etter livets mening, sies det, etter å kunne virkeliggjøre seg selv eller etter hva som er «det gode liv». Rettferdiggjørelseslæren gir dermed svar på spørsmål som ikke lenger stilles i dag. Målet kan derfor ikke være å få menneskene til å stille de samme spørsmålene som Luther stilte i sin tid. (...) Rettferdiggjørelseslæren må nytolkes og forklares hvis den fortsatt skal ha betydning for dagens teologi, og det må stilles kritiske spørsmål ved dens innhold (ibid.:197).

Til dømes held ho fram fylgjande aspekt svært aktuelt i vårt prestasjonssamfunn;

Du er ikke det du gjør, men det du er – et menneske, skapt og elsket av Gud, og om i kraft av Guds nåde og frelsende gjerning i Kristus er frigjort til et nytt liv (Dietrich ibid.:201).

Til tross for at Dietrich her trekkjer fram eit aktuelt aspekt ved rettferdiggjeringenslæra, får ho ikkje gjennom dette fram kva mennesket er frelst frå og kvifor menneske treng frelsa. Kanskje kan eit slikt aspekt stå i fare for å bli lausreve frå den sentrale bibelske referanserama, som set mennesket si frelse inn i ein samanheng der den einskilde sitt oppgjer med synd og tru på Kristus er naudsynt for å bli erklært rettferdig.

Redse er også oppteken av at kontekstualisering er viktig for å nå dagens menneske (2011), men då med ei understreking av at ein ikkje må gå på akkord med den bibelske substansen.

Einar Aadland syner til korleis kristendomen sin svekka posisjon i samfunnet i dag, stiller kyrkja og dei diakonale institusjonane heilt annleis enn før - i høve til si målgruppe. Før var det sjølv sagt at alle var kristne, og kyrkja hadde monopol som formidlar av sanning, medvit, kunnskap og samvit. I dag er dette langt på veg blitt ei privatsak, der det enkelte individ sjølv vel frå den pluralistiske samfunnsmarknaden (2009). Dette samfunnsperspektivet, synleggjer kor viktig det er å ta omsyn til samfunnskonteksta, og tilpasse framstillinga av rettferdiggjeringa slik at den vert forståeleg for menneske i dag.

Å få fram fleire aspekt ved rettferdiggingeringa som særskilt taler til menneske i dag blir altså sett som viktig av fleire. Men sjølv om dagens menneske ikkje utan vidare spør dei same spørsmåla som Luther, gjev vel ikkje det grunnlag for å hevde at den tradisjonelle forståinga av rettferdiggingeringa ikkje er naudsynt for menneska i dag? Særskilt gjeld dette spørsmål som knyt seg til det enkelte menneske sin trong for tilgjeving - og oppgjer med synda som skil ein frå samfunn men Gud. Er ikkje dette noko menneske til alle tider har bruk for, til tross for menneske si skiftande oppfatning av dette? Kven skal ha definisjonsmakta over kva som er viktig i teologien?

Når det kjem til stykket er kanskje ikkje Luther sin sjelekamp eigentleg so fjern frå lengeselen etter å bli godteken slik ein er?

Mye av det vi baler med var uaktuelt for Luther, og en hel del av det Luther kjempet med er uaktuelt for oss. Men likevel tror jeg at det å finne en nådig Gud, eller: det å bli klar over at hva som skal til for å være en frimodig og glad kristen, det er ikke bare senmiddelalder-menneskets problem. [...] Er jeg egentlig et Guds barn når det kommer til stykke? Går det an å være viss på det? [...] Ser Gud mot meg med smilende ansikt? (Jacobsen 2002:14).

Vidare er Dietrich oppteken av at den lutherske forståinga av rettferdiggingeringa kan ha blitt ei «kvilepute» for lutherske kristne når det gjeld innsatsen for sosial rettferd (2005). Dette er ein alvorleg kritikk, som bør vekke alle lutherske kristne til å sjå sitt kall og ansvar. Ser vi tilbake på dei diakonale pionerane i haugianismen, ser vi at dei let etter seg eit sterkt føredøme når det gjeld innsatsen for sosial rettferd, og dette med utgangspunkt i at rettferdiggingeringa og frelsa var det heilt sentrale for dei.

Ser ein på Plan for diakoni (2008) er det på sin plass at den sosiale forståinga av rettferdiggingeringa, - sosial rettferd, har fått eit sentralt og breitt fokus. Dette til dømes sett i lys av Eide sin kritikk av at tradisjonell forkynning- og sjelesorg har svikta det lidande mennesket, ved eit einssidig fokus på tilgjeving av synd og ikkje på synda sine konsekvensar (2007). Av planen kan det likevel sjå ut som om dette kan ha skjedd på kostnad av den tradisjonelle juridisk-forensiske tolkinga av rettferdiggingeringa.

Eide ser samstundes reformasjonen si sak som den heilt sentral del av sjelesorga si sak, som framleis omhandlar mennesket sitt høve til Gud.

Det sjelesørgeriske anliggende er reformasjonens hjerte. Reformasjonen er i bunn og grunn en sjelesorgbevegelse. Utgangspunktet var dypt eksistensielt. Ansikt til ansikt med Gud er det bare et spørsmål som er viktig: hvordan kan jeg bli frelst? (2005:260).

Skjevesland held også fram at initiativet bak reformasjonen djupast sett var sjelesørgerisk. Luther fann grunnlaget for sjelesorga i Skrifta og i læra om rettferdiggingeringa ved trua åleine. Skjevesland meiner dette er av vedvarande verdi, og påpeikar at det i dag truleg kan høyrast eit åtvarande ord frå den lutherske arva om «den billige trøyst», som går snarvegen utanom konfrontasjon og oppgjer med synd (1996).

Sann trøst sukrer ikkje synden, men fører som regel den ramsalte vei gjennom konfrontasjon og oppgjør. Synden må «gjøres stor» (peccatum magnificare), som Luther formulerte der under henvisning til Paulus i Rom 7. så kan Nåden virkelig vise seg i sin storhet og gjenopprettende kraft (ibid.:78).

På bakgrunn av denne diskusjonen kan ein sjå trong for vidare utgreiing av kva plass den lutherske læra om rettferdiggingeringa skal ha i dagens diakoni og sjelesorg. Dette var det fundamentalt viktige for våre diakonale pionerar innan haugianismen og pietismen. Medan det transcendentale fokus og den evige dimensjonen var i høgsetet på den tida, ser det - med bakgrunn i til dømes den sosiale forståinga av rettferdiggingeringa - ut til at fokus på det immanente og den jordiske dimensjonen langt på veg er førande for dagens diakonale og sjelesørgeriske tankegang. Er det mogleg å få til ein kombinasjon av desse fokusområda i vår tid, slik at det eine ikkje vert vektlagt til reduksjon av det andre, men at dei heller gjensidig utfyller og forsterkar kvarandre?

Mykje er sjølv sagt annleis i vår tid, og ei kontekstualisering av læra - med Bibelen som autoritet - vil vere viktig for å nå dagens menneske. Men då bør vi vakte oss for å forlate det som er sjølv kjerneinnhaldet, og som sagt med Eide sine ord er det eine viktige spørsmål når ein står ansikt til ansikt med Gud; *hvordan kan jeg bli frelst?* (2005:260). Syndstilgjeving er det einaste som kan bygge bru mellom menneske og Gud (Braaten 1990).

## 7 Oppsummering og konklusjon

---

Problemstillinga for denne oppgåva har vore;

*Korleis kjem perspektiv frå den lutherske læra om rettferdigginginga til syne i haugianerkvinna Berte Kanutte Aarflot til sine sjelesørgeriske brev?*

Dette er det freista å gje svar på gjennom ei hermeneutisk tilnærming, ut frå ei kvalitativ dokumentanalyse av BKA sine sjelesørgeriske brev. Det teoretiske perspektivet har vore perspektiv frå den lutherske rettferdiggingingslæra og luthersk sjelesorg. Dette har vore utleia i sju kategoriar, som på ulike vis er knytt til rettferdigginginga. Kategoriane er blitt framstilt i ein modell som har danna utgangspunktet for analysen, tolkinga og drøftinga av oppgåva. Samstundes har også bakgrunns litteraturen; - biografien og konteksta knytt til BKA vore trekt vekslar på, for betre å forstå BKA og dei sjelesørgeriske breva hennar.

Dei sju kategoriane har vore «rettferdiggjort i Kristus», «heilag tru», «heilag gjerning», «intellektuell tru», «moralisme», «emosjonell tru» og «lovløyse og likesæle». Når vi har sett desse kategoriane, eller perspektiva, opp mot problemstillinga har vi funne fylgjande svar:

Dei tre fyrste kategoriane kjem tydeleg og eksplisitt fram og i BKA sine sjelesørgeriske brev. BKA si vektlegging av «rettferdigginginga og sjela sitt evige vel», oppfattast som det som klarast skin gjennom som hennar bodskap. Det knyter seg likevel eit par spørsmål til kor vidt BKA har vore påverka av psykologiske faktorar, og til korleis enkelte av utsegnene hennar kan ha verka på brevmottakarane hennar.

Dei fire perspektiva som representerer avvegar for frelse og rettferdigginging av menneske, er alle teke avstand frå av BKA. Likevel ser vi at nokre av utsegna hennar tendensarar til implisitt å verke «kravfulle» i høve til å ha den rette tru, gjere gode gjerningar og ha riktige og sterke kjensler, som inngår i kategoriane «intellektuell tru», «moralisme» og «emosjonell tru». «Lovløyse og likesæle» tek ho sterkast avstand frå. Likevel hallar ho kanskje her mot den andre sida, - å åtvare og formane slik at det til dels kan verke hemmande for livsutfaldinga. Men det er viktig å ha klart for seg at dette skjer innan rammene av den pietistiske og haugianske konteksta.

Til sist har vi i drøftinga teke eit utblikk, og sett på kor vidt BKA sitt fokus har relevans for vår diakoni i dag. Det er på bakgrunn av den diskusjonen etterlyst ei vidare utgreiing av kva plass den lutherske læra om rettferdiggingeringa skal ha i dagens diakoni og sjelesorg. Vi har sett at emnet ikkje er eksplisitt og konkret framstilt i *Plan for diakoni* (2008). Oppgåva stiller også spørsmål ved om det vil vere mogleg å få til ein betre kombinasjon av den juridisk-forensiske og den sosiale forståinga av rettferdiggingeringslæra innan dagens diakoni og sjelesorg.

Læra om rettferdiggingeringa var fundamentalt viktig for dei diakonale pionerar innan haugianismen og pietismen. Sjølv om mykje er annleis i vår tid bør ikkje det gje grunnlag for å forlate sjølve kjerneinnhaldet i læra. For syndstilgjeving er det einaste som kan bygge bru mellom mennesket og Gud (Braaten 1990). Men ei kontekstualisering av læra, med bibelsk substans, sjåast som viktig for å nå dagens menneske. Om vi vil take vare på arva etter BKA, er læra om rettferdiggingeringa heilt essensiell. Den dannar utgangspunktet for ei omsorg for menneskesjela sitt evige vel.

## 8 Litteraturliste

---

- Braaten, C.E. (1990). *Juctification, The article by which the church stands or falls*. Minneapolis: Fortress press.
- Brodersen, R. B. /Bråten, F.J. /Reiersgaard, A. /Slethei, K. /Ågotnes, K. (2007). *Tekstens autoritet. Tekstanalyse og skrivning i akademia*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brunvoll, A. (1970). *Vedkjenningsskriftene åt Den norske kyrkja*. Oslo: Lunde.
- Dietrich, S. (2005). Rettferdiggjørelseslæren – Læren om en middelalders munks avlagte sjelekvaler, kirkelig dogme eller nøkkel til livstolkning i dag? I: *Tidsskrift for sjelesorg* nr.3. s. 196-209.
- Dietrich, S. (2011). Forståelsen av diakontjenesten i den norske kirke. I: S. Dietrich, K. K. Korslien og K. Nordstokke (red.). *Diakonien – kall og profesjon*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Det norske bibelselskap. (2011). *Bibelen*.
- Eide, Ø. (2005). Håp. I: *Tidsskrift for sjelesorg*. Nr. 4. s. 249-263.
- Eide, Ø. (2007). Har sjelesorgens teologi sviktet det lidende mennesket? I: *Tidsskrift for sjelesorg*. Nr. 1. s. 4-14.
- Fanuelsen, O. (2011). Den diakonale bevegelse i Tyskland på 1800-tallet. I: S. Dietrich, K.K. Korslien og K. Nordstokke (red.). *Diakonien – kall og profesjon*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Fet, J. (1977). *Sunnmørstdiktatarar 1600-1975*. Oslo: Det norske samlaget.
- Fet, J. (1995). *Lesande bønder*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gadamer, H-G. (2007). *Sandhed og metode*. 2. utg. Århus: Academica.
- Gilje, N. /Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Grevbo, T. J. (2006). *Sjelesorgens vei*. Oslo: Luther forlag.
- Haraldsø, B. (1997). *Kirke og misjon gjennom 2000 år*. Oslo: Lunde forlag.
- Heggtveit, H. G. (1893). Berte Canutte Aarflot. Livsskildring. I: K. Aarflot (red.). *Berte Kanutte Aarflot: to Livsskildringer*. Volden: M. A. Aarflots Bogtrykkeri paa Egsæt.
- Heggtveit, H. G. (1912-1920). *Den norske kirke i det nittende århundre. Et bidrag til dens historie. Andet bind*. Kristiania: Ekspresstrykkeriet.
- Henriksen, J-O. (1994). *Guds virkelighet. Hovedtrekk i kristen dogmatikk*. Oslo: Luther Forlag.
- Jacobsen, J.S. (2002). *Gi det videre*. Bergen: NLA-forlaget.
- Jensen, O. J. (1998). Ja til romersk-katolsk rettferdiggjørelseslæren? I: *Luthersk kirketidende*, nr. 3, s. 65-69.
- Johannessen, A. /Tuft, P.A. /Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 4. utg. Oslo: Abstrakt forlag.
- Jordheim, K. (2011). Diakon i ulike kontekster – praksisrelaterte erfaringer. I: S. Dietrich, K. K. Korslien og K. Nordstokke (red.) *Diakonien – kall og profesjon*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Kirkerådet. (2008). Plan for diakoni.
- Kjølsvik, I. (2011). Kirken og frelsen. Om Jesu Kristi frelsende nærvær. I: S. Dietrich, T.S. Dokka, H. Hegstad (red.). *Kirke nå. Den norske kirke som evangelisk-luthersk kirke*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Mellomkirkelig råd (1997/1998). *Felleserklæringen om rettferdiggjørelsen*. Det Lutherske Verdensforbund (LVF) og Det pavelige råd for fremme av kristen enhet. (PCPCU), Oslo: Mellomkirkelig råd.
- Nerheim, H. (1996). *Vitenskap og kommunikasjon*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordstokke, Kjell. (2011). Reformasjonen. I: S. Dietrich, K. Korslien og K. Nordstokke (red.). *Diakonen – kall og profesjon*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.

- Oftestad, A. B. (2011). *Kirke Fellesskap Omsorg. Diakoniens historie II og III*. Oslo: Luther forlag.
- Okkenhaug, B. (2002). *Når jeg ser ditt ansikt. Innføring i kristen sjelesorg*. Oslo: Verbum.
- Ravnåsen, S. (2002). *Ånd og hånd: Hans Nielsen Hauges etikk for ledelse og næringsliv*. Oslo: Luther forlag.
- Skjevesland, O. (1996). Martin Luther – sjelesørger av Guds nåde. I: L. G. Engedal (red.) *Tidsskrift for sjelesorg*. Nr. 2. s. 69-80.
- Støylen, B. (1893). Birte Kanutte Aarflot og hennar samtid. I: K. Aarflot (red.). *Berte Kanutte Aarflot: to Livsskildringer*. Volden: M. A. Aarflots Bogtrykkeri paa Egsæt.
- Sørbo, J. I. (2013). *Til trøyst- Å gje språk til psykiske kriser*. Oslo: Samlaget.
- Thagaard, T. (2011). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. 3. utg. 3. oppl. Oslo: Fagbokforlaget.
- Tusvik, I (1950). *Berte Canutta Årflot: hennar liv og skrifter og innverknaden frå henne i det kristelege livet på Sunnmøre*. Oslo: UIO. (Hovudfagsoppgåve-cand. Philol).
- Valen-Sendstad, A. (1979). *Kristen dogmatikk*. Oslo: Luther forlag.
- Wisløff, C. F. (1983). *Martin Luthers teologi*. Oslo: Lunde forlag.
- Aadland, E. (2009). *Kan institusjoner elske?* Oslo: Akribe.
- Aarflot, A. (1967). *Norsk kirkehistorie*. Oslo: Lutherstiftelsen.
- Aarflot, B. K. (1874). *Smuler til Næring for Livet i Gud : en Samling af Berthe Canutte Aarflots Skrifter*. Bergen: Beyer.
- Aarflot, B. K. (1978). *En gudelskende Siels opbyggelige Sange; Selvbiografi*. (1. utg. Egset: R. Aarflot, 1820). Volda: I kommisjon: Ørsta kr. Bokhandel, R. Ørstavik og V. Aarflot.

## Internettkjelder

Fet, J (1999-2005). Berte Canutte Aarflot. I: A. M. Godal (red.). *Norsk biografisk leksikon*.

SNL AS. Henta 21. mai 2013 frå:

[http://snl.no/.nbl\\_biografi/Berte\\_Canutte\\_Aarflot/utdypning](http://snl.no/.nbl_biografi/Berte_Canutte_Aarflot/utdypning)

Fjæreide, K. H. (2012). *Berte Kanutte Siversdatter Aarflot - omsorg for sjelen*. Oslo: Det teologiske menighetsfakultet. (Spesialavhandling i teologi). Henta 5. februar 2015 frå:

<http://hdl.handle.net/11250/161312>

Redse, A. (2011). Forkynninga av rettferdiggjering ved tru i ein postmoderne verden. I: Jens Bruun Kofoed (red.). *Scandinavian Evangelical e-Journal*. VOL 2. Henta 25. april

2015 frå: [www.see-j.net/index.php/SEE-J/article/download/123/109](http://www.see-j.net/index.php/SEE-J/article/download/123/109)

Sulebust, Jarle (2009). Sivert Aarflot. I: P. Sæther (red.). *Årbok for 2009*. Sunnmøre

historielag. Henta 2. februar 2015 frå: <http://www.sunnmøre-historielag.no/?p=937>